



INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

ÅRSMELDING & REKNESKAP  
**2012**



# INNHALD

3	Året 2012
4	Eigarstyring og selskapsleiing
7	Styret si årsmelding 2012
20	Temasider
26	Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2012
28	Resultat og balanserekneskap
31	Eigenkapitaloppstilling
34	Kontantstraumanalyse
36	Rekneskapsprinsipp
44	Notar
90	Revisjonsmelding for 2012
93	Årsmelding frå kontrollkomiteen 2012
95	Forholdstal
97	Tillitsvalde i Indre Sogn Sparebank

# ÅRET 2012

Nasjonalt var det eit normalår i norsk økonomi. Finanskrisa skapar framleis store problem ute i Europa, men det var ingen store overraskingar i 2012.

**Av viktige hendingar i 2012 kan nemnast:**

- Banken feira 40-årsjubileum som ein sterk og levedyktig bank.
- Trass i hard konkurranse auka banken forretningsvolumet sitt.
- Banken auka netto provisjonsinntektene og betra den underliggande drifta si.
- Avvikling av filialen i Borgund.
- Banken fekk nye lokale i Bergen sentrum og utvida verksemda si.
- Banken starta arbeidet med ein ny strategisk plan i 2012.
- Det skjer store strukturendringar i næringa. Fire bankar i Terra-alliansen vedtok fusjonering i 2012.

I 2012 bokførde banken òg låge tap trass i at finanskrisa framleis har eit sterkt grep internasjonalt. Av styret si årsmelding og rekneskap går det fram at 2012 har vore eit aktivt år med mange utfordringar.

Dei store utfordringane i 2013 vert å oppretthalde akseptable marginar, halde kostnadene nede, auka forretningsvolumet og syte for at banken har ei solid finansstyring.

Eg ser fram til eit godt arbeidsår i 2013.



Egon M. Moen  
Adm. banksjef

# EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

## EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

### **Generelt**

Styret skal sjå til at Indre Sogn Sparebank har god eigarstyring og selskapsleiing. Styret skal i årsmeldinga gi ei samla utgreiing for banken si eigarstyring og selskapsleiing. Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.

Styret har utarbeidd ein klar og tydeleg utbyttepolitikk som grunnlag for dei utbytteforslaga som vert fremja for forstandarskapet. Utbyttepolitikken er gjort kjent gjennom årsmeldinga og banken sine kvartalsrapportar til marknaden og Oslo Børs.

Styrefullmakt til å foreta kapitalhøgding skal avgrensast til definerte føremål. Styrefullmakta bør ikkje gjevast for eit tidsrom lenger enn fram til neste ordinære møte i forstandarskapet. Tilsvarande gjeld styrefullmakter til kjøp av egne eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalsbevisa til banken er sett i ein klasse og skal vera fritt omsettelege.

Dersom fortrinnsretten til eksisterande eigenkapitalbevis eigarar vert fråviken ved kapitalhøgdingar, skal det grunnleggjast.

Banken skal ha retningslinjer som sikrar at styremedlemer og leiarar tilsette melder frå til styret dersom dei direkte eller indirekte har ei vesentleg interesse i ein avtale som vert inngått av banken.

Styret skal klargjera banken sitt verdigrunnlag og har i samsvar med dette utforma etiske retningslinjer for etikk og samfunnsansvar.

### **Forstandarskapet**

Forstandarskapet er øvste organ i Indre Sogn Sparebank. Forstandarskapet har tolv medlemmer og åtte varamedlemer. Forstandarskapet er sett saman av fire grupper representantar.  $\frac{1}{4}$  av representantane er valde av innskytarane,  $\frac{1}{4}$  av representantane er valde av kommunane,  $\frac{1}{4}$  av representantane er valde av dei tilsette og  $\frac{1}{4}$  av representantane er valde av eigenkapitalbevis eigarane.

Det er forstandarskapet som fastset banken sine vedtekter, vel styremedlemer, vedtek årsrekneskapan og disponerer årsresultatet.

Banken sender innkalling til rekneskaps- og valmøte til medlemene/varamedlemene i

forstandarskapet seinast ei veke før møtet skal haldast. Styremedlemene, kontrollkomiteen og revisor vert òg innkalla til møta.

Valkomiteen er vedtaksfesta i § 6-1 i banken sine vedtekter og har fire medlemmer og fire varamedlemer med eit medlem frå kvar av gruppene som er representerte i forstandarskapet.

Valkomiteen kjem med grunnleggjande framlegg på val av medlemmer og varamedlemer til innskytarvalde forstandarar, styremedlemer, kontrollkomité og valkomité. Indre Sogn Sparebank informerer i årsmeldinga kven som er medlemmer av dei ulike organa.

Kopi av innkallingane til rekneskaps og valmøte vert sende Finanstilsynet og Oslo Børs til orientering. Begge møta vert haldne same dag. Alle sakspapir vert sende ut med innkallinga. Møta vert leia av leiar i forstandarskapet, med ein tilsett frå banken i møtesekretariatet. Underskriven møteprotokoll vert oppbevarte i eigen protokoll og kopi vert sendt Finanstilsynet og Oslo Børs.

### **Styret**

Styret i banken er samansett av fem medlemmer og fem varamedlemer, der eitt medlem og eitt varamedlem er valde mellom dei tilsette. Styret vert vald av forstandarskapet etter forslag frå valkomiteen.

Minst eitt medlem skal vera busett i Lærdal kommune og eitt medlem i Årdal kommune. Den daglege leiinga er ikkje valt medlem av styret.

Styremedlemene og leiar/nestleiar vert valde for to år på valmøtet i forstandarskapet. Styremedlemene vert av banken oppfordra til å eige eigenkapitalbevis i banken. Styret utarbeider ein møteplan og finansiell kalender. Styret skal ha ei strategidrøfting knytt til mål, strategiar og gjennomføring minst ein gong i året.

Banken har utarbeida eigen styreinstruks. Adm. banksjef har instruks godkjend av styret og forstandarskapet. Styret ser til at banken har god intern kontroll i samsvar med dei føresetnader som gjeld for verksemda, herunder banken sitt verdigrunnlag og etiske retningslinjer.

Styret skal årleg ta ein gjennomgang av banken sine viktigaste område og interne kontroll.

Styret informerer i årsmeldinga om korleis internkontrollen er organisert. Styret har vald nestleiar som fungerer når styreleiar ikkje kan eller bør leia styret sitt arbeid.

På desembermøtet kvart år skal styret i eiga sak vurdere arbeidet sitt og kompetansen sin. Godtgjersle til styremedlemene skal fremjast av styret og godkjennast av forstandarskapet. Styregodtgjersle vert elles vurdert mot styregodtgjersle hjå børsnoterte selskap, og justert etter dette. Styremedlemar, eller selskap som dei er knytte til, skal som hovudregel ikkje ta på seg særskilte oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom dei likevel gjer det, skal heile styret vera informert. Honorar for slike oppgåver skal godkjennast av styret.

Det vert i årsmeldinga informert om alle godtgjersler til styremedlemene. Dersom det har vore gjeve godtgjersle utover vanleg styrehonorar, skal det spesifiserast.

Retningslinjer for godtgjersle til adm. banksjef skal fastsetast i avtale mellom partane og godkjennast av forstandarskapet. Anna godtgjersle til leiande personale er fastsett i avtale mellom tilsette og leiing. Styret skal informerast om honoreringsprinsipp for leiande personale.

Fastsetting av godtgjersle til adm. banksjef skal gjerast av det samla styret.

Samla godtgjersle for adm. banksjef og andre leiande tilsette skal gå fram av årsmeldinga.

#### **Likebehandling, finansiell informasjon**

Styret skal fastsette retningslinjer for rapportering av finansiell og annan informasjon basert på openheit og under omsyn til kravet om likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden.

Banken skal årleg publisere oversikt over datoar for viktige hendingar som forstandarskapsmøte, publisering av delårsrapportar, opne presentasjonar og utbetaling av eventuelt utbytte m.m.

Informasjon til banken sine egenkapitalbevisegarar vert lagt ut på banken si heimeside på internett.

Det er vedteke eigne retningslinjer for tilsette og tillitsvalde i banken som handlar med egenkapitalbevis. Alle som skal kjøpe eller selje egenkapitalbevis må søke om klarering frå adm. banksjef, for å sikre likebehandling av alle eigarar av egenkapitalbevis. Ingen kan kjøpe eller selje egenkapitalbevis dersom dei sit med kurs sensitiv informasjon.

#### **Revisor**

Revisor skal årleg leggje fram for styret og revisjonsutvalet hovudtrekka i ein plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet.

Revisor deltek i styremøte som handsamar årsrekneskapen. I møta skal revisor gå gjennom eventuelle vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa i banken. Dessutan skal revisor vurdere vesentlege rekneskapsestimat og alle vesentlege forhold der det har vore usemje mellom revisor og administrasjonen. Revisor skal minst ein gong i året gå gjennom internkontrollen i banken med styret og revisjonsutvalet, identifisere svakheiter og kome med forslag til forbetringar.

Styreleiar og revisor skal ha minst eitt møte i året utan at adm. banksjef eller andre frå den daglege leiinga er til stades. Styret skal godkjenne bruk av revisor til andre tenester enn revisjon utover det som kjem fram i den årlege revisjonsplanen. Revisjonsplanen vert lagt fram for styret, og der kjem det fram kva som er revisjonsarbeid og kva som er anna arbeid.

I ordinært rekneskapsmøte i forstandarskapet skal styret orientere om godtgjersla til revisor, fordelt på revisjon og andre tenester.

#### **Kontrollkomité**

Banken har eigen kontrollkomité. Medlemene vert valde av forstandarskapet. Kontrollkomiteen skal føre tilsyn med verksemda i samsvar med §13 i sparebanklova og instruks fastsett av forstandarskapet.

#### **Revisjonsutval**

Banken har etablert eige revisjonsutval. Det samla styret utgjer revisjonsutvalet.

Oppgåvene til revisjonsutvalet er å førebu styret si oppfølging av rekneskapsrapporteringsprosessen og overvaka systema for intern kontroll og risikostyring. I tillegg skal utvalet sjå til banken sin internrevisjon og om slik funksjon er etablert. Revisjonsutvalet skal ha løpande kontakt med banken sin valde revisor om revisjon av årsrekneskapen og vurdere og overvake revisor si uavhengigheit, jf revisorlova kapittel 4. Utvalet skal òg vurdere i kva grad andre tenester enn revisjon som er levert av revisor eller revisjonsselskapet utgjer ein trussel mot uavhengigheita til revisor.

# STYRET SI ÅRSMELDING 2012



# 1. BANKEN OG VERKSEMDA

## Historikk

Lærdal Sparebank, skipa i 1860, Årdal Sparebank, skipa i 1906, og Borgund Sparebank skipa i 1915, vart samde om å fusjonera i 1971. Som ei følgje av dette, vart Indre Sogn Sparebank etablert i 1972.

Indre Sogn Sparebank etablerte seg med kontor i Sogndal kommune i 1996. Banken opna kontor i Bergen den 1. oktober 2007.

Filialen i Borgund vart nedlagd 1. april 2012. Banken har samstundes gjort avtale om «bank i butikk» i samarbeid med den lokale Joker-butikken på Borgund.

Indre Sogn Sparebank er i dag den største finansielle aktøren i Indre Sogn. Indre Sogn Sparebank driv i dag verksemda si på Årdalstangen, Øvre Årdal, Lærdal, Sogndal og Bergen.

Kommunane i Indre Sogn er banken sitt primærområde og viktigaste marknadsområde. I Bergen yter banken hovudsakleg lån til personkundemarknaden.

Banken har kjerneområdet sitt i personkundemarknaden men skal òg vere ein bank for små og mellomstore bedrifter og offentleg sektor i Indre Sogn. Banken har mange personkunder utanfor primærområdet. Desse kundane er viktige for vekst og utvikling av banken. Dei aller fleste av låna til personkundane i banken har pant i bustadar.

I tillegg til utlån på eiga bok, har banken ytt 357 lån til personkunder gjennom Terra Boligkreditt AS, TBK, til finansiering av bustadar på til saman NOK 492,438 mill., ein auke på NOK 129,043 mill. i høve til same periode i fjor.

Over 81 % av utlåna gitt på eiga bok og via Terra Boligkreditt AS er no til personkunder.

## Visjon

Indre Sogn Sparebank – ekte lokalbank med kunden i sentrum.

## Forretningsidé

Personkundane er hovudmarknaden til Indre Sogn Sparebank. Andre viktige marknadsområde er:

- små og mellomstore bedrifter
- kommunar/anna offentleg verksemd

Indre Sogn Sparebank vil ta vare på kundane gjennom service, kundenærleik, god marknads-kunnskap, dyktige tilsette, konkurransedyktige vilkår og ved gjensidig tillit.

Som eit middel for å nå visjonen og forretningsmessige mål, skal Indre Sogn Sparebank framstå som ein attraktiv og utfordrande arbeidsplass for tilsette og tillitsvalde.

## Forretningsmessige mål og strategiar

### Kapitaldekning

Indre Sogn Sparebank skal ha ei kapitaldekning på minst 15,5 % per 31.12.2012. Den reine kjernekapitalen skal vere minst 11 % per 31.12.

### Eigenkapitalrentabilitet

Indre Sogn Sparebank sin eigenkapitalrentabilitet før skatt bør minst vera 5 % over risikofri rente.

### Kostnader

Det er eit mål at kostnadene i Indre Sogn Sparebank, målt opp mot inntekter, ikkje skal vera høgare enn 60 % i 2013.

### Personalpolitikk

Personalpolitikken for Indre Sogn Sparebank sine medarbeidarar skal føre til ei effektiv organisering, trivsel, kompetanseheving og salsorientering.

### Utbyttepolitikk

Resultatet i Indre Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapitalbeviskapitalen.

Banken nyttar inngående balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utbytte-reguleringsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Indre Sogn Sparebank har som mål at 50 % av resultatet etter eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som utbytte, resten vert tillagt utbytte-reguleringsfondet. Omlag 50 % av resultatet etter kapitalfondbrøken vert overført til gåvefondet, der midlane blir overført til ei samfunnsnyttig stifting for utbetaling.

I vurderinga av utdeling av årsoverskotet til utbytte og gåver, vil det bli lagt vekt på at

eigenkapitalbevisegarane sin del av samla eigenkapital, eigarbrøken, bør haldast stabil.

## Samarbeid

Indre Sogn Sparebank ynskjer å vera ein lokal styrt bank. Som ein reiskap i dette arbeidet, ynskjer banken å vidareutvikla medlemskapen i Terra-Gruppen AS. I tillegg vil banken utvide samarbeidet med dei sjølvstendige sparebankane i distriktet.

## Verksemda

Verksemda til Indre Sogn Sparebank er særmerkt av å vera ein lokalbank for kommunane i Indre Sogn. Nærleik til kunden, rask sakshandsaming, effektive avgjerder og god lokalkunnskap kjenneteiknar banken. Saman med fagleg kompetanse skal dette gjera verksemda effektiv, konkurransedyktig og fleksibel.

Indre Sogn Sparebank er forvaltar av midlane til kundane i banken og skal vere ein ærleg, solid og truverdig samarbeidspartnar overfor kunder og andre forretningsamband. Som bank er me avhengig av tillit frå omverda. Kunder, offentlege styresmakter og andre finansinstitusjonar må til alle tider ha tillit til banken sin profesjonalitet og integritet. Det inneber eit krav om at den einskilde tilsette og tillitsvalde har ei plikt til å opptre og handle etisk forsvarleg.

## Terra-Gruppen AS

Indre Sogn Sparebank var ein av initiativ-takarane til Terra-Gruppen AS, som er eigd av 77 norske sparebankar. Deltakinga i dette samarbeidet styrkar banken si konkurransekraft og føresetnader for å lukkast som lokalbank gjennom auka produktbreidde, innkjøpsstyrke, marknadspåverknad og kompetanse. Bankalliansen Terra-Gruppen AS er ei av Noregs største finansgrupperingar, med ein samla forvaltningskapital på om lag 270 milliardar kroner. Selskapet har i 2012 vedteke å endra namnet til Eika. Namneskiftet vil bli gjennomført i 1. kvartal 2013.

Indre Sogn Sparebank er ein av ei dei største eigarane i Terra-Gruppen AS. Banken har valt å ha eigarinteresser i selskapet for å styrke posisjonen sin i lokalmarknaden. Terra-Gruppen AS sikrar banken finansielle produkt i lokalmarknaden.

Måla til Terra-Gruppen AS er å ivareta interessene til Terrabankane på område der den

einskilde banken ville hatt vanskar med å gjere det like godt åleine. Sidan etableringa i 1997 har Terra-Gruppen AS vakse gjennom etableringar, organisk vekst og oppkjøp.

Terra og sparebankane gir eit viktig mangfald i finansnæringa, med lokal verdiskaping og nærleik til kundane. Lokalbankane som er tilslutta Terra-Gruppen AS har samla omlag 750.000 kunder og ei sterk lokal forankring. Både i personmarknaden og i næringslivs-marknaden har Terra-bankane dei mest tilfredse og lojale kundane i Noreg. Terra-bankane har til saman ein stor distribusjonskapasitet med 190 bankkontor i 105 kommunar.

Terra-Gruppen AS styrkar lokalbankane gjennom leveransar, kostnadseffektive tenester og konkurransedyktige produkt og tenester som dekker banken og kundane sine behov. Terra Forsikring er Noregs femte største forsikrings-selskap og leverer eit breitt spekter av skade- og personforsikringsprodukt gjennom bankane. Terra Finans- og Kredittbank produserer kort- og salspantprodukt som debet- og kredittkort, leasing og salspantlån. Terra Forvaltning leverer fondsprodukt for personkunder og bankane. Terra Aktiv Eiendomsmeistring er landsdekkande med meklarkjedene Terra Eiendomsmeistring og Aktiv Eiendomsmeistring. I 2012 vart det vedteke å slå saman desse kjedene under namnet Aktiv Eiendomsmeistring.

I 2012 vart Terra Boligkreditt AS skilt ut frå Terra-Gruppen AS slik at selskapet i dag er direkte eigd av aksjonærene i Terra-Gruppen AS. Selskapet har ein forvaltningskapital på omlag 50 milliardar kroner. Gjennom tilgang til den internasjonale marknaden for obligasjonar med fortrinnsrett, OMF, er Terra Boligkreditt AS ei viktig fundingkjelde for lokalbankane sine utlån til bustadføremaal.

Der kvar einskildbank sjølv blir for liten, syter dotterselskapet til Terra-Gruppen AS, Terra-alliansen, for at lokalbankane får tilgang til gode fellesskapsløysingar. Det er i hovudsak løysingar innan it og infrastruktur, betalingsformidling, kompetanseutvikling gjennom Terra-skolen, styring og kontroll gjennom Terra ViS og økonomi- og rekneskaps-tenester gjennom Terra Økonomiservice. Med eit profesjonalisert prosjekt og utviklingsmiljø i selskapet leverer Terra-alliansen òg ei lang rekke digitale løysingar. Det gjeld kundeløysingar på nett og mobil og integrerte løysingar

som effektiviserer kunde- og sakshandsamarsystema i bankane.

Utover desse fellestene arbeider Terra-Gruppen AS for lokalbankane innanfor område som kommunikasjon, marknad, merkevare og næringspolitikk. Terra-Gruppen AS si oppgave er å i vareta dei næringspolitiske interessene til bankane gjennom dialog med tilsyns- og styresmakter.

Indre Sogn Sparebank gjer seg nytte av mange produkt og tenester som Terra-Gruppen AS og deira selskap leverer. Styret ser samarbeidet som sær viktig for utviklinga til Indre Sogn Sparebank. Ei vidare tilknytning til Terra-Gruppen AS, er etter styret si meining, eit viktig strategisk val.

### Betalingsformidling

Utviklinga i ekspedisjonsnett til banken har vore stor dei siste åra. Fleire kundar tek i bruk moderne it-teknologi som nettbank, bedrifts-terminalar og bedriftsnettbank. Nettbanken har vakse i fleire år og hadde i 2012 ein ytterlegare vekst i brukaravtalar. Desse automatiske tenestene tek over ein større del av betalingsformidlinga. Manuelle tenester går kraftig ned. Som ei følgje av dette har banken lagt ned filialen på Borgund. Talet på tilsette i skranke-tenestene har òg gått ned siste åra, og styret trur at kontanthandtering og tradisjonelle skranke-tenester på sikt vil bli avvikla i banken.

## 2. HOVUDTAL FOR INDRE SOGN SPAREBANK

(i 1.000 kr)

	2012	2011	2010	2009	2008
Forvaltningskapital	3 334 980	3 313 402	3 174 073	3 128 052	3 128 754
Inntekter	90 384	60 220	58 935	66 919	58 088
Kostnader	47 879	46 760	43 116	43 778	45 760
Tap på utlån	5 056	3 389	4 394	15 390	11 445
Resultat etter skatt	31 266	8 689	10 328	3 074	-2 802
Brutto utlån	2 848 279	2 802 896	2 756 859	2 462 312	2 524 054
Terra Boligkreditt AS	492 438	363 395	316 000	312 000	227 000
Innskott frå kundar	2 071 471	1 969 222	1 846 285	1 686 669	1 733 305
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	3 364 597	3 369 231	3 159 477	3 128 320	2 915 259
Rentenetto	55 118	46 961	41 578	46 655	53 902
Kostnadseffektivitet	53,47 %	75,10 %	75,33 %	73,11 %	68,56 %
Eigenkapitalavkastning	13,92 %	4,08 %	5,37 %	1,66 %	-1,51 %
Kapitaldekning	17,50 %	16,98 %	16,56 %	17,76 %	15,49 %
Utbyte på eigenkapitalbevis i kr.	3,25	2,00	2,80	0,85	0,00
Kurs på eigenkapitalbevis pr. 31.12. i kr.	47,90	41,00	61,00	71,50	70,00

## 3. PERSONALE OG ARBEIDSMILJØ

### Personale

Per 31.12.2012 hadde Indre Sogn Sparebank 42 fast tilsette. Banken hadde ved årsskiftet 36,75 årsverk, ein reduksjon på 1,5 årsverk i løpet av året.

Banken tilsette ein person i fast stilling i 2012 og tok inn ein vikar i samband med svangerskapspermisjonar.

I tillegg har banken tilsett ein lærling i kontor og administrasjon.

Dei totale personalkostnadene i 2012 var NOK 22,711 mill. eller NOK 0,284 mill. lågare enn i 2011.

Banken har lukka den yttingsbaserte kollektive pensjonsordninga i 2012, og har etablert ein ny innskotsbasert pensjonsordning for dei tilsette gjennom Nordea Liv. Yrkesskadeforsikring og reise- og gruppelev-forsikring er dekkja gjennom Tryg.

### Forskings- og utviklingsaktivitetar

Banken har ikkje hatt forskingsaktivitetar i 2012 og har heller ikkje planar om dette i 2013. Banken har løpande opplæring og program for utvikling av organisasjon og tilsette. I løpet av året vert organisasjonen utvikla gjennom interne kurs og møte, og dessutan gjennom eksterne kurs og møte gjennom Spama, Sparebankforeninga, Terra-Gruppen AS og høgskular. Banken har autorisert ni finansielle rådgivarar og tjuerein autoriserte forsikringsrådgivarar.

### Helse, miljø og tryggleik

Banken har etablert bedriftshelseteneste for dei tilsette gjennom medlemskap i Sogn Bedriftshelseteneste. For avdelinga i Bergen har banken avtale med Arsana AS om bedriftshelseteneste. Styret vurderer arbeidsmiljøet i banken som godt. Arbeidet går i regi av arbeidsmiljøutvalet (AMU). Det er etablert eit internkontrollsystem for helse, miljø og tryggleik (HMT).

Tabell nr. 1: Sjukefråværet i Indre Sogn Sparebank. Fråvær i prosent.

2012	2011	2010	2009	2008
3,20 %	2,62 %	3,43 %	8,00 %	4,72 %

Indre Sogn Sparebank hadde eit sjukefråvær på 3,20 % i 2012, ein liten auke i høve til 2011 men innanfor banken sine mål som tilseier eit sjukefråvær under 4 %. Sjukefråværet er mellom dei lågaste bankane har hatt dei siste åra.

Banken har slutta seg til ordninga inkluderande arbeidsliv (IA). Banken si målsetjing med IA-avtalen er å redusere og førebygge sjukefråværet og legge til rette for å få eigne medarbeidarar tilbake i arbeid. Banken følgjer opp sjukefråværet mellom anna ved å legge til rette arbeidet for personar som har redusert arbeidsytting i periodar. Banken har òg i samarbeid med primærhelsetenesta lagt til rette den fysiske arbeidssituasjonen for tilsette med særskilde behov.

Indre Sogn Sparebank har eit eige arbeidsmiljøutval (AMU), og deltek i opplæring og møte i regi av Sogn Bedriftshelseteneste. Banken sine tryggleiksrutinar vert vurderte som gode. HMT-arbeidet vert drive etter gjeldande lover og reglar. For å styrke personalarbeidet er det tilsett ein personalansvarleg i halv stiling.

Etter styret si vurdering forureinar ikkje verksemda til banken det ytre miljøet.

### Likestilling

Indre Sogn Sparebank har ikkje utvikla ein eigen likestillingsplan. I styret er 40 % av medlemene kvinner, noko som er innafor dei måla som sett av offentlege styresmakter. I tillegg er styreleiaren kvinne.

Av medlemene i leiargruppa er 50 % kvinner. Banken har òg 50 % kvinnelege mellomleiarar. Med denne fordelinga meiner styret at dei har nådd målet sitt om likevekt mellom menn og kvinner i leiande stillingar i banken.

Styret har òg eit mål om likevekt når det gjeld fordelinga av menn og kvinner i andre stillingar i banken. I dag er det ei overvekt av kvinner i desse stillingane.

## 4. REKNESKAPEN FOR 2012

Årsrekneskapen er lagt fram under føresetnad av framleis drift. Styret kjenner ikkje til at det er vesentleg usikkerheit knytt til årsrekneskapen og kjenner heller ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på vurderinga av banken sitt rekneskap. Det har ikkje skjedd tilhøve etter slutten av rekneskapsåret som har verknad på vurdering av rekneskapen.

### Resultat

Året 2012 var driftsmessig eit godt år for Indre Sogn Sparebank. Grunnen til dette var mindre tap på utlån og auka rentenetto. Rentenettoen styrka seg mykje i 2012 i høve til 2011. Dette trass i dyre innlånskostnader og hard konkurranse, særleg i personmarknaden. Netto renteinntekter auka med NOK 8,157 mill. Rentenettoen vart 1,64 % per 31.12.2012, ein auke med 0,25 prosentpoeng i høve til same periode i fjor.

Banken fekk eit resultat etter skatt på NOK 31,266 mill. Det var NOK 23,824 mill. betre enn i 2011. Bankens totalresultat etter skatt vart NOK 17,772 mill. som var NOK 9,083 mill. betre enn i fjor. Auka totalresultat i 2012 skuldast mellom anna effekten av sal av aksjar i Terra Boligkreditt AS og auka rentenetto.

Banken hadde netto andre driftsinntekter på NOK 35,266 mill i 2012 mot NOK 13,259 mill. i 2011. Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.12.2012 var NOK 36,61 mill. mot NOK 12,12 mill. pr. 31.12.2011.

Styret forventar at 2013 òg vil bli eit godt år for banken sjølv om den internasjonale finanskrise enno ikkje er over.

### Tabell nr. 2: Overskot i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Totaloverskot i mill. kr. Utvikling 2008–2012.

2012	2011	2010	2009	2008
17 772	8 689	10 328	3 073	-2 802
0,53 %	0,29 %	0,33 %	0,10 %	-0,10 %

### Netto rente- og provisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter var NOK 55,118 mill. mot NOK 46,961 mill. i 2011. Rente- og kredittprovisjonane gjekk mykje opp i

2012. Den viktigaste årsaka til dette er at banken risikoprisa meir og tok ut større marginar.

Innlånsrenta gjekk òg ein del ned i 2012. I tillegg auka volumet noko. Styret har tru på at rentenettoen i kroner vil gå opp ytterlegare i 2013.

Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital var ved årsskiftet 1,64 %, ein auke på 0,25 prosentpoeng i høve til 31.12.2011. Utviklinga per 3. kvartal 2012 synte at gjennomsnittleg rentenetto for norske bankar var noko redusert i høve til tilvarande periode i 2011.

Netto provisjonsinntekter var NOK 12,587 mill. i 2012, ein auke på NOK 0,370 mill. Den viktigaste grunnen til at provisjonsinntektene auka i 2012, var auka inntekter frå Terra Boligkreditt AS. Styret forventar ny vekst i provisjonsinntektene i 2013.

### Driftskostnader

Driftskostnadene vart NOK 47,879 mill. mot NOK 46,760 mill. i fjor. Auken i driftskostnadene kan i hovudsakeleg relaterast til andre driftskostnader ved bankdrifta. Kostnadsprosenten per 31.12.2012 er 53,47 %. Den store reduksjonen samanlikna med i fjor skuldast hovudsakleg overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS og auka inntekter mellom anna rentenettoen. Styret sitt langsiktige mål er ein stabil kostnadsprosent på 60 %. For å oppnå dette, har styret vedteke eit inntekts- og kostnadsprogram som skal gje resultatforbetring på sikt. Styret vil peike på at banken ser resultat av dette programmet òg i 2012. Arbeidet med å effektivisere organisasjonen vil halde fram i 2013.

### Tap

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjer frå Finanstilsynet. Handtering av tap kjem fram i kapitlet om rekneskapsprinsipp.

Etter styret si vurdering er det etablert gode rutinar for oppfølging av tapsutsette engasjement.

Tapa i 2012 vart NOK 5,056 mill. mot NOK 3,389 mill. i 2012. Individuelle nedskrivingar og gruppenedskrivingar var totalt NOK 20,851 mill., ein auke på NOK 2,347 mill.

### Tabell nr. 3: Tap i perioden 2008–2012. Mill. kr.

2012	2011	2010	2009	2008
5 056	3 389	4 394	15 390	11 445

### Balansen

#### Forvaltningskapital

Ved utgangen av 2012 var forvaltningskapitalen NOK 3.334,980 mill. mot NOK 3.313,402 mill. i 2011. Forvaltningskapitalen til banken har gått opp med NOK 21,578 mill. eller 0,65 %. Vert det teke omsyn til at banken har gitt lån gjennom Terra Boligkreditt AS på til saman NOK 492,438 mill. er forvaltningskapitalen per 31.12.2012 NOK 3.827,418 mill.

### Tabell nr. 4: Forvaltningskapitalen 2008–2012. Mill. kr.

2012	2011	2010	2009	2008
3 335,0	3 313,4	3 277,6	3 128,0	3 128,8

### Innskot

Innskot frå kundar auka frå NOK 1.969,222 mill. i 2011 til NOK 2.071,471 mill. i 2012. Dette er ein vekst på NOK 102,249 mill. eller 5,19 % i 2012, mot ein vekst på 6,65 % i 2011. Innskota frå personkundane auka med NOK 78,433 mill. og innskota frå næringslivet auka med NOK 23,816 mill. Innskotsdekninga per 31.12.2012 er 72,73 %.

### Utlån

Ved utgangen av året var brutto utlån til kundar NOK 2.848,279 mill. mot NOK 2.802,896 mill. ved siste årsskifte. Det er ein vekst på 1,62 %, mot ein vekst på

3,23 % i 2011. Utlån til personkunder er redusert med NOK 28,393 mill. medan utlån til næringslivet har auka med NOK 73,776 mill. I tillegg yter banken NOK 492,438 mill. i lån til banken sine personkunder via Terra Boligkreditt AS. I 2012 er det ein auke i porteføljen på NOK 129,043 mill. Sett i samanheng med Terra Boligkreditt AS, hadde banken totalt ein auke i utlåna på NOK 174,426 mill. eller 5,51 % i 2012 mot NOK 99,128 mill. eller 3,23 % i 2011.

Styret har lagt stor vekt på å kvalitets sikre utlåna i banken. Kvart næringslivsengasjement er vurdert etter økonomisk styrke, dekning av trygd og framtidslivsengasjementa er risikoklassifiserte. Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderinga. Utlånsvolumet er delt inn i fem kategoriar frå A til E. Lån, kredittar og garantiar klassifiserte som A og B er utlån med svært låg risiko, medan utlån som er klassifiserte som D og E er utlån med svært høg risiko.

### Banken sine verdipapir

Verdien på banken sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet var ved årsskiftet NOK 206,541 mill. Verdipapir tilgjengeleg for sal var NOK 80,688 mill. Dei same postane i 2011 var NOK 206,282 mill. og NOK 69,592 mill. Banken hadde vinst på finansielle instrument på NOK 0,841 mill. i 2012, mot eit tap på NOK 2,045 mill. i 2011. Tek ein omsyn til utbetalt utbytte, hadde banken svært store vinstar på verdipapirinvesteringane sine i 2012. Oslo Børs gjekk opp med 15 % i 2012.

## 5. EIGENKAPITALBEVIS

Banken har skrive ut 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,00.

Eigenkapitalbeviset er eigenkapitalinstrumentet til sparebankvesenet. Utviklinga over tid syner at eigenkapitalbeviset har gjeve betre avkastning enn aksjeindeksane på børsen.

Eigenkapitalbevismarknaden er liten og likviditeten har ofte vore dårleg.

Eigenkapitalbevisa i Indre Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs per 31.12.2012 var NOK 47,90 per eigenkapitalbevis mot NOK 41,00 per 31.12.2011.



Det vart for 2011 betalt ut NOK 2,00 per eigenkapitalbevis i utbyte.

Eigenkapitalbevisegarane eig ved årsskiftet 34,56 % av banken sin eigenkapital. Det utgjer NOK 80,205 mill. eller kr. 126,81 per eigenkapitalbevis.

I 2012 får banken eit særst godt ordinært resultat. For å oppretthalde eigarandelbrøken og

for å auke den reine kjernekapitalen, vil meir enn 50 % av eigenkapitalbevisegarane sin del av overskot bli halde tilbake i banken.

I samsvar med utbytepolitikken i banken har styret for 2012 gjort framlegg om eit utbyte på NOK 3,25 for kvart eigenkapitalbevis. NOK 13,83 per eigenkapitalbevis blir tilført utbytereuleringsfondet.

**Fig. 1 Kursutvikling - eigenkapitalbevis - 2012**



## 6. RISIKOEKSPONERING OG INTERNKONTROLL

### **Prinsipp**

Drifta av banken er bunden av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kreditt- risiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg ein operasjonell risiko.

Styret har fastsett rammer for risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Styret har fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risiko- områda og det er vedteke ein eigen finans- strategi. Det er òg utvikla eit eige intern- kontrollsystem for den totale bankverksemda. Styret har òg fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa.

Indre Sogn Sparebank har dei siste åra hatt god balanse i utlåns- og innskotsveksten.

Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva dette kan bety for kapital- dekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vere meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffe tiltak dersom kapital- dekninga og likviditeten kjem under desse måla.

### **Kredittrisiko**

Kredittrisikoen vert overvaka ved misleg- haldsrapportering, risikoklassifisering og bransjeanalysar.

Ein stor del av utlåna i banken er løyvd mot pant i bustad.

På bakgrunn av auke i bustadprisane og høg sysselsetting i distriktet, vurderer styret utlåna som godt sikra. I primærområdet for banken har bustadprisane gått litt ned i Årdal, er uendra i Lærdal og har auka i Sogndal i 2012.

Indre Sogn Sparebank har per 31.12.2012 ein portefølje på NOK 492,438 mill. i Terra Boligkreditt AS. Banken har stilt ein saks- og tapsgaranti på NOK 65,282 mill. i samband med denne porteføljen. Alle låna er innafor 60 % av takst eller omsetningsverdi og styret vurderer kredittrisikoen med låna i Terra Boligkreditt AS som liten.

Utlån til næringsverksemd fører til større kredittrisiko enn utlån mot pant i bustad. Indre Sogn Sparebank har få store næringslivs- engasjement og alle er spreidde på fleire bransjar. Medarbeidarane i banken har god lokalkunnskap om næringslivsengasjement, og det er fastsett interne rutinar for sakshand- saming, oppfølging og tapsvurdering av engasjementa. Næringslivsengasjementa vert systematisk risikoklassifiserte. Banken har tre konsoliderte engasjement over 10 % av ansvarleg kapital i banken mot seks i 2011.

I 2012 auka utlåna til næringslivet med NOK 73,776 mill. Individuelle nedskrivningar og gruppenedskrivningar var totalt NOK 20,851 mill., ein auke på NOK 2,347 mill.

Sum avsetjingar utgjer 0,73 % av brutto utlån i 2012 mot 0,66 % i 2011. Sett ut frå utlånsveksten i 2011, vurderer styret desse avsetjingane som store nok til å dekke kredittrisiko i banken.

Gjennomgangen syner at næringslivsporte- føljen til banken er sunn. Styret vurderer det slik at kredittrisikoen i næringslivsporteføljen vil vere uendra i tida framover.

Sjølv om styret meiner at kvaliteten på utlånsmassen i dag er god, trur styret det ikkje vil vere urealistisk å rekne med eit tap i storleiken 0,2 % til 0,4 % på utlån i tida framover. Sjølv om det er betringar nasjonalt, er me internasjonalt inne i ei krevjande tid som truleg vil føre til arbeidsløyse og nedlegging eller konkursar i næringslivet. Styret trur likevel at misleghaldet og tapa i 2013 vil bli om lag like store som i 2012 for banken.

### **Renterisiko**

Renterisikoen er primært knytt til behaldninga

av renteberande verdipapir. Alle fastrente- innskot i banken har forfall 31.12. Det er soleis ingen renterisiko knytt til fastrenteinnskot. Banken har NOK 11,039 mill. i fastrentelån med forfall på tre år, alle med pant i fast eigedom. Banken yter ikkje fastrentelån til personmarknaden på eiga bok.

Indre Sogn Sparebank har ein obligasjons- portefølje på NOK 169,560 mill. Renterisikoen vert redusert ved at dei aller fleste av obliga- sjonane er knytte opp mot ei avkasting lik tre mnd. Nibor. Sett i samanheng med andre balansepostar med rentebinding, har banken likevel ein viss renterisiko.

Styret har sett opp interne rammer for renterisiko. Banken ligg godt innafor desse rammene.

### **Kursrisiko**

Plassering i aksjemarknaden er i all hovudsak retta mot børsnoterte selskap og fond. Ved årsskiftet hadde banken bokført verdipapir til verkeleg verdi over resultatet på NOK 206,541 mill. mot NOK 206,282 mill. i 2011. Av dette utgjorde aksjar, eigenkapitalbevis og fond NOK 33,764 mill., ein reduksjon på NOK 1,767 mill. i høve til 2011.

Styret vurderer kursrisikoen som moderat for banken sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet. Målet til styret er å ha ei stabil langsiktig avkasting med minimal kursrisiko på banken sin portefølje.

### **Likviditetsrisiko**

Skilnaden på vekst i innskot og utlån har gjort banken meir avhengig av ekstern finansiering.


Banken har totalt lånt NOK 877,507 mill. frå pengemarknaden i 2012, ein nedgang på NOK 87,659 mill høve til 2011. Bakgrunnen for at innlåna ikkje har auka er god innskotsutvikling, forholdet mellom utlån og innskot og meir bruk av Terra Boligkreditt AS. Likviditetsrisikoen i banken er innanfor fastsette mål.

Banken har lagt vekt på at likviditetsrisikoen skal vere moderat. Med bakgrunn i dette har banken bygd opp ein stor likviditetsreserve som per 31.12.2012 var NOK 428,495 mill. fordelt med kontantar, innskot i finans- institusjonar, sentralbankar og unyttta trekkrettar.

Innlånsportefølja er systematisk bygd opp med langsiktige og kortsiktige forfall.



Figur 2. Forfallsstruktur – langsiktig finansiering 2013–2017



Innskotsdekninga i 2012 er 72,73 %, som er ein auke på 2,47 prosentpoeng i høve til førre årsskifte. Styret har sett seg som mål at Indre Sogn Sparebank skal ha ei innskotsdekning på minimum 75 % av utlåna. Styret vil treffe tiltak for å oppnå dette. Styret meiner innskotsdekninga og likviditetsrisikoen i banken er god og under kontroll.

#### Valutarisiko

Valutaeksponeringa i banken er moderat. Banken har ikkje valutalån på eiga bok. Valutalån vert formidla gjennom DNB Bank ASA og Indre Sogn Sparebank stiller garanti for låna mot ordinær garantiprovisjon.

Banken garanterte ved årsskiftet for 21 valutalån med til saman motverdien av NOK 71,505 mill. fordelt på 18 låntakarar. Fire av lånekundane var næringslivskundar og desse hadde til saman lån tilsvarande NOK 23,320 mill. eller 32,6 % av totale valutalån. Resten, 14 låntakarar, var personkundar med til saman motverdi av NOK 48,185 mill. eller 67,4 %.

Alle garantiane er sikra med pant i fast eigedom eller sperra innskot. I nokre tilfelle

er det stilt kausjon frå selskapet sine eigarar. Nesten alle valutalånskundane har lang erfaring med valutalån.

Denne kredittrisikoen, som følgje av valuta- risikoen, vurderer styret som moderat

#### Operasjonell risiko og internkontroll

Styret og leiinga er merksame på risiko for tap knytt til den daglege drifta av banken. Dette gjeld svikt i datakommunikasjon, system og rutinar. Feil kan òg oppstå på grunn av manglande kontroll, kompetansesvikt og menneskelege feil. For å i vareta desse viktige områda, er det etablert eit system for internkontroll. Internkontrollsystemet i banken byggjer på forskrift om internkontroll fastsett av Finanstilsynet.

Med basis i rapportar frå avdelingsleiarane og eigne vurderingar, gjev adm. banksjef ei totalvurdering av internkontrollen i banken til styret. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som akseptabel.

Rammevilkåra for verksemda til banken er relativt stabile, og styret meiner at så vel intern som ekstern risiko er under kontroll.

## 7. EIGENKAPITAL

Eigenkapitalen i banken er NOK 232,076 mill. I tillegg har banken fondsobligasjonar for NOK 130,623 mill. Samla eigenkapital og ansvarleg kapital er NOK 365,354 mill.

Banken hadde ei kapitaldekning per 31.12.2012 på 17,50 %, mot 16,98 % i 2011. Styresmaktene sine krav til kapitaldekning er 8,00 %. Rein kjernekapital er 10,34 %. Finanstilsynet har sett fokus på rein kjernekapital. Dei har sett krav om at rein kjernekapital frå 30.06.2012 skal vera minst 9,0 %. Banken har per 31.12.2012 god margin til det kravet.

Styret meiner at banken har ein god eigenkapital og soliditet til å møte framtidige utfordringar, og vil i den grad det er behov for det styrke eigenkapitalen i banken til dømes ved eigenkapitalbevisemisjonar og ansvarleg kapital.

Banken si eigenkapitalutvikling er synt i tabellen nedanfor. Av tabellen går det fram at eigenkapitalen i høve til banken sin balanse,

er 6,96 %. Det er ein auke på 0,44 prosentpoeng i høve til same periode i fjor. Styret meiner eigenkapitalen i banken er noko låg og har sett i verk tiltak for å betre han. Banken har utsteda ein konvertibel fondsobligasjon som kan konverterast til eigenkapitalbevis til kurs NOK 100,00 innan mai 2016. Det er ei frivillig konvertering, og skal banken få til det, må børskursen betrast monaleg. Styret reknar med at den konvertible fondsobligasjonen mest truleg vil bli konvertert til eigenkapitalbevis innan 2016. Ei konvertering vil auke eigenkapitalprosenten til 8,76 % sett i høve til balansen i dag.

Tabell nr. 5: Eigenkapital. Utvikling 2008–2012

2012	2011	2010	2009	2008
232,08	216,05	209,70	185,10	183,20

## 8. FRAMTIDSUTSIKTER

#### Internasjonalt

Medan 2011 baud på ei rekke uventa hendingar, som den arabiske våren, Japan sin trippelkatastrofe og den dramatiske forverringa av den europeiske statsgjeldskrisa, var 2012 på eit vis fritt for større overraskingar.

I industrilanda var BNP-veksten om lag 1,2 % i 2012 medan den framveksande halvdel av verdsøkonomien hadde ein vekst på 5,4 %. Den globale veksten var på 3,3 %.

#### Nasjonalt

Ved hjelp høg investeringsaktivitet i energinæringa og i bygg og anlegg, var norsk økonomi i 2012 prega av solid vekst. Sysselsettinga auka og arbeidsløysa held seg på eit langt lågare nivå enn i nabolanda våre. Finansnæringa fekk eit godt år. Det skuldast mellom anna låge tap i bankane og låge skadepresentar i skade- forsikring. Noregs Bank vurderer det slik at

risikoen i det norske finanssystemet er samla sett noko redusert i løpet av året.

Sentralbanken senka styringsrenta si, folio- renta, frå 1,75 % til 1,50 % på rentemøtet i mars 2012. Pengemarknadsrentene fall med eit heilt prosentpoeng gjennom året til i underkant av 2 %. Kredittmarknadene som tidvis var turbulente, enda året med normale marginar for dei fleste kredittypar. I 2012 steig Oslo Børs med sterke 16 %.

Bustadprisane auka i alle delar av landet, med sterkast vekst i dei mest populære byane. Årsveksten vart 7,7 %. Kredittveksten låg gjennom store delar av fjoråret på om lag 7 %. Hushalda sin lånevekst var stabil medan låneetterspurnaden frå næringslivet tok seg gradvis opp gjennom fjoråret.

Konsumprisveksten på 0,8 % var relativt låg i 2012 sjølv om lønsveksten vart i overkant av 4 %. Trass god vekst i kjøpekrafta, nedgang

i rentenivåa og stigande bustadprisar, heldt sparerata til hushalda seg høg gjennom fjoråret. Innskota i bank frå hushalda auka mykje.

Utsiktene for neste år er i skrivande stund gode både for Noreg og for norske bankar. Marginane til bankane er på mange produktområde høgare enn dei var for eitt år sidan. Det er forventat at bustadprisane vil stige, men svakare enn i fjor. Låneveksten vert vurdert å vere ganske robust i år utan at me ser nokon markert auke i tap. Noreg er likevel sårbar for eventuelle alvorlege tilbakeslag i internasjonal økonomi. Noregs Bank har varsla at dei kan koma til å auke rentene både i år og neste år.

### Regionalt

I Sogn hevda Indre Sogn Sparebank seg godt i 2012 i den sterke konkurransen. Banken hadde god vekst i kjerneprodukt sine.

Indre Sogn Sparebank er lokal styrd, noko styret trur er ei stor føremon for distriktet og kundane. Indre Sogn Sparebank er kapitalsterk nok til å handtere dei fleste store næringslivskundane i nærområdet.

Å stå åleine som ein liten bank, har vorte ei større utfordring. Etter at lovverket vart endra, har fleire sparebankar slått seg saman og i 2012. Av medlemmer i Terra-Gruppen AS har Bø og Seljord Sparebank valt å slå seg saman.

Regelverket har vorte meir utfordrande og krevjande. Å bruke meir tid på samarbeid og kostnadstilpassingar, er etter styret sine vurderingar naudsynt i 2013.

Styret i Indre Sogn Sparebank vil arbeide for at banken skal vera ein sjølvstendig bank med nær tilknytning til lokalsamfunna. Banken vil leggje vekt på gode kunderelasjonar, konkurransedyktige produkt, god organisasjon og effektiv drift, slik at banken i åra framover kan vera ein god lokalbank og ein god arbeidsplass.

Styret trur at 2013 òg kan bli eit vanskeleg år for næringslivet i primærområdet til banken. Regionen har mange store verksemdar som er eksportretta og som måtte stramme inn etter den internasjonale krisa. Som ei følgje av dette er òg underleverandørar knytte til dei store verksemdene i regionen ramma. Hydroverksemdene i Årdal har stramma mykje inn òg i 2012, og styret trur at denne innstramminga vil halde fram i 2013. I Lærdal er store arbeidsplassar, som Opplysningen 1881 lagt ned og sjukehuset er svært utsett. Etter styret

si vurdering er arbeidet med å etablere eit lokalmedisinsk senter i Lærdal svært viktig for regionen.

I Sogndal opplever me vekst og press på bustadmarknaden med markert prisstigning i 2012.

Tapa i banken var om lag som i 2012. Banken hadde per 31.12.2012 bokførte tap med NOK 5,056 mill. Det er NOK 1,667 mill. høgare enn i 2011. Styret si meining er at låge kredittap siste åra er eit resultat av god oppfølging og fokus på kredittarbeidet i banken. Det er i hovudsak næringslivskundane som fører til tap for banken. I personkundemarknaden er det framleis små og svært få tap. Det er styret si vurdering at tapa òg vil bli moderate i 2013. Styret reknar med at det i hovudsak vil vere tap relatert til næringslivskundar.

### Samfunnsansvar

Styret meiner at Indre Sogn Sparebank skal vere ei av drivkreftene for utviklinga av næringslivet i Indre Sogn. Banken er budd på å ta del i eit slikt ansvar, men vil halde seg innanfor forretningsmessige vurderingar.

Indre Sogn Sparebank betra den ordinære drifta si i 2012 og hadde låge tap. Banken hadde god vekst i kjerneprodukt sine. Utfordringa framover vert å auke rentenettoen.

Øg i året som gjekk nytta banken nær NOK 1,300 mill marknadsføringsmidlar i primærområdet vårt. I tillegg delte banken ut NOK 0,450 mill i gåver i Årdal, Lærdal og Sogndal. Banken har etablert «gåveinstituttet» som styrer det meste av sponsor og gåveverksemda. Gåvefondet i banken er NOK 18,425 mill. per 31.12.2012.

Indre Sogn Sparebank er den viktigaste private medspelaren til lag og organisasjonar i distriktet vårt. Styret har tru på at lokalsamfunna ser positivt på engasjementet til banken innan dette området, og at slike tiltak er med på å styrke konkurransevna til banken i primærområdet.

Banken viser med denne sponsorverksemda og gåvetildelingane eit tydeleg samfunnsengasjement og ansvar i dei områda banken er etablert.

Styret vurderer banken som godt rusta til å møte utfordringane i framtida, og har i budsjetta lagt til grunn eit normalt driftsresultat for 2013.

## 9. AVSLUTNING

Styret meiner at det framlagde årsrekneskapet saman med notar og styret si årsmelding gir eit korrekt bilete av banken si økonomiske og finansielle stilling.

Årsrekneskapet for 2012 er avlagt under føresetnad om framleis drift. Til grunn for

dette ligg banken sine langsiktige mål, strategiske plan og resultatprognosar for dei næraste åra. Banken er i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

For disponering av resultatet syner styret til eigenkapitaloppstillinga.

## 10. TAKK

Styret vil takke kundane for god og lojal oppslutnad om banken i 2012. Vidare takkar styret alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og godt samarbeid i året som gjekk. Styret vil framleis gjera sitt beste for at Indre Sogn Sparebank skal bli ein endå betre bank for kundane og distriktet vårt.

Årdalstangen 19. februar 2013.

Styret i Indre Sogn Sparebank

  
Siri Lagmannsås (s.)  
Styreleiar  
  
Janne Dobben (s.)  
Tilsett rep.

  
Leif Aberge (s.)

  
Harald Blaaflåt Mundal (s.)

  
Siri Reidun Engstvedt (s.)  
  
Egon M. Moen (s.)  
Adm.banksjef



# TEMASIDER

## MÅLROCK UNDER SKÅRI



Omgitt av fantastisk natur ved inngangen til Jotunheimen finn det årlege arrangementet «Målrock under Skåri» stad, som er ein del av musikkfestivalen Målrock. Foto: Mads Heggø.

Arrangementet – som i år finn stad laurdag 10. august – er eit samarbeid mellom Stiftinga Målrock, Hugin Musikkforum og Utladalen Naturhus. Det er eit familiearrangement med fokus på oppleving i lag med familien i flotte omgjevnader.

*Målrock under Skåri* vert i år arrangert for fjerde året på rad. I fjor var det publikumsrekord, og heile 1200 menneske samla seg i solsteiken framme i Skåri.

*Leiar i Stiftinga Målrock*, Katrine Clausen Fredheim, fortel at planlegginga av Målrock under Skåri er i rute. – Det blir litt færre artistar enn i fjor – sidan vi opplevde at det vart eit litt langdrygt arrangement, seier ho. I år blir det ein stor norsk artist under Skåri, som vert offentleggjort i mai/juni, i tillegg

til eitt eller to lokale band. – Vi ser at vi har bra suksess med lokale band der framme, så vi satsar på å få til det i år også. I tillegg er det fint for oss å få presentere gode og lokale musikarar på ei slik scene, fortel Fredheim.

*Vidare fortel ho* at ho har store forventningar til årets arrangement under Skåri.

– Forventningane til årets arrangement er høge, og det kjem minst like mange dit i år som i fjor dersom vêret blir bra! Elles er arrangementet eit fantastisk krydder til festivalen i Meieriparken. Skåri-arrangementet syner meir av bygda til tilreisande, samt at det er eit arrangement tilrettelagt for heile familien med gratis inngang for born. Slik gjer vi Målrock til ei større heilhet for bygda den helga som alle får ta del i. Det er kjekt og inspirerande, seier Fredheim.



## HEIRSNOSI - TUR TIL 1000



Heirsnosi - Tur til 1000 er eit unikt arrangement i fantastiske omgjevnader, der ein anten kan sykla, springa eller gå til 1000-meteren. Tur til 1000 vert årleg arrangert første helga i september. Foto: Morten Sortland.

Deltakarar kan velja mellom tre ulike kategoriar: «Førstemann til 1000 på sykkel», «Førstemann til 1000 på timen», eller «Tur til 1000».

**Kategorien «Førstemann til 1000 på sykkel»** er eit sykkelløp for kvinner og menn frå 15 år. Ein startar i Øvre Årdal sentrum, og sykklar opp til toppen av Heirsnosi - 1000 meter stigning på 10 km. Ein sykklar først på asfalt opp til 400 meter, deretter på grov grus til toppen. Dette er Noregs tøffaste sykkelløp, med plass til maks 100 deltakarar, og her er det førstemann til mølla som gjeld.

**I kategorien «Førstemann til 1000 på timen»** skal ein gå og springa frå 400-meteren til toppen på 1000-meteren. Timeklubben er for dei som vil konkurrere på tid mot andre eller seg sjølv.

**Dersom du vil** ta turen frå 400-meteren og opp til toppen på 1000-meteren utan tidspress, men med tid til å nyte utsikt, sjå på syklistar og ivrige løpsdeltakarar, kan du delta i kategorien «Tur til 1000».

**Arrangørane har fått** til eit fantastisk opplegg - løypa er nydeleg med fin utsikt utover bygda i kvar einaste sving.

## STOREHAUGEN OPP




Friidrettsgruppa i Lærdal IL arrangerer i år motbakkeløpet Storehaugen Opp for femte gong, måndag 20. mai (2. pinsedag). Foto: Bjørghild Holien.

Løpet har Norgescupstatus, og er det første løpet i NECON motbakkecupen - og Noregs beste motbakkeløparar kjem til Lærdal på sesongopninga. Løypa er på 3,7 km og har ein stigning på nær 25 %. Starten er ved 7 m.o.h. og mål er på Storehaugen 908 m.o.h.

**I fjor var det** 112 deltakarar i konkurranseklassen, og her stilte Noregs beste motbakkeløparar til start. Fjorårets vinnarar er May Britt Buer (Gular) og Torbjørn Thorsen Ludvigsen (Fana SHO), og desse vann også Norsk Friidretts motbakkecup totalt. Begge sette løyperekord opp Storehaugen.

**Over 300 mosjonistar** deltok, og alle deltakarane kom blide og nøgde nedatt etter ein tur på Storehaugen. På turen nedatt vart det servert spekemat, flatbrød og drikke, og alle fekk



t-skjorte for sportsleg innsats og motivasjon for vidare trening.

**Arrangør Bjørghild Holien** fortel at dugnadsinnsatsen før arrangementet er stor, og alt utstyr og drikke måtte berast opp i forkant av løpet i fjor. Totalt 250 l væske og tidtakingsutstyr m.m. vart frakta opp.

**- Me håpar på** minst like stort oppmøte av både konkurranseløparar og mosjonistar på Storehaugen Opp i år også. Tilbakemeldingane frå tidlegare år har vore svært positive, seier Holien.

**Storehaugen (908 m.o.h.)** er eit flott utsiktspunkt, der ein kan sjå Lærdal frå lufta. Storehaugen er ein gamal veteplass, brukt til varsling av krig og ufred i eldre tider.



# LÆRDAL GOLFKLUBB



Lærdal Golfklubb er golfklubb for store delar av Indre Sogn, og har medlemmer frå Lærdal, Årdal, Aurland, Sogndal, Luster og Leikanger i aldersgruppa 5–80 år. Foto: legk.no.

Golfklubben vart stifta 1. januar 2000, i den store vekstperioden for golf i Noreg, og passerte 300 medlemmar allereie i 2003. I januar i år fylte klubben 13 år, og har no over 550 medlemmar.

*Klubben har bygd* golfbane som ligg vakkert til ved Rikheim Gard, 15 km frå Lærdalsøyri. Rikheim Golfbane vart opna 21. april 2002, og det var mykje folk på bana heile dagen. Det var opp mot 30 personar ute på bana samstundes, og til og med fleire Hemsedøler hadde teke turen over fjellet for å spele på grønt gras på Rikheim.

*Golfbana på Rikheim* er ei 6-hols bane av såkalla enkel standard, men ho er slopa, noko som betyr at golfklubben kan godkjenne

medlemmar for spel på alle baner i Noreg, og gi medlemmane offisielt handicap. Lengda på bana er 4083 meter, og lengste hol er 332 meter, så ein får prøve alle slags køller.

*Lærdal Golfklubb har* også stor driving range ved bana på Rikheim, i tillegg til ein driving range i Utladalen i Årdal, omlag 50 km unna. Ein driving range har ballmaskin der ein kjøper ei korg med ballar, og er eit treningsanlegg der ein kan trenar på å slå baller.

*Bana i Lærdal* har proshop med golfutstyr, i tillegg til ein kiosk, og er ein sosial møtestad. For nye medlemmar har klubben køller til utlån slik at dei kan prøve seg, og heile sett av køller med golfbag til leige.

# STOREHAUGEN I SOGNDAL



Den fire timar lange turen opp er absolutt verdt det når ein kjem til toppen og kan nyta den spektakulære utsikta frå fjelltoppen Storehaugen. Foto: Finn Loftesnes.

Turen opp til Storehaugen (1169 m.o.h.) går på luftig og god sti, og når du kjem til toppen vert du løna med ei panoramautsikt over store delar av Indre Sogn.

*Det er flott* utsikt heile vegen opp, og det opnar seg etter kvart utsikt mot både Sogndals- og Lærdalsfjorden. Dersom ein er litt redd høgdar, kan ein somme stader verta freista til å gå litt innanfor stien, for å unngå å sjå 800 meter rett ned i Eidsfjorden. Like før toppen er det eit lite vatn som passar fint til avkjøling på varme sommardagar.

*På toppen er* det storslegen utsikt mot fjordarmene, fjella og bygdene ikring, og på ein klar dag kan ein til og med skimte Skagastølstindane i Jotunheimen. Du kan sjå heile åtte kommunar frå toppen: Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Balestrand, Aurland, Vik og Årdal. Det vert òg sagt at ein kan sjå dei sju prestegjeld: Lærdal, Kaupanger, Stedje, Hafslo, Norum, Leikanger og Fresvik.

*Turen til toppen* tek omlag 4 timar, medan ein brukar rundt 2 timar nedatt. Total lengd er 13 km t/r.



# STADFESTING FRÅ STYRET OG DAGLEG LEIAR 2012

## STADFESTING FRÅ STYRET OG DAGLEG LEIAR 2012

Me erklærer etter beste overtyding at årsrekneskapen 2012 er utarbeidd i samsvar gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapen gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer og at årsmeldinga gjev ein rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står overfor i 2013.

Årdalstangen 19. februar 2013.

Styret i Indre Sogn Sparebank

  
Siri Lagmannsås (s.)

Styreleiar

  
Janne Dokken (s.)

Tilsett rep.

  
Leif Åborge (s.)

  
Harald Blaaflåt Mundal (s.)

  
Siri Reidun Ennstvedt (s.)

  
Egon M. Møen (s.)

Adm.banksjef



# RESULTAT OG BALANSEREKNESKAP

RESULTAT (i 1.000 kr.)	Note	31.12.2012	31.12.2011
Renteinntekter		140.958	132.981
Rentekostnader		85.840	86.020
<b>Netto renteinntekter</b>	3	<b>55.118</b>	<b>46.961</b>
Utbyte	4	21.479	2.810
Provisjonsinntekter m.v.	5	14.906	15.242
Provisjonskostnader m.v.	6	2.319	3.025
Netto vinst/tap på finansielle instrument	7	841	-2.045
Andre driftsinntekter		359	277
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>35.266</b>	<b>13.259</b>
Løn og generelle adm.kostnader	8, 9	32.038	32.322
Avskrivningar på driftsmidler	20	3.655	3.952
Andre driftskostnader	10	12.186	10.486
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>		<b>47.879</b>	<b>46.760</b>
Tap på utlån	15	5.056	3.389
<b>Driftsresultat før skatt</b>		<b>37.449</b>	<b>10.071</b>
Skattekostnad	11, 19	6.183	2.629
<b>Resultat etter skatt</b>		<b>31.266</b>	<b>7.442</b>
<b>Utvida resultat</b>			
Pensjonskostnad	26	2.410	-1.249
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	18	-15.904	2.496
<b>Utvida resultat etter skatt</b>		<b>-13.494</b>	<b>1.247</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>17.772</b>	<b>8.689</b>
<b>Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis</b>	12	<b>17,08</b>	<b>4,14</b>

**BALANSE (i 1.000 kr.)**

<b>Eigendelar</b>	<b>Note</b>	<b>31.12.2012</b>	<b>31.12.2011</b>
Kontantar og fordringar på sentralbankar	13	171.463	177.935
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	14	10.305	32.715
Utlån til kundar	15	2.827.428	2.784.392
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	16, 17	206.541	206.347
Verdipapir tilgjengeleg for sal	17, 18	80.688	69.527
Utsett skattefordel	19	288	3.125
Varige driftsmidlar	20	37.315	38.940
Overtekne og andre eigendelar	21	952	421
<b>Sum eigendelar</b>		<b>3.334.980</b>	<b>3.313.402</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>	<b>Note</b>	<b>31.12.2012</b>	<b>31.12.2011</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar	22	137.129	223.511
Innskot frå kundar	23	2.071.471	1.969.222
Gjeld ved utsteda verdipapir	24	740.378	741.655
Anna gjeld	25	17.704	20.682
Pensjonsforpliktingar	26	2.944	9.048
Ansvarleg lånekapital	27	133.278	133.231
<b>Sum gjeld</b>		<b>3.102.904</b>	<b>3.097.349</b>
Opptent eigenkapital	29	167.639	151.616
Innskoten eigenkapital	28, 29	64.437	64.437
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>232.076</b>	<b>216.053</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>3.334.980</b>	<b>3.313.402</b>
<b>Postar utanom balansen</b>			
Garantiar	30	106.638	127.346
Garanti Terra Boligkreditt AS	30	65.282	43.961
Portefølje Terra Boligkreditt AS	30	492.438	363.395

Årdalstangen 31.12.2012

Årdalstangen 19.02.2013

  
Siri Lagmannsås (s.)

Styreleiar

  
Janne Dokken (s.)

Tilsett rep.

  
Leif Åborge (s.)  
Harald Blaaflåt Mundal (s.)  
Siri Reidun Enghstvedt (s.)  
Egon M. Møen (s.)  
Adm.banksjef

# EIGENKAPITAL- OPPSTILLING

## Eigenkapitaloppstilling pr. 31.12.2012 (i 1.000 kr.)

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigenkapital
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Sparebanken sitt fond	Utjamningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
<b>Eigenkapital 01.01.2011</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>120.129</b>	<b>4.615</b>	<b>6.927</b>	<b>13.688</b>	<b>209.795</b>
Resultat etter skatt			2.411	2.621	2.410		7.442
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikke resultatførte estimatavvik pensjon			-1.735				-1.735
Endring i utsatt skatt på ikke resultatført estimatavvik pensjon			486				486
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.496	2.496
<b>Totalresultat 31.12.2011</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.162</b>	<b>2.621</b>	<b>2.410</b>	<b>2.496</b>	<b>8.689</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771			-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625					0
Utbetalt frå gåvefond					-660		-660
<b>Eigenkapital 31.12.2011</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>121.291</b>	<b>5.465</b>	<b>8.677</b>	<b>16.184</b>	<b>216.053</b>
Resultat etter skatt			10.230	10.806	10.230		31.266
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikke resultatførte estimatavvik pensjon			3.347				3.347
Endring i utsatt skatt på ikke resultatført estimatavvik pensjon			-937				-937
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-15.905	-15.905
<b>Totalresultat 31.12.2012</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>12.640</b>	<b>10.806</b>	<b>10.230</b>	<b>-15.905</b>	<b>17.771</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2011				-1.266			-1.266
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Utbetalt frå gåvefond					-482		-482
<b>Eigenkapital 31.12.2012</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>133.931</b>	<b>15.005</b>	<b>18.425</b>	<b>279</b>	<b>232.076</b>

## Eigenkapitaloppstilling pr. 31.12.2011 (i 1.000 kr.)

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigenkapital
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Sparebanken sitt fond	Utjamningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
<b>Eigenkapital 3 1.12.20 09 NGAAP</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>116.791</b>	<b>608</b>	<b>3.361</b>		<b>185.197</b>
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537			537
<i>Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS</i>							
			-363			14.769	14.406
<b>Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>116.428</b>	<b>1.145</b>	<b>3.361</b>	<b>14.769</b>	<b>200.140</b>
Årets resultat			3.701	4.007	3.701		11.409
<i>Utvida resultat</i>							
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081	-1.081
<b>Årets totalresultat 2010</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.701</b>	<b>4.007</b>	<b>3.701</b>	<b>-1.081</b>	<b>10.328</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2009				-537			-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Utbetalt frå gåvefond					-135		-135
<b>Eigenkapital 31.12.2010 IFRS</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>120.129</b>	<b>4.615</b>	<b>6.927</b>	<b>13.688</b>	<b>209.795</b>
Resultat etter skatt			2.411	2.621	2.410		7.442
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikke resultatførte estimatavvik pensjon			-1.735				-1.735
Endring i utsatt skatt på ikke resultatført estimatavvik pensjon			486				486
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.496	2.496
<b>Totalresultat 31.12.2011</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.162</b>	<b>2.621</b>	<b>2.410</b>	<b>2.496</b>	<b>8.689</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771			-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625					0
Utbetalt frå gåvefond					-660		-660
<b>Eigenkapital 31.12.2011 IFRS</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>121.291</b>	<b>5.465</b>	<b>8.677</b>	<b>16.184</b>	<b>216.053</b>



# KONTANTSTRAUM- ANALYSE

## Kontantstrømanalyse (i 1.000 kr.)

	2012	2011
<b>Kontantstrømar frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Resultat før skattekostnad	37.449	10.071
Betalt skatt i perioden	-2.950	-3.727
Ordinære avskrivningar	3.655	3.952
Postar over utvida resultat	-13.494	-1.247
Endring pensjonar	-6.104	582
Endring utlån	-43.036	-49.299
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-86.382	71
Endring innskot frå kundar	102.249	122.846
Endringer verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	-8	-7.323
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-5.853	-64.435
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>-14.474</b>	<b>11.491</b>
<b>Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>		
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	0	117
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-2.030	-639
Utbetalningar ved kjøp av verdipapir tilgjengeleg for sal	-10.580	-100
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-12.610</b>	<b>-622</b>
<b>Kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar</b>		
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	274.950	309.015
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-275.000	-328.000
Utbetaling av utbyte	-1.266	-1.771
Utbetalningar til gåver	-482	-660
<b>Netto kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-1.798</b>	<b>-21.416</b>
<b>Netto kontantstrøm for perioden</b>	<b>-28.882</b>	<b>-10.547</b>
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	210.650	221.197
<b>Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden</b>	<b>181.768</b>	<b>210.650</b>
<b>Denne er sett saman av:</b>		
<b>Kontantar og fordringar på sentralbankar</b>	<b>171.463</b>	<b>177.935</b>
<b>Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>	<b>10.305</b>	<b>32.715</b>

# REKNESKAPSPRINSIPP

## GENERELL INFORMASJON

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er registrert og heimehøyrande i Noreg, med hovudkontor på Årdalstangen.

Banken har postadresse: Statsråd Evensensveg 8, 6885 Årdalstangen. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2012 til 31.12.2012. Alle tal er presenterte i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Rekneskapet vart vedteke av styret den 19. februar 2013 og av forstandarskapet den 28. februar 2013.

## SAMANDRAG AV DEI VIKTIGASTE REKNESKAPSPRINSIPPA

Rekneskapet er utarbeida i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastsett av EU. For det avlagde rekneskapet er det ingen forskjellar mellom IFRS som fastsett av EU og IASB. Rekneskapet er utarbeida basert på historisk kost prinsippet med følgjande modifikasjonar: revaluering av tomtar, finansielle derivat og finansielle eigendelar og forpliktingar er vurdert til verkeleg verdi over resultatet. Banken er ikkje konsern og fører soleis berre selskapsrekneskap. Banken vurderer verksemda i banken som ei samla verksemd.

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med IFRS krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøva skjønn. Område som i høg grad inneheld slike skjønsmessige vurderingar eller høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for rekneskapet, vil bli gjort greie for i note i årsrekneskapen. Rekneskapet er avlagt under føresetnad om framleis drift.

***Standardar, endringar og tolkingar til eksisterande standardar som ikkje er tredd i kraft og der banken ikkje har valt tidleg bruk***

Banken har ikkje valt tidleg bruk av noen nye eller endra IFRSar eller IFRIC-tolkingar.

IAS 19 «Employee Benefits» vart endra i juni 2011. Endringa medfører at alle estimatavvik vert ført i utvida resultat då desse oppstår (ingen korridor), ei umiddelbar resultatføring av alle kostnader ved tidlegare periodar si pensjonsopptening og at ein erstattar rentekostnader og forventa avkasting på pensjonsmidlar med et netto rentebeløp som blir utrekna ved å nytte diskonteringsrenta på netto pensjonsforplikting (eigendel). Banken har enno ikkje slutført analysen av konsekvensane av endringane i IAS 19.

IAS 32 og IFRS 7 vart endra i desember 2011. Endringa medfører klargjering i reglane for når finansielle eigendelar og finansielle forpliktingar skal presenterast netto og auka krav til tilleggsopplysingar om kva for finansielle eigendelar og finansielle forpliktingar som

er presentert netto eller som kan koma til å bli gjort opp netto. Banken har enno ikkje slutført analysen av konsekvensane av endringane i IAS 32 og IFRS 7.

IFRS 9 «Financial Instruments» regulerer klassifisering, måling og rekneskapsføring av finansielle eigendelar og finansielle forpliktingar. IFRS 9 ble utgitt i november 2009 og oktober 2010, og erstattar dei delane av IAS 39 som omhandlar rekneskapsføring, klassifisering og måling av finansielle instrument. Etter IFRS 9 skal finansielle eigendelar delast inn i to kategoriar basert på målemetode: dei som er målt til verkeleg verdi og dei som er målt til amortisert kost. Klassifiseringsvurdering blir gjort ved første gongs rekneskapsføring. Klassifiseringa vil avhenge av banken sin forretningsmodell for å handtere sine finansielle instrument og karakteristikane ved dei kontraktsfesta kontantstraumane frå instrumentet. For finansielle forpliktingar er krava i hovudsak lik IAS 39. Hovudendringa, i dei tilfella der ein har valt verkeleg verdi for finansielle forpliktingar, er at den delen av ei endring i verkeleg verdi som skuldast endring i banken sin eigen kredittrisiko blir ført over utvida resultat i staden for i resultatrekneskapet, dersom dette ikkje medfører ein periodiseringsfeil i resultatmålinga. Banken planlegg å bruke IFRS 9 når standarden trer i kraft og er godkjent av EU. Standarden trer i kraft for rekneskapsperiodar som tek byrjar 1. januar 2015 eller seinare.

IFRS 10 «Consolidated Financial Statements» er basert på prinsippa i dag om å nytte kontrollomgrepet som det avgjerande kriteriet for å fastsetje om eit selskap skal inkluderas i konsernrekneskapet til morbanken. Standarden gir utvida rettleiing til vurderinga av om kontroll er til stades i dei tilfelle der dette er vanskeleg. Banken forventar

ingen konsekvensar som følgje av IFRS 10. Banken planlegg å bruke standarden for rekneskapsperiodar som byrjar 1. januar 2013 og seinare.

IFRS 12 «Disclosures of Interest in Other Entities» inneheld opplysningskrava for økonomiske interesser i dotterselskap, felleskontrollert verksemd, tilknytte selskap, selskap for særskilte føremål «SPE» og andre ikkje-balanserte selskap. Banken forventar ingen konsekvensar som følgje av IFRS 12. Banken planlegg å bruke standarden for rekneskapsperiodar som byrjar 1. januar 2013 og seinare.

IFRS 13 «Fair Value Measurement» definerer kva som meinast med verkeleg verdi når omgrepet vert nytta i IFRS, gir ei einheitleg skildring av korleis verkeleg verdi skal fastsetjast i IFRS og definerer kva for tilleggsopplysingar som skal gis når verkeleg verdi vert nytta. Standarden utvidar ikkje omfanget av rekneskapsføring til verkeleg verdi men gir rettleiing om bruksmetode der bruken allereie er krav om eller tillate i andre IFRS-ar. Banken nyttar verkeleg verdi som målekriterium for visse eigendelar og forpliktingar. Banken har ikkje vurdert den fulle innverknaden av IFRS 13. Banken planlegg å bruke IFRS 13 for rekneskapsperiodar som byrjar 1. januar 2013 og seinare.

Elles er det ingen andre IFRS-ar eller IFRIC-tolkingar som ikkje er tredd i kraft som forventast å ha en vesentleg påverknad på rekneskapet.

### **Segmentinformasjon**

I balansen har banken splitta utlån og innskot etter geografi, sektor og næring. Det vert vist til note 15 og 23 for utlån og innskot. Banken har ikkje splitta resultatet på segment. Det går difor ikkje inn som ein del av rapporteringa til leiinga og styret.

## INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING

### **Inntektsføring**

Inntekter vert resultatført som følgjer:

#### **Sal av tenester**

Sal av tenester vert resultatført i den perioden tenesta vert utført.

#### **Renteinntekter**

Renteinntekter vert resultatført proporsjonalt over tid i samsvar med effektiv rentemetode. Effektiv rentemetode er ein måte å inntektsføre renteinntekt over relevant periode. Effektiv rente er den renta som nøyaktig neddiskonterer estimerte framtidige kontantstraumar over forventet levetid til den finansielle eigendelen. Kontantstraumen blir fastsett etter kontraktrettslege vilkår. Ved nedskriving av fordringar, vert fordringa sin balanseførde verdi redusert til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er estimert framtidig kontantstrøm diskontert med opprinneleg, eller for lån med variabel rente, sist fastsette effektive rente. Etter nedskriving, vert renteinntekter resultatførde basert på effektiv rentesats på tidspunktet for nedskrivinga.

### **Inntekt frå utbytte**

Utbytteinntekter vert resultatført når rett til å motta betaling oppstår.

### **Andre inntekter**

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert periodiserte og førde som gjeld i balansen. Opptente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året, vert inntektsførde og oppført som til godehavande i banken sin balanse. Gebyr som betaling for direkte utførte tenester vert inntektsført på det tidspunktet dei vert betalte. Provisjonar vert tekne inn og ført i resultatrekneskapen etter kvart som dei er opptente som inntekt eller er påløpne som kostnad.

### **Valuta**

Fordringar og gjeld i valuta er omrekna til NOK etter midtkursar på Oslo Børs på balansedagen. Inntekter og kostnader i valuta er omrekna til NOK etter kursane på transaksjonstidspunktet. Netto urealisert vinst eller tap på balansedagen vert resultatført.

## FINANSIELLE EIGENDELAR

### **Klassifisering**

Banken klassifiserer finansielle eigendelar i følgjande kategoriar:

- til verkeleg verdi over resultatet
- utlån og fordringar
- eigendelar tilgjengeleg for sal

Klassifiseringa er avhengig av føremålet med eigendelen. Banken klassifiserer finansielle eigendelar ved anskaffing.

### **Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet**

Denne kategorien har to underkategoriar:

- finansielle eigendelar haldne for

handelsføremål

- finansielle eigendelar som leiinga initielt har valt å klassifisera til verkeleg verdi over resultatet

Ein finansiell eigendel vert klassifisert i denne kategorien dersom han primært er skaffa med føremål å gi fortjeneste frå kortsiktige pris-svingingar, eller dersom leiinga vel å klassifisera han i denne kategorien. Eigendelen sin verkelege verdi på balansedagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien. Eigendelar frivillig klassifisert til verkeleg verdi, inngår i banken sin likviditetsbuffer og skal raskt kunne omsetjast. Renteinntekter knytt



til verdipapir er inkludert i «Renteinntekter» etter effektiv rentemetoden. Andre verdiendringar inngår i linja «Netto vinst/tap på finansielle instrument». Banken har ingen finansielle eigendelar i kategorien haldne for handelsføremål. I den andre underkategorien inngår banken si portefølje av sertifikat, obligasjonar og den likvide delen av aksjeporteføljen.

#### **Utlån og fordringar**

Utlån er ikkje-derivative finansielle eigendelar med faste eller bestembare betalningar som ikkje er omsett i ein aktiv marknad. Dei er ikkje definert som eigendelar vurdert til verkeleg verdi over resultat eller finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal. Banken har klassifisert «Kontantar og fordringar til kredittinstitusjonar», "Utlån og fordringar til kredittinstitusjonar» og «Utlån og fordringar til kundar» i denne kategorien. Utlån vert bokført etter amortisert kost i finansrekneskapet.

#### **Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal**

Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal er ikkje-derivative finansielle eigendelar som banken vel å plassera i denne kategorien eller som ikkje er klassifisert i nokon annan kategori. Føremålet med desse eigendelane er å generere inntekter over ein lengre tidshorisont, eller strategiske plasseringar hjå samarbeidspartar. Eiegdelen sin verkelege verdi på balansedagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien.

#### **Rekneskapsføring og måling**

Vanlege kjøp og sal av investeringar vert rekneskapsført på transaksjonstidspunktet, som er den dagen banken forpliktar seg til å kjøpe eller selja eigendelen. Alle finansielle eigendelar som ikkje vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet, vert balanseført første gang til verkeleg verdi pluss transaksjonskostnader.

Finansielle eigendelar som vert ført til verkeleg verdi over resultatet, vert rekneskapsført ved anskaffinga til verkeleg verdi og transaksjonskostnader vert resultatført. Investeringar vert fjerna frå balansen når rettane til å motta kontantstraumar frå investeringa opphøyrer, eller når desse rettane er blitt overført og banken i hovudsak har overført all risiko og heile gevinstpotensialet ved eigarskapet. Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal og finansielle eigendelar til verkeleg verdi over

resultatet, vert vurdert til verkeleg verdi etter balanseføring første gong. Utlån og fordringar vert rekneskapsført til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetoden.

Gevinst eller tap frå endringar i verkeleg verdi av eigendelar klassifisert som «finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet», vert tekne med i resultatrekneskapet under «Netto vinst/tap på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår. Endring i amortisert kost vert resultatført. Urealisert gevinst eller tap for finansielle eigendelar klassifisert tilgjengeleg for sal, vert rekna inn i eigenkapitalen over utvida resultat, med unntak av nedskrivningar ved verdifall, som vert resultatført. Ved avhending, blir akkumulert verdiendring på det finansielle instrumentet som tidligare er rekneskapsført mot eigenkapitalen reversert og verdiendring blir resultatført. Verkeleg verdi av børsnoterte investeringar er basert på gjeldande kjøpskurs. Viss marknaden for verdipapiret ikkje er aktivt, eller viss det gjeld eit verdipapir som ikkje er børsnotert, brukar banken teknikkar for verdisetjing, for å fastsetje den verkelege verdien. Desse omfattar nyleg gjennomførte transaksjonar til marknadsvilkår, henvising til andre instrument som i vesentleg grad er like, og bruk av diskontert kontantstrumanalyse. Teknikkane vektlegg marknadsinformasjon i størst muleg grad og i minst grad selskapsespesifikk informasjon. På kvar balansedag vurderer banken om det finst objektive indikatorar som tyder på at verdien av enkelte eigendelar eller grupper av finansielle eigendelar er forringa. For eigenkapitalinstrument klassifisert som tilgjengeleg for sal, vil ein vesentleg eller ein langvarig reduksjon i verkeleg verdi av instrumentet under anskaffelseskost òg vera ein indikasjon på at eigendelen er utsett for verdifall. Dersom det ligg føra slike indikasjonar og verdi-reduksjonar tidligare har vore ført mot utvida resultat, skal det kumulative tapet som er rekna inn i utvida resultat omklassifiserast til banken sitt resultatrekneskap. Beløpet vert målt som differansen mellom anskaffelseskost og dagens verkelege verdi, med frådrag for tap ved verdifall som tidligare er resultatført.

#### **Innlån og innskot frå og gjeld til kundar**

Innlån vert rekneskapsført til verkeleg verdi når utbetaling av innlånet finn stad, med frådrag for transaksjonskostnader.

I etterfølgjande periodar vert innlån rekneskapsført til amortisert kost utrekna ved bruk av effektiv rente. Forskjellen mellom det

utbetalte lånebeløpet (fråtrekt transaksjonskostnader) og innløysingsverdien, vert resultatført over løpetida til innlånet.

## UTLÅN OG GARANTIIAR

#### **Utlån og garantiar i banken**

Utlån er vurdert til amortisert kost i samsvar med IAS 39. Amortisert kost er definert som balanseført verdi ved måling første gong, justert for mottekne avdrag, ev. akkumulert periodisering av gebyr, provisjonar og liknande, samt ev. nedskrivning for tap. Amortiseringa skal skje ved bruk av effektiv rentemetode. Effektiv rente er den renta som nediskonterer den forventede framtidige kontantstrøm til balanseført verdi av instrumentet.

#### **Utlånsportefølje i bustadkreditselskap**

Indre Sogn Sparebank har ei portefølje av utlån som er plassert i bustadkreditselskapet Terra BoligKreditt AS (TBK). Rekneskapsmessig handsaming av desse lånene kan delast inn i tre kategoriar etter partsstatus:

##### **1. Nye lån**

Når banken etablerer eit nytt lån i TBK, skjer dette ved at ei ny låneavtale vert oppretta der TBK er einaste långivar og part. Det vert utstedt nye lånedokument der det tydeleg går fram at TBK er långivar, og at rolla til banken er å vera ein lokal representant for TBK, mellom anna å ha kontakt mellom kunden og TBK. Banken har soleis ingen partsrolle i låneavtalen, og har aldri hatt ei slik rolle i det låneforholdet som er etablert. Det aktuelle lån har soleis aldri vore ein eigendel i balansen til banken, og frårekning er soleis ikkje ei problemstilling for banken si rekneskapsføring.

##### **2. Nye lån som innfrier lån i banken**

Banken oppretter eit nytt lån i TBK, men heile eller delar av lånet vert nytta til å innfri eit løpande låneforhold i banken. Det forhold at banken ikkje er part i låneavtalen, og heller ikkje har vore part i denne låneavtalen, talar for at slike tilfelle ikkje vert

handsama annleis enn lån under kategori 3.7.2.1, og at det lånet som er innfritt i banken vert frårekna i bankens balanse på vanlig måte.

##### **3. Løpande lån som blir overført frå banken sin balanse til TBK**

Dette er tilfelle der banken har eit løpande låneforhold med ein kunde, og overdreg (cesjon) dette låneforholdet til TBK. I desse tilfella har banken vore part i ein låneavtale med kunden, og det er denne avtalen som blir overdregen til TBK. Det blir i desse tilfella ikkje oppretta nye lånedokument, og TBK overtek banken sine rettar og plikter etter den gjeldande låneavtalen. Slike låneforhold kan gi grunnlag for ei nærare vurdering med omsyn til om lånet kan fråreknast.

Banken si portefølje i TBK er sett saman av lån i kategori 1 og 2. Det er ikkje overført lån i kategori 3.

##### **Varige driftsmidlar**

Forretningsbygningane sin anskaffelseskost er dekomponert og blir avskrivne. Anskaffelseskost inkluderer kostnader som er direkte henførbare til anskaffelsen av eiegedomen. Bygningane vert avskrivne lineært over forventede brukstid. Tomtar er vurdert til revaluert verdi, basert på verddivurderingar utført av eksterne uavhengige takstmenn. Andre varige driftsmidlar vert rekneskapsført til anskaffelseskost, med frådrag for avskrivningar. Påfølgjande utgifter vert lagt til driftsmidla sin balanseførde verdi eller vert balanseført separat, når det er sannsynleg at framtidige økonomiske fordelar knytt til utgifta vil tilflyte banken, og utgifta kan målast påliteleg. Andre reparasjons- og vedlikehaldskostnader vert ført over resultatet i den

perioden utgiftene blir pådregne. Ein auke i balanseført verdi som følgje av revaluering av tomtar, vert rekneskapsførde i utvida resultat og spesifisert separat. Nedregulering av balanseført verdi ved revaluering som utliknar tidligare verdiauke av same driftsmiddel vert òg ført mot verdireguleringsreserve. Ytterligere nedregulering som følgje av revaluering vert resultatført. Kvart år blir differansen ført mellom avskrivningar basert på driftsmidla sin revaluerte verd, resultatførde avskrivningar, og avskrivningar basert på driftsmidla sin anskaffelseskost til opptent eigenkapital. Tomtar vert ikkje avskrivne. Andre driftsmidlar vert avskrivne etter den lineære metoden, slik at anleggsmidlane sin anskaffelseskost eller revaluert verdi, vert avskrive til restverdi over følgjande forventa utnyttbar levetid:

Bygningar 33 år  
Inventar 10 år  
Tekniske installasjonar 10 år  
Edb-utstyr m.m. 3 år  
Kontormaskiner og liknande 3-5 år

Driftsmidla si utnyttbare levetid og restverdi, vert revurdert på kvar balansedag og vert endra dersom nødvendig. Når balanseført verdi på eit driftsmiddel er høgare enn estimert gjenvinnbart beløp, vert verdien skriven ned til gjenvinnbart beløp. Gevinst og tap ved avgang, vert resultatført og utgjer forskjellen mellom salspris og balanseført verdi. Når revaluerte driftsmidlar vert selde, vert revaluert beløp knytt til driftsmidlet overført til opptent eigenkapital.

#### **Verdifall på ikkje-finansielle eigendelar**

Varige driftsmidlar med udefinert utnyttbar levetid, vert ikkje avskrivne og vert årleg vurdert for verdifall. Varige driftsmidlar som vert avskrivne, vert vurdert for verdifall når det ligg føra indikatorar på at framtidige kontantstraumar ikkje kan forsvare balanseført

verdi. Ei nedskrivning vert resultatført med forskjellen mellom balanseført verdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av verkeleg verdi med frådrag av salskostnader og bruksverdi. Ved vurdering av verdifall, vert anleggsmidla gruppert på det lågaste nivået der det er muleg å skilje ut uavhengige kontantstraumar (kontant-genererande einingar). Ved kvar rapporteringsdato vert høve til å reversere tidligare nedskrivningar på ikkje-finansielle eigendelar vurdert.

#### **Skatt**

Betalbar skatt for perioden vert utrekna i samsvar med dei skattemessige lover og reglar som er vedtekne, eller i hovudsak vedtekne av skattestyresmaktene på balansedagen. Det er lovverket i dei land der banken opererer og genererer skattepliktig inntekt som er gjeldande for utrekninga av skattepliktig inntekt. Leiinga vurderer dei standpunkta som er hevda i sjølvmeldingane der gjeldande skattelover er gjenstand for fortolking. Basert på vurderinga til leiinga, vert det teke avsetjingar til forventa skattebetalingar der dette vert vurdert som naudsynt.

Det er utrekna utsett skatt på alle midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar på eigendelar og gjeld. Utsett skatt vert fastsett ved bruk av skattesatsar og skattelover som er vedtekne, i det alt vesentleg er vedteke på balansedagen, og som er forventa å skulle nyttast når den utsette skattefordelen vert realisert eller når den utsette skatten vert gjort opp. Utsett skattefordel vert balanseført i den grad det er sannsynleg at det vil liggja føra framtidig skattbar inntekt, og at dei midlertidige forskjellane kan trekkast frå i denne inntekta.

#### **Kontantar og kontantekvivalentar**

Kontantar og kontantekvivalentar er kontantar og innskot i Noregs Bank.

## PENSJONSKOSTNADER OG PENSJONSPLIKTER

### **Pensjonsforpliktingar, bonusordningar og andre kompensasjonsordningar overfor tilsette**

#### **Pensjonsforpliktingar**

Banken si pensjonsordning oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap, fastsett basert på periodiske aktuarberekningar. Banken har to pensjonsordningar: Ein ytingsplan og ein innskotsbasert ordning. Ytingsplanen gjeld for alle tilsette før 1. desember 2012 og er lukka for nye tilsette etter denne datoen. Den innskotsbaserte ordninga gjeld for tilsette før 1. desember 2012 som frivillig har gått over til ordninga, og alle nye tilsette etter 1. desember 2012. Typisk for ein ytingsplan, er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil få ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av ein eller fleire faktorar slik som alder, tal år i selskapet og løn. Den balanseførde forpliktinga knytt til ytingsplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga vert utrekna årleg av ein uavhengig aktuar som brukar ein lineær oppteningsmetode. Noverdien av dei definerte ytingane vert bestemt ved å diskontera estimerte framtidige utbetalingar med renta på ein langsiktig statsobligasjon. Endringar i pensjonsplanen sine ytingar vert kostnadsført eller inntektsført løpande i resultatrekneskapet, med mindre rettane etter den nye pensjonsplanen føreset

at arbeidstakaren blir verande i teneste i ein spesifisert tidsperiode, oppteningsperioden. I dette tilfellet vert kostnaden knytt til endra ytingar amortisert lineært over oppteningsperioden. Endring i estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadane, blir ført i utvida resultat netto etter skatt.

#### **Bonusplanar**

Når banken har vedteke bonusar, blir dei kostnadsførde. Utbetaling og vedtak skjer vanlegvis i februar kvart år.

#### **Avsetningar**

Banken rekneskapsfører avsetningar for rettslege krav når det eksisterer ein juridisk eller sjølvpålagt forplikting som følgje av tidligare hendingar, det er sannsynlegheitsovervekt for at forpliktinga vil koma til oppgjør i form av ei overføring av økonomiske ressursar og storleiken på forpliktinga kan estimerast med tilstrekkeleg grad av truverde. I tilfelle der det ligg føra fleire forpliktingar av same natur, vert sannsynlegheita for at forpliktinga vil koma til oppgjør, fastsett ved å vurdere gruppa under eitt. Avsetning for gruppa vert rekneskapsført sjølv om sannsynlegheita for oppgjør knytt til gruppa sine enkeltelement kan vera låg. Avsetjingar vert målt til noverdien av forventa utbetalingar for å innfri forpliktinga. Det vert nytta ein diskonteringsats før skatt som reflekterer noverande marknadssituasjon og risiko spesifikk for forpliktinga. Auken i forpliktinga som følgje av endra tidsverdi vert ført som rentekostnad.

# NOTAR



## INNHALDSLISTE NOTAR

1. Finansiell risikostyring
2. Viktige rekneskapestimat og skjønsmessige vurderingar
3. Netto rente og kredittprovisjonsinntekter
4. Utbyte
5. Provisjonsinntekter med vidare
6. Provisjonskostnader med vidare
7. Netto vinst/tap på finansielle instrument
8. Løn og generelle administrasjonskostnader
9. Løn m.m. og lån til tilsette og tillitsvalde
10. Andre driftskostnader
11. Skattekostnad
12. Resultat per eigenkapitalbevis
13. Kontantar og fordringar på sentralbanken
14. Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar
15. Utlån til kundar, kredittar, garantiar, tap på utlån og garantiar
16. Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet
17. Finansielle eigendelar og forpliktingar
18. Spesifikasjon verdipapir tilgjengeleg for sal
19. Utsett skattefordel
20. Varige driftsmidlar
21. Overtekne og andre eigendelar
22. Gjeld til kredittinstitusjonar
23. Innskot frå kundar
24. Gjeld ved utsteda verdipapir
25. Anna gjeld
26. Pensjonsforpliktingar
27. Ansvarleg lånekapital
28. Eigarandelskapital og eigarstruktur
29. Ansvarleg kapital og kapitaldekning
30. Garantiansvar
31. Pantsetjingar og betinga forpliktingar, trekkrettar
32. Forfall av forpliktingar
33. Tid til avtalt/sannsynleg endring av rentevilkår
34. Hending etter balansedag



# 1. FINANSIELL RISIKOSTYRING

Drifta av banken er bunden av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kreditt-risiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg ein operasjonell risiko.

Styret har fastsett rammer for risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Det er fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda og det er vedteke ein eigen finansstrategi. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bankverksemda. Det er fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa.

Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva verknad det kan ha for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vera meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett seg mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffa tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under desse måla.

## **Kredittrisiko**

Kredittrisiko er risiko for tap som skuldast at kundar/motpartar ikkje oppfyller betalingsforpliktingane sine overfor banken. Kredittrisiko vedkomande alle fordringar på kundar/motpartar, utlån, kredittar, garantiar, uoppgjorte handlar, unytta kredittar og verdipapir og motpartsrisiko som oppstår gjennom derivat. Kredittrisiko er avhengig av mellom anna storleiken på fordringa, tid for forfall, sannsynlegheit for mislighald og eventuelle verdi på trygda. Kredittap kan òg oppstå som følgje av operasjonelle feil. Bankens sin mest vesentlege risiko, er kreditttrisiko som hovudsakeleg er knytt til utlån.

Kredittrisiko vert styret gjennom banken sin kredittstrategi. Det er utarbeidd kreditthandbøker med policyar, rutinar og administrativ fullmaktsstruktur for styring av kreditttrisiko. Kreditthandboka klargjer mellom anna krav til dokumentasjon og betjeningsevne for kundar som får innvilga kreditt og krav til trygd for engasjementa. Risiko i porteføljen blir kontinuerleg overvaka for å avdekke sannsynlegheit

for misleghald og for å kalkulere tap dersom misleghald inntreff.

Kredittrisikoen til banken er hovudsakeleg små enkeltrisikoar mot privat- og bedriftskundemarknaden. Etablert risikohandtering skal sikre at kreditttrisiko er i samsvar med banken sin risikovilje.

## **Trygd**

Verdien av deponert trygd skal vera tilstrekkeleg til å sikre engasjementet ved eventuell realisering, både på kort og lang sikt. Sikkerheitsobjekt som er ukjende for banken, skal dokumentera verdien sin gjennom offentleg takst der det er relevant.

Som trygd for banken si utlånsportefølje blir det hovudsakleg nytta:

- pant i fast eigedom
- registrerbart lausøyre, landbrukslausøyre og driftstilbehør
- fordringar og varelager
- pant i bankinnskot
- finansiell pant registrert i VPS, aksjar og obligasjonar
- kausjonistar

Generelt vert det kravd trygd for alle typar lån, med unntak av lønskontokreditt.

Banken hadde overtekne eigendomar per 31.12.2010, som trygd for engasjement på bustadeigedom. Sjå note 21 for talfesting av overtekne eigendomar.

## **Konsentrasjonsrisiko**

Banken er ikkje generelt eksponert mot få, store næringskundar. Eksponeringa er spreidd geografisk, omsyneteke banken sin marknadsdel. For å sikre diversifisering, er det gitt rammer for eksponering i bransjar, fylke og per kunde. Sjå note 15 for talfesting av store engasjement.

## **Engasjementsstorleik**

Eit engasjement er definert som kunden sitt utlån, garantiar og unytta trekkammer. Det utgjer banken sin maksimale kreditt-risiko. Totale engasjement kjem fram i note 15 fordelt på sektorane næring og privat. Store engasjement blir rapportert på egne

lister og rapportar til styret. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp utviklinga i store engasjement. Bankens sin utlånsverksemd vert styrd av adm. banksjef.

## **Risikoklassifisering**

### **System**

Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderinga. Systemet stettar kravet til ei god overvaking av risikoutviklinga i banken si utlånsportefølje. Utlånsvolumet er delt i fem kategoriar frå A til E, der D er lån med høg risiko og E er problemengasjement. Banken nyttar klassifiseringssystem utvikla av Skandinavisk Data Center A/S. Alle kundar med engasjement over NOK 100.000 skal risikoklassifiserast minst ein gong i året. Bankens sine utlån og garantiar er delt inn i låg, normal og høg risiko. Risikoklassifiseringssystemet til banken, skil mellom kundar med ulik betalingsevne, finansiell styrke og kvalifisert trygd. I tillegg vert kvart næringslivsengasjement vurdert ut frå forhold ved bedrift og leiing. Ved utgangen av 2012 var dei aller fleste næringslivsengasjementa og personkundeengasjementa klassifiserte. Klassifiseringa av utlån er ikkje fullstendig. Til no omfattar ikkje klassifiseringa nye næringslivsengasjement under NOK 100.000, engasjement utan historikk og mindre engasjement i banken.

### **Bedriftsmarknad**

Ved vurdering av risiko innafor banken sine næringsengasjement, vert følgjande tre hovudkomponentar vektlagde:

- Økonomi (50 %)
- Trygd (25 %)
- Kvalitative forhold (25 %)

Komponenten økonomi er sett saman av følgjande forholdstal, totalrentabilitet, soliditet, rentedekningsgrad og likviditet.

Komponenten trygd for næringslivsengasjement er ulike objekt. Dei mest brukte er trygd i fast eigedom der banken etter sine retningslinjer set realisasjonsverdien til 80 % av bokført verdi. Anna trygd er driftslausøyre, motorvogn/anleggsmaskiner, varelager og fordringar som banken etter sine retningslinjer verdset til 30-50 % av bokført verdi (RE-verdi).

Kvalitative forhold er sett saman av interne faktorar (50 %) og eksterne faktorar (50 %). Interne faktorar som blir vurdert skjønsmessig er eigar/leiing/organisasjon, økonomistyring/planlegging og anlegg/lokalisering. Eksterne faktorar som blir vurdert skjønsmessig er bransje/produkt, marknad/konkurrentar og kunde/leverandørar.

### **Personmarknad**

Ved vurdering av risiko innanfor personmarknaden til banken, vert følgjande tre hovudkomponentar vektlagde:

- Økonomi (50 %)
- Trygd (40 %)
- Kvalitative forhold (10 %)

Komponenten økonomi er sett saman av følgjande forholdstal netto likviditet, netto formue, gjeldsgrad og brutto inntekt.

Komponenten trygd er hovudsakleg trygd i fast eigedom for personkundeengasjement. I bankens sine retningslinjer vert realisasjonsverdien (RE-verdien) av den faste eigedomen sett til 80 % av takst eller tilsvarande informasjon om eigedomen. Av anna trygd kan nemnast fritidseigedom, bil og kausjon.

Kvalitative forhold er sett saman av interne faktorar (50 %) og eksterne faktorar (50 %). Interne faktorar som vert vurdert skjønsmessig er betalingsvilje. Eksterne faktorar som vert vurdert skjønsmessig er arbeidsgivar og buplass. Sjå note 15 for ytterligere opplysingar om risikoklassifisering av bedrifts- og personkundar.

### **Misleghaldne og tapsutsette engasjement**

Kredittrisiko på utlån og garantiar kjem som følgje av at engasjement vert misleghaldne eller det skjer hendingar som gjer det svært sannsynleg at engasjementet vil bli påført tap på eit seinare tidspunkt. Eit engasjement vert vurdert som misleghaldne når kunden ikkje har betalt forfallen termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrett på rammekreditt ikkje er dekkja inn innan 90 dagar etter at rammekreditten ble overtrett. Misleghaldne engasjement blir gjennomgått og handsama fortløpande av administrasjonen i banken. Styret i banken mottek månadleg rapportar vedkomande utviklinga på misleghald. Sjå note 15 for opplysningar om misleghaldne

og tapsutsette utlån og trygda for desse. Tapsutsette engasjement, er engasjement som ikkje er misleghaldne, men der kunden sin økonomiske situasjon inneber ei stor sannsynlegheit for at eit allereie oppstått tap vil materialisere seg på eit seinare tidspunkt. Rentene på slike utlån løper som normalt inntil misleghaldet oppstår.

### **Nedskrivingar**

Dersom det ligg føra objektive indikasjonar for tap på engasjement, blir engasjementet nedskrive til verdien av framtidige kontantstraumar neddiskontert basert på effektiv rente. Utlånsporteføljen er delt inn i grupper med tilnærma lik risikoprofil, og blir nedskreven dersom det ligg føra objektive indikasjonar for tap på grupper. Individuelt vurderte lån blir trekt ut av tilhøyrande gruppe og er ikkje med i grunnlaget for gruppenedskrivingar.

Banken gjennomgår portefølje av utlån og garantiar og føreteke individuelle nedskrivingar. Gruppenedskrivingar på utlån og garantiar blir føreteke med basis i risikoklassifiseringa og modellen for gruppenedskriving byggjer på bransjeinndeling av kundane, offentlege tilgjengelege konkurssannsynlegheiter og forventta restverdi på objekta.

### **Kredittrisiko på verdipapir**

Kredittrisiko i obligasjonsportefølje kjem som følgje av konkurs, gjeldsforhandlingar eller makroendingar. Som følgje av denne risikoen, vert det i rutina nytta rammer for plasseringar slik at banken fordeler risiko på mange selskap.

Banken ynskjer at porteføljen av finansielle instrument skal ha ein låg kredittrisikoprofil, og det fortrinnsvis blir investert i bankar, solide føretak og stat og statsgaranterte føretak. Kredittkvaliteten vert vurdert som tilfredstillande.

Banken har ikkje investeringar i verdipapir i framand valuta.

### **Marknadsrisiko**

Marknadsrisiko er risikoen for tap og gevinst som følgje av i marknadsparemeter som rente, valutakursar, aksje- eller råvareprisar. Marknadsrisiko som banken står overfor, er hovudsakeleg renterisiko og inkluderer potensielle svingingar i verdien av fastrenteinstrument eller finansielle instrument knytt

til ein marknadsbenchmark (NIBOR flytende pengemarknadsrente) som følgje av endringar i marknadsrenter, og i framtidige kontantstraumar for finansielle instrument til flytande rente. Priserisiko kjem av endringar i marknadsprisar, enten som følgje spesifikke faktorar knytt til eit individuelt finansielt instrument eller utstedar, eller faktorar som påverkar alle instrument handla i ein marknad. Det kan til dømes handle om endringar i prisar eller volatilitet på aksjar eller aksjeindeksar. Rentepapir, aksjar og aksjefond er eksponert for denne risikoen. Det mest vesentlege av marknadsrisiko relaterer seg til verdipapirmarknaden representert ved eigne verdipapirbeholdningar. Hovudtyngda av porteføljen til banken er plassert i likvide obligasjonar med avgrensa risiko for store fall i marknadsv verdien. Forvaltninga er underlagt rapporterings- og posisjonsrammer fastlagt av styret. Rammene skal avgrense risikoen, og desse rammene blir gjennomgått minst ein gong i året.

### **Priserisiko**

Banken sin samla marknadsrisiko blir vurdert ut i frå stressscenario utarbeidd i tråd med anbefalingar frå Finanstilsynet og Baselkomiteen.

### **Valutarisiko**

Banken har ingen vesentleg valutaeksponering. Valutapostar er avgrensa til setlar i utanlandsk valuta (valutakasse) og garantiar for formidla lån i utanlandsk valuta. Kundane har stilt trygd i fast eigedom for valutalånsgarantiane og verdien av trygda er vesentleg høgare enn forpliktinga. Ved ei utvikling i valutakursen som medfører at kundens lån blir høgare, vil banken stille krav om tilleggstrygd.

### **Renterisiko**

Banken er òg eksponert for renterisiko knytt til tap av rentenetto. Risikoen kjem fram som resultat av ulik rentebindingstid på ulike aktiva- og passivapostar i og utanfor balansen. Desse er obligasjonar, utlån til kundar, garantiar, innskot og verdipapirgjeld. Ei endring i marknadsrenta, vil gje auke eller reduksjon i banken sin rentenetto som følgje av det. Styret i banken har sett ramme for banken sin renterisiko og eksponering til 2 mill kroner som maksimalt negativt utslag. Sjå note 33 for talfesting av sensitivitet ved 1 % renteendring. Renteberande

verdipapirplasseringar, utlån, innskot frå kundar, finansinstitusjonar og låneopptak i marknaden er alle knytt til flytande rente. Utanom balansepostar, gjeld banken sitt løpande garantiansvar som er knytt til flytande rente. Renterisikoen blir månadleg rapportert til styret. Ulik rentebinding og referanserenter på utlån og innlån gir utslag på rentenetto i banken. Renterisiko blir redusert ved at innlån og utlån i høg grad blir tilpassa same rentevilkår.

### **Likviditetsrisiko**

Likviditetsrisiko kan enkelt forklarast som banken si evne til å gjera opp eiga gjeld ved forfall. Når banken sine lånekundar ynskjer ei langsiktig finansiering og banken sine innskotskundar vil disponere innskota sine med kort varsling, har banken ein likviditetsrisiko. Finansiering av dette gapet er gjort ved at banken har teke opp lån i Noregs Bank, i den opne marknaden og avtalt trekkramme med DNB på NOK 125,000 mill. Banken har vedteke ein likviditetsstrategi der likviditetsindikator 1 skal vera 105 eller høgare. Likviditetssituasjonen for banken er vurdert tilfredsstillande. Utviklinga av likviditetsrisikoen blir månadleg rapportert til styret som karakteriserer risikoen som tilfredsstillande. Sjå årsmeldinga frå styret for beskriving av bankens styring av risiko og note 32 for talfesting av forfall på forpliktingar.

### **Operasjonell risiko**

Den operasjonelle risikoen til banken er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande prosesser eller system, menneskelege feil, eksterne hendingar og juridisk risiko. Denne type risiko og kjelder til tap ligg i den løpande drifta av banken. Banken har utarbeidd policyar, rutinar, fullmaktstrukturar med vidare. Det saman med veldefinerte og klare ansvarsforhold, er tiltak som reduserer den operasjonelle risikoen. Det er vidare teikna hensiktsmessige forsikringsordningar, og utarbeidd relevante beredskapsplanar for å handtere krisesituasjonar.

### **Kapitalforvaltning**

Banken sitt mål vedkomande kapitalforvaltning, er å sikre framleis drift for å gi eigenkapitalbevisegarane ei god avkastning og oppretthalde ein optimal kapitalstruktur for å redusera kapitalkostnadene.

Gjennom lovverket, er banken underlagt eit regelverk for minstekrav til kapitaldekning og soliditet. CEBS (Committee of European Banking Supervisors) har utarbeidd retningslinjer for prosessar for styring av risiko og kapitalbehov i form av ICAAP (Internal Capital Adequacy Assessment Process). Styret har ansvaret for å initiere ICAAP-prosessen og kapitalplanlegginga, og set mål for eit kapitalnivå som er tilpassa banken sin risikoprofil og forretningmessige rammevilkår. ICAAP-prosessen er ein integrert del av banken si samla risikostyring.

Sjølv om Indre Sogn Sparebank prisar inn ein forventta tapskostnad, må banken ha kapitalreservar for å dekke uventa tap. Gjennom ICAAP vert risikojustert kapital utrekna for alle risikoområde, og banken gjennomfører stress-testing for å identifisera forhold som kan påverke risikobildet og kapitaldekninga i negativ retning. Risikojustert kapital angir kor stort tap som kan oppstå under ekstreme forhold, og er ein sentral storleik i vurderinga av banken sitt behov for eigenkapital for å drive verksemda på ein forsvarleg måte. Den risikojusterte kapitalen og lovmessig minstekrav vert samanholden mot banken sin faktiske eigenkapital.

Banken skal ha ein spreidd forfallsstruktur på innlåna sine. Samla forfall på banken si langsiktige finansiering i eit einskild kalenderår skal i utgangspunktet ikkje overstiga 10 % av banken sin forvaltningskapital.

Samla forfall på banken si verdipapirgjeld i eit einskild kalenderår, skal ikkje overstiga 10 % av banken sin forvaltningskapital. Banken si innskotsdekning (tilhøvet mellom innskot og utlån) skal være høgare enn 65 %. Fell innskotsdekninga under 65 % skal styret gjera tiltak.

Likviditetsindikatorane for banken skal ikkje vera lågare enn:

	Indikator 1	Indikator 2
<b>Indikator inklusive TBK</b>	100	105
<b>Indikator for banken utan TBK</b>	105	115

Banken sitt mål på kjernekapital er 15,5 %. Kjernekapitalbehovet er rekna ut på basis av årleg ICAAP.

Indre Sogn Sparebank sitt resultat vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapital- beviskapitalen. Banken nyttar

inngående balanse for egenkapitalbeviskapitalen med tillegg av utjamningsfond ved utrekning av eigarbrøken. Indre Sogn Sparebank tek sikte på at 50 % av resultatet i høve til eigarbrøken vert utbetalt som utbytte, resten vert lagt til utjamningsfondet og om lag 50 % av resultatet i høve eigarbrøken vert fordelt som gåver/overført til ei samfunnsnyttig stifting. I vurderinga av utdeling av årets overskot til utbytte og gåver, vil det bli lagt vekt på at egenkapital- bevisegarane sin del av samla egenkapital bør haldast stabil tilnærma lik eigarbrøken pr. 01.01.2010.

## 2. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNSMESSIGE VURDERINGAR

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historisk erfaring og andre faktorar, inklusive forventningar om framtidige hendingar som er forventa å vera sannsynlege under noverande omstende. Banken forventar ingen endringar i nøkkelføresetnadene som vil medføre vesentlege endringar i bokførte verdier av eigendelar og forpliktingar i løpet av neste år.

**Viktige rekneskapsestimat og føresetnader**  
Banken utarbeidar estimat og føresetnader knytt til framtida. Dei rekneskapsestimata som følgjer av dette vil per definisjon sjeldan vera fullt ut i samsvar med det endelege utfalla. Estimat og føresetnader som representerer ein betydeleg risiko for vesentlege endringar i balanseført verdi på eigendelar og gjeld i løpet av neste rekneskapsår, vert drøfta nedanfor.

### a) Tap på utlån og garantiar

Individuelle og gruppenedskrivningar blir utført når det ligg føra objektive indikasjonar for tap på utlån og garantiar. Vurderingane er basert på lokale og nasjonale observasjonar. Banken nyttar historiske erfaringar, risikoklassifiseringa og objektive indikasjonar til å fastsette nedskrivninga.

### Strategisk risiko

Strategisk/forretningsmessig risiko er risikoen for at verdiane av gjeld og eigendelar vert endra på grunn av faktorar i marknaden. Dette krev ei kontinuerleg vurdering av konkurranse-situasjonen, banken sine produkt og endringar i banken sine rammevilkår.

### Omdømerisiko

Risiko for at banken blir påført tap eller kostnader som følgje av at omdøme til banken blir svekka ved manglande kontrollrutinar.

### b) Pensjonsforpliktingar

Endringar i pensjonsforpliktingar er basert på estimat for levetid, rentesatsar med vidare. Usikkerheit er knytt til desse estimata.

### c) Verdivurdering faste eigedomar

Ved overgang til IFRS, vart det føreteke nye verdivurderingar av banken sine faste eigedomar basert på takst. Ved etterfølgjande verdimålingar, vil prinsippet om avskriven historisk kost bli nytta.

### d) Verkeleg verdi på finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, blir fastsett ved å nytte verdsetjingsteknikkar. Vurdering av verkeleg verdi på tilgjengeleg for sal investeringar som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, er mellom anna basert på investeringsobjektet si økonomiske stilling og likviditet, marknadstilhøve i den aktuelle bransje og endringar i teknologi. Dersom det ligg føra indikatorar på eit langvarig eller betydeleg fall i verkeleg verdi, skal investeringa nedskrivast.

## 3. NETTO RENTE OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER

	i 1.000 kr	
	2012	2011
<b>Renteinntekter</b>		
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	4.393	6.155
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar	130.917	120.431
Renter og liknande inntekter av sertifikat og obligasjonar	5.642	6.395
Andre renteinntekter og liknande inntekter	6	0
<b>Sum renteinntekter</b>	<b>140.958</b>	<b>132.981</b>
<b>Rentekostnader</b>		
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar	6.139	7.305
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kunder	43.383	38.286
Renter og liknande kostnader på verdipapir	26.709	31.450
Renter og liknande kostnader på ansvarleg lån	9.609	8.947
Andre rentekostnader og liknande kostnader	0	32
<b>Sum rentekostnader</b>	<b>85.840</b>	<b>86.020</b>
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>55.118</b>	<b>46.961</b>
Av dette renteinntekter på nedskrivne lån	1.044	824

## 4. UTBYTTE

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Verkeleg verdi over resultatet	470	379
Tilgjengeleg for sal	21.009	2.431
<b>Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning</b>	<b>21.479</b>	<b>2.810</b>

## 5. PROVISJONSINNTEKTER MED VIDARE

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Garantiprovisjon	1.838	1.901
Betalingsformidling	6.117	6.618
Verdipapirteneste og forvaltning	292	302
Forsikringsprodukt	2.547	2.573
Provisjon Terra Boligkreditt AS	2.131	1.412
Andre provisjonar og gebyr	1.981	2.436
<b>Sum provisjonsinntekter med vidare</b>	<b>14.906</b>	<b>15.242</b>



## 6. PROVISJONSKOSTNADER MED VIDARE

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Verdipapirteneste og forvaltning	0	77
Nets kostnader	2.073	2.702
Formidlingsprovisjon	134	141
Andre kostnader	112	105
<b>Sum provisjonskostnader med videre</b>	<b>2.319</b>	<b>3.025</b>

## 7. NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Netto vinst/tap på sertifikat og obligasjoner	2.406	-839
Netto vinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	-1.805	-1.551
Netto vinst/tap på valuta	240	345
<b>Netto vinst/tap på finansielle instrument</b>	<b>841</b>	<b>-2.045</b>
	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Netto vinst/tap på finansielle instr. til verkeleg verdi over resultatet	4.953	-2.390
Netto vinst/tap på finansielle instr. tilgjengeleg for sal	-4.352	0
Netto vinst/tap på valuta	240	345
<b>Netto vinst/tap på finansielle instrument i driftsresultat før skatt</b>	<b>841</b>	<b>-2.045</b>
	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Netto vinst/tap på finansielle instrument tilgjengeleg for sal	-15.904	2.496
<b>Netto vinst/tap på finansielle instrument i utvida resultat</b>	<b>-15.904</b>	<b>2.496</b>

## 8. LØN OG GENERELLE ADMINISTRASJONSKOSTNADER

	i 1.000 kr	
	2012	2011
<b>Løn og generelle administrasjonskostnader</b>		
Løn til tilsette	17.176	17.480
Honorar til styre og tillitsmenn	350	369
Pensjonar	1.579	1.654
Arbeidsgjevaravgift	2.430	2.345
Andre personalkostnader	1.176	678
<b>Personalkostnader</b>	<b>22.711</b>	<b>22.526</b>
Kurs, velferd	529	255
Honorar eksterne tenester	352	290
Kontorrekvisita, blankettar, trykksaker	514	613
Telefon, porto, frakt	617	867
Reklame, annonsar, marknadsføring	2.069	1.844
Diett, reiser, andre utgifter	397	406
Edb-kostnader	4.775	5.151
Andre kostnader	74	370
<b>Administrasjonskostnader</b>	<b>9.327</b>	<b>9.796</b>
<b>Sum løn og generelle administrasjonskostnader</b>	<b>32.038</b>	<b>32.322</b>
Tal årsverk pr 31.12.	36,7	38,5
Lærling	1,0	0,0
Gjennomsnittleg tal årsverk i året	37,6	39,1

## 9. LØN M.M. OG LÅN TIL TILSETTE OG TILLITSVALDE

### Utlån til tillitsvalde, leiande tilsette og deira nærstående

Tillitsvalde/leing	Utlån	
	31.12.2012	31.12.2011
<b>Styret</b>		
Siri Lagmannsås, leiar	0	0
Leif Åberge, nestleiar	847	1.726
Sonja-Mari H. Atterås, medlem i 2011		622
Harald Blaaflat Mundal, medlem	161	252
*Janne Dokken, medlem	1.357	1.399
Siv Enerstvedt, medlem	992	890
<b>Sum styret</b>	<b>3.357</b>	<b>4.889</b>
<b>Kontrollkomiteen</b>		
Gunnar Hæreid, leiar	0	0
Mona Nyttun, medlem	0	0
Niels Larsen, medlem	1.354	800
Inger Molland Bø, medlem	0	0
<b>Sum kontrollkomiteen</b>	<b>1.354</b>	<b>800</b>
<b>Leiande tilsette</b>		
*Egon Moen, adm. banksjef	2.059	2.067
*Karin Vikane, ass.banksjef	600	600
<b>Sum leiinga</b>	<b>2.659</b>	<b>2.667</b>
<b>Sum forstandarskap</b>	<b>9.116</b>	<b>9.406</b>
<b>Sum utlån/innskot andre tilsette</b>	<b>47.810</b>	<b>51.896</b>
<b>Totalsum utlån/innskot</b>	<b>64.296</b>	<b>69.658</b>

\* Lån til tilsette i Indre Sogn Sparebank. I sum lån til forstandarskap inngår:  
kr. 2.868 mill. lån til tilsette per 31.12.2012 og kr. 2.950 mill. lån til tilsette per 31.12.2011.

### Lån til styremedlemar, leiande tilsette og deira nærstående (i 1.000 kr.)

Lån til nærstående partar	2012	2011
Lån til styremedlemar og leiande tilsette		
Balanseført verdi 01.01.	7.555	5.611
Lån gitt i løpet av året	401	3.249
Lån tilbakebetalt i løpet av året	1.319	2.195
Belasta renter	167	238
Innbetalte renter	167	238
Endring som følgje av endring i styret	-622	890
<b>Balanseført verdi 31.12.</b>	<b>6.015</b>	<b>7.555</b>

### Lånevilkår til styremedlemar, tilsette og deira nærstående

#### Lånevilkår til styreleiar og dagleg leiar

Namn:	2012			
	Lånebeløp	Lånetype	Renter	Utløpsdato
Siri Lagmannsås	0			
Egon M. Moen	1.400	Flexilån	1,25 %	Ingen
Egon M. Moen	600	Flexilån	3,25 %	Ingen
Egon M. Moen	59	Kontokreditt	4,20 %	Ingen

Namn:	2011			
	Lånebeløp	Lånetype	Renter	Utløpsdato
Siri Lagmannsås	0			
Egon M. Moen	1.400	Flexilån	1,60 %	Ingen
Egon M. Moen	600	Flexilån	3,60 %	Ingen
Egon M. Moen	67	Kontokreditt	5,20 %	Ingen

#### Lånevilkår til styremedlemar og tilsette

Indre Sogn Sparebank har ikkje ytt lån til styremedlemar med betre vilkår en ordinære vilkår. Banken har heller ikkje ytt lånt til tilsette med vilkår som avvik frå dei generelle vilkåra som gjeld for tilsette.

### Godtgjersle til tillitsvalde og leiande tilsette (i 1.000 kr.)

	2012	2011
<b>Godtgjerelse til leiande tilsette:</b>		
Løn og andre kortsiktige ytingar til adm. banksjef Egon M. Moen	935	899
Innbetalt pensjonspremie	540	319
Andre skattepliktige ytingar til adm. banksjef	8	16
<b>Sum adm. banksjef</b>	<b>1.483</b>	<b>1.234</b>
Løn og andre kortsiktige ytingar til ass. banksjef Karin Vikane	684	637
Innbetalt pensjonspremie	127	86
Andre skattepliktige ytingar til ass. banksjef	3	8
<b>Sum ass. banksjef</b>	<b>814</b>	<b>731</b>
<b>Godtgjerelse til leiande organ:</b>		
<b>Styret:</b>		
Styreleiar Siri Lagmannsås	57	52
Nestleiar i styret Leif Åberge	35	30
Styremedlem Siv Enerstvedt	36	26
Styremedlem Harald Blaaflat Mundal	35	32
Tilsettere representant Janne Dokken	31	28
<b>Sum styret</b>	<b>194</b>	<b>168</b>
<b>Kontrollkomiteen:</b>		
Leiar Gunnar Hæreid	25	26
Medlem Mona Nythun	9	7
Medlem Niels Larsen	11	9
Medlem Inger Molland Bø	13	10
<b>Sum kontrollkomiteen</b>	<b>58</b>	<b>52</b>
<b>Forstandarskapet:</b>		
Leiar Kirsti Eklund	10	10
Andre medlemar	16	43
<b>Sum forstandarskap</b>	<b>26</b>	<b>53</b>
<b>Revisjonshonorar:</b>		
Lovpålagt revisjon	690	549
Andre tenester revisjon	224	129
<b>Sum revisjon</b>	<b>914</b>	<b>678</b>

### Stadfesting:

Løn til adm. banksjef Egon M. Moen var i 2012 NOK 935.081 (i 2011 NOK 899.027). I tillegg utgjer pensjonspremien for adm. banksjef NOK 540.679 og andre godtgjersler NOK 8.168. Adm. banksjef har avtale om etterløn rekna til full kompensasjon i 1 år dersom oppseiing samt leiar-utvikling tilsvarande 3 månadsløner. Det ligg ikkje føra avtale om særskild pensjonsalder for adm. banksjef og spesielle rettar knytt til pensjonering. Adm. banksjef har heller ingen avtalar om avlønning m.m. utover det dei andre tilsette i banken har. Ein føresetnad for låneopptaket i Statens finansfond, er at løn og anna godtgjersle til adm. banksjef ikkje vert auka fram til 31.12.2010. For perioden etter 31.12.2010 skal vilkåra for løn og anna godtgjersle vera i samsvar med gitte krav jf. note 23.

Endringar i løn og godtgjersle til adm. banksjef Egon M. Moen vert fastsett og godkjend av styret. Retningslinjer for godtgjersle til adm. banksjef skal fastsettast i avtale mellom adm. banksjef og styret og godkjennast av forstandarskapet. Anna godtgjersle til leiande personale er

fastsett i avtale mellom tilsette og leing. Løn og godtgjersle til andre leiande tilsette vert fastsett av adm. banksjef innanfor rammer gitt av styret i banken. Styret skal informerast om honoreringsprinsipp for leiande personale.

Det er ingen tillitsvald som har avvikande lånevilkår frå banken sine ordinære vilkår. Det er ingen spesialvilkår knytt til noko lån ut over vedtekne vilkår for lån til tilsette og adm. banksjef. Dette er 2 % under lågaste utlånsrente i banken for inntil 70 % av godkjent pant og rest 30 % til beste bustadrente. Låneramma er NOK 1,400 mill. og avgrensa til 3,5 x brutto løn, løyvd som rammekreditt ut tenestetida.

## 10. ANDRE DRIFTSKOSTNADER

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Driftskostnader fast eigedom	2.006	1.811
Drifts- og leigekostnader leigde lokale	1.987	1.669
Kostnadsført kjøp maskiner og inventar	280	326
Ekstern revisjon og konsulenthonorar	914	678
Andre kjøpte tenester	902	759
Forsikring, ran	120	130
Kostnader vedkomande eigne verdipapir	1.075	1.068
Andre ordinære tap	56	46
Driftskostnader overtekne eigendelar	3	147
Kostnader Terra og medlemskontingentar	3.655	2.973
Inkasso	131	88
Reparasjon, vedlikehald maskiner og inventar	918	679
Andre driftskostnader	139	112
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>12.186</b>	<b>10.486</b>
<b>Godtgjersle til revisor</b>		
Revisjon	690	549
Rådgiving	224	129
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>914</b>	<b>678</b>
<b>Spesifikasjon</b>		
Lovpålagt revisjon	549	549
Andre attestasjonstenester	141	30
Skatterådgiving inkl. teknisk bistand likning	6	9
Andre tenester utanfor revisjon	218	90
<b>Sum honorar til revisjon</b>	<b>914</b>	<b>678</b>

Honoraret er inklusiv 25 % meirverdiavgift.



## 11. SKATTEKOSTNAD

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Betalbar inntektsskatt	3.496	2.285
Formuesskatt	550	427
For lite/mykje avsett tidlegare år	-38	12
Sum betalbar skatt	4.008	2.724
Endring i utsett skatt	3.112	-581
Endring i utsett skatt i utvida resultat	-937	486
Trekk kjeldeslett	0	0
<b>Skattekostnad</b>	<b>6.183</b>	<b>2.629</b>
<b>Avstemming av skattekostnad</b>		
Resultat før skatt	37.449	10.832
Berekn skattekostnad 28 %	10.486	3.033
Ikkje skattepliktig inntekt	-6.069	-1.608
Ikkje frådragsberettiga kostnad	1.216	777
Formuesskatt	550	427
<b>Skattekostnad</b>	<b>6.183</b>	<b>2.629</b>

## 12. RESULTAT PER EIGENKAPITALBEVIS

Resultat per eigenkapitalbevis er utrekna ved å dele den delen av årsresultatet som er tilordna banken sine eigenkapitalbevisegarar med eit vega gjennomsnitt av tal utsteda ordinære eigenkapitalbevis gjennom året, fråtrekt egne eigenkapitalbevis.

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Årsresultat som er tilordna banken sine eigenkapitalbevisegarar	10.806	2.621
Vega gjennomsnitt av tal utsteda eigenkapitalbevis (tusen)	632,5	632,5
<b>Resultat per eigenkapitalbevis</b>	<b>17,08</b>	<b>4,14</b>

### Utvatna resultat per eigenkapitalbevis

Ved utrekning av utvatna resultat per eigenkapitalbevis, vert det vega gjennomsnitt av tal utsteda ordinære eigenkapitalbevis i omløp regulert for effekten av konvertering av alle potensielle eigenkapitalbevis som kan føra til utvatning. Banken har ingen potensielle eigenkapitalbevis som kan føra til utvatning, og utvatna resultat per eigenkapitalbevis er soleis det same som ordinært resultat per eigenkapitalbevis.

## 13. KONTANTAR OG FORDRINGAR PÅ SENTRALBANKEN

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Kontantar i norske kroner	8.891	13.505
Kontantar i utanlandske valutasortar	318	346
Innskott i Noregs Bank	162.254	164.084
<b>Sum kontantar og fordringar på sentralbankar</b>	<b>171.463</b>	<b>177.935</b>

## 14. UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ KREDITTINSTITUSJONAR

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar uten avtalt løpetid	8.445	30.855
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	1.860	1.860
<b>Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>	<b>10.305</b>	<b>32.715</b>

Utlån til kredittinstitusjonar med avtalt løpetid er ansvarleg lån til Kredittforeningen for Sparebanker, KfS.

## 15. UTLÅN TIL KUNDAR, KREDITTAR, GARANTJAR, TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR

### Netto utlån til og fordringar på kundar (i 1.000 kr.)

	2012	2011
Kasse-/drifts- og brukskredittar	561.018	525.298
Byggelån	31.528	38.065
Nedbetalingslån	2.255.733	2.239.533
Sum utlån før nedskrivningar	2.848.279	2.802.896
- Individuelle nedskrivningar	-13.551	-12.004
- Gruppevise nedskrivningar	-7.300	-6.500
<b>Sum netto utlån til og fordringar på kundar</b>	<b>2.827.428</b>	<b>2.784.392</b>

### Maks kreditteksponering (i 1.000 kr.)

	Brutto utlån		Unyttat trekkrettar		Garantiar		Individuelle nedskrivningar		Maks kreditt-eksponering	
	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011
Potensiell eksponering på utlån										
Personkunder	2.119.898	2.203.291	207.292	133.031	48.877	53.676	-3.475	-2.697	2.372.592	2.387.301
<b>Næringssektor fordelt:</b>										
Primærnærings	47.788	45.346	7.913	7.529	276	276			55.977	53.151
Industri	26.162	21.953	28.922	27.436	6.689	6.002	-1.720		60.053	55.391
Bygg og anlegg	81.500	65.139	20.856	16.984	8.714	15.137	-1.550		109.520	97.260
Handel, hotell, restaurant og transport	173.544	158.625	15.718	14.405	15.541	13.988	-6.307	-6.807	198.496	180.211
Eigedomsdrift, privat tenesteyting m.fl.	290.958	270.564	12.406	78.673	90.823	74.796	-500	-2.500	393.687	421.533
Offentleg m.fl.	108.428	37.978	1.611	66.616	1.000	7.432			111.039	112.026
<b>Sum</b>	<b>2.848.279</b>	<b>2.802.896</b>	<b>294.718</b>	<b>344.674</b>	<b>171.920</b>	<b>171.307</b>	<b>-13.552</b>	<b>-12.004</b>	<b>3.301.365</b>	<b>3.306.873</b>

### Individuelle nedskrivningar på utlån fordelt på person og næring (i 1.000 kr.)

	2012	2011
Personkunder	3.475	2.697
<b>Næringssektor fordelt:</b>		
Primærnærings	0	0
Industri	1.720	0
Bygg og anlegg	1.550	0
Handel, hotell, restaurant og transport	6.307	6.807
Eigedomsdrift, privat tenesteyting m.fl.	500	2.500
Offentleg m.fl.	0	0
<b>Individuelle nedskrivningar på utlån i alt</b>	<b>13.552</b>	<b>12.004</b>

Gruppevis nedskrivningar vert ikkje fordelt etter sektor og næring, men etter risikoklasse.

Mislegaldne og tapsutsette engasjement blir vurderte i samsvar med føreskriftene til Finanstilsynet. Banken går gjennom alle engasjement over NOK 100.000, for å vurdere tapsavsetjing. Alle mislegaldne og tapsutsette engasjement blir særskilt tapsvurderte. Det blir gjort tapsavsetjing når kunden ikkje er i stand til å innfri avtala betalingsplan og trygda for lånet ikkje vil dekke lånet ved realisasjon. Friskmelding av tidlegare tapsavsette engasjement skjer når betalingsplanen blir innfridd, og engasjementet ikkje lenger er vurdert tapsutsett. Avgjerande for friskmeldinga er om kunden vil kunne følgje den avtala betalingsplanen framover.

### Mislegald, tap og nedskrivning (i 1.000 kr.)

<b>a) Brutto- og netto mislegaldne engasjement</b>		
<b>Engasjement som har vore mislegaldne i meir enn 90 dagar</b>	<b>31.12.2012</b>	<b>31.12.2011</b>
Mislegald næringslivskunder	12.745	10.010
Mislegald personkunder	12.201	16.481
= Brutto mislegaldne engasjement	24.946	26.491
- Individuelle nedskrivningar	6.468	2.547
= <b>Netto mislegaldne engasjement</b>	<b>18.478</b>	<b>23.944</b>
<b>b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje mislegaldne</b>		
Brutto tapsutsette ikkje mislegaldne engasjement	30.077	40.357
- Individuelle nedskrivningar	7.084	9.557
= <b>Netto tapsutsette ikkje mislegaldne engasjement</b>	<b>22.993</b>	<b>30.800</b>
<b>c) Kostnadsførte tap gjennom året</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Kostnadsførte konstaterte tap med tidlegare individuelle nedskrivningar	1.836	6.158
+ Kostnadsførte konstaterte tap utan tidlegare individuelle nedskrivningar	1.156	1.077
- Inngått på tidlegare konstaterte tap med tidlegare individuelle nedskrivningar	183	484
+ Nye individuelle nedskrivningar	7.014	6.444
+ Auka gamle individuelle nedskrivningar	1.431	
- Konstanterte tidlegare individuelle nedskrivningar	1.744	
- Reduserte individuelle nedskrivningar	5.154	11.006
= <b>Netto resultat effekt individuelle nedskrivningar</b>	<b>4.355</b>	<b>2.189</b>
+/- Periodens endring i gruppenedskrivning	800	1.200
= <b>Nedskrivningar tap på utlån</b>	<b>5.155</b>	<b>3.389</b>
+ Konstaterte tap på garantiar	0	0
+/- Endringar i individuelle nedskrivningar garantiar	-100	0
= <b>Sum tap på utlån og garantiar inneverande år</b>	<b>5.056</b>	<b>3.389</b>
<b>Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året</b>		
+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	12.004	16.466
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	1.744	6.158
+ Auka individuelle nedskrivningar gjennom året	1.431	3.162
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	7.014	3.783
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	5.154	5.249
= <b>Individuelle nedskrivningar på utlån</b>	<b>13.551</b>	<b>12.004</b>
<b>Tapsavsetningar på garantiar</b>	<b>0</b>	<b>100</b>
<b>Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året</b>		
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	6.500	5.300
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	800	1.200
= <b>Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån</b>	<b>7.300</b>	<b>6.500</b>
<b>d) Inntektsførte renter der det er føreteke nedskrivning</b>		
Inntektsførte renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	1.044	824
<b>Tapsavsetningar på garantiar</b>	<b>100</b>	<b>200</b>

**Tap fordelt på sektor og næring (i 1.000 kr.)**

	2012	2011
Personkunder	932	-375
<b>Næringssektor fordelt:</b>		
Industri	1.720	0
Bygg og anlegg	1.511	-1
Handel, hotell, restaurant og transport	1.349	1.735
Eigedomsdrift, privat tenesteyting m.fl.	-1.256	608
Gruppenedskrivning	800	1.200
<b>Sum</b>	<b>5.056</b>	<b>3.167</b>

**Misleghaldne lån fordelt på sektor og næring (i 1.000 kr.)**

	2012	2011
Personkunder	12.201	16.481
<b>Næringssektor fordelt:</b>		
Primærnæring	3.001	
Industri	1.728	0
Bygg og anlegg	6.055	
Handel, hotell, restaurant og transport	0	254
Eigedomsdrift, privat tenesteyting m.fl.	1.961	7.881
Offentleg m.fl.	0	1.875
<b>Misleghaldne lån i alt</b>	<b>24.946</b>	<b>26.491</b>

**Andre tapsutsette lån fordelt på sektor og næring (i 1.000 kr.)**

	2012	2011
Personkunder	1.552	1.544
<b>Næringssektor fordelt:</b>		
Bygg og anlegg		812
Handel, hotell, restaurant og transport	22.277	22.146
Eigedomsdrift, privat tenesteyting m.fl.	6.248	15.855
<b>Andre tapsutsette lån i alt</b>	<b>30.077</b>	<b>40.357</b>

**Utlån fordelt geografisk (i 1.000 kr.)**

	2012		2011	
	Kr.	%	Kr.	%
Region Sogn	2.099.436	73,7 %	2.010.548	71,7 %
Landet elles	748.843	26,3 %	792.348	28,3 %
<b>Brutto utlån</b>	<b>2.848.279</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2.802.896</b>	<b>100,0 %</b>

**Aldersfordelte forfalne lån, tapsutsette lån og trygd stilt for forfalne og tapsutsette lån (i 1.000 kr.)**

	Under 1	Over 1 t.o.m.	Over 3 t.o.m.	Over 6 t.o.m.	Sum	Tapsutsette forfalne lån	Tapsutsette lån	Trygd for forfalne lån	Trygd for tapsutsette lån
	mnd.	3 mnd.	6 mnd.	12 mnd.					
<b>31.12.2012</b>									
Privatmarknad	22.892	12.801	2.186	475	1.608	39.962	1.544	0	0
Bedriftsmarknad	915	0	7.684	1.848	0	10.447	38.813	0	0
<b>Totalt</b>	<b>23.807</b>	<b>12.801</b>	<b>9.870</b>	<b>2.323</b>	<b>1.608</b>	<b>50.409</b>	<b>40.357</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>31.12.2011</b>									
Privatmarknad	22.892	12.801	2.186	475	1.608	39.962	1.544	0	0
Bedriftsmarknad	915	0	7.684	1.848	0	10.447	38.813	0	0
<b>Totalt</b>	<b>23.807</b>	<b>12.801</b>	<b>9.870</b>	<b>2.323</b>	<b>1.608</b>	<b>50.409</b>	<b>40.357</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Forfalne utlån over 3 månadar tilsvarer misleghald over 90 dagar som presentert over. Trygd er presentert til verkeleg verdi, men verdier høgare enn storleiken på engasjementet, er ikkje medrekna.

**Brutto utlån fordelt etter trygd (i 1.000 kr.)**

	2012		2011	
	Kr.	%	Kr.	%
Utlån med pant i bustad	2.207.414	77,5 %	2.215.946	79,1 %
Utlån med pant i anna trygd	631.054	22,2 %	576.957	20,6 %
Utlån til offentleg sektor	0	0,0 %	0	0,0 %
Utlån utan trygd	9.811	0,3 %	9.993	0,4 %
Ansvarleg lånekapital	0	0,0 %	0	0,0 %
<b>Brutto utlån</b>	<b>2.848.279</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2.802.896</b>	<b>100,0 %</b>

**Store engasjement**

Per 31.12.2012 utgjorde dei 10 største utlånsengasjementa 7,45 % (2011: 7,42 %) av totale utlån. Banken har tre låneengasjement som blir rapportert som store engasjement, meir enn 10 % av ansvarleg kapital. Det største låneengasjementet er på 13,4 % av ansvarleg kapital (18,9 % per 31.12.2011).

**Risikoklassifisering**

Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderinga. Systemet stettar kravet til ei god overvaking av risikoutviklinga i banken si utlånsportefølje. Utlånsvolumet er delt i fem kategoriar frå A til E, der D er lån med høg risiko og E er problemengasjement. Banken nyttar klassifiseringssystem utvikla av Skandinavisk Data Center A/S, heretter kalla SDC. Alle kundar med engasjement over NOK 100.000 skal risikoklassifiserast minst ein gong i året. Banken sine utlån og garantiar er delt inn i låg, normal og høg risiko. Risikoklassifiseringssystemet til banken, skil mellom kundar med ulik betalingsevne, finansiell styrke og kvalifisert trygd. I tillegg vert kvart næringslivsengasjement vurdert ut frå forhold ved bedrift og leing. Ved utgangen av 2012 var dei aller fleste næringslivsengasjementa og personkundeengasjementa klassifiserte. Klassifiseringa av utlån er ikkje fullstendig. Til no omfattar ikkje klassifiseringa nye næringslivsengasjement under NOK 100.000, engasjement utan historikk og småe engasjement i banken.



## 16. VERDIPAPIR TIL VERKELEG VERDI OVER RESULTATET

### Sertifikat og obligasjoner til verkeleg verdi over resultatet (i 1.000 kr.)

	Risikovektning	2012		2011	
		Anskaffings- kost	Bokført verdi/ verkeleg verdi	Anskaffings- kost	Bokført verdi/ verkeleg verdi
Offentle eigde føretak	100 %	0	0	10.000	9.921
Obligasjonar med pantsikkerheit	10 %	113.985	114.724	75.032	74.609
Kommunar og fylke	20 %	4.960	4.996	4.960	4.975
Kredittføretak og bank	20 %	43.000	43.204	61.892	61.608
Industrieføretak	100 %	10.000	9.312	19.945	18.875
Opptente renter			541		828
<b>Som sertifikat og obligasjonar</b>		<b>171.945</b>	<b>172.777</b>	<b>171.829</b>	<b>170.816</b>

Obligasjonane har flytande rente. Balanseført verdi av obligasjonar stilt som trygd for lån i Noregs Bank, er per 31.12.2012 NOK 124,7 mill. og per 31.12.2011 NOK 109,2 mill.

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Gruppe-nedskrivning		Netto engasjement		%	
	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011
<b>Personmarknad</b>	<b>2.297.580</b>	<b>2.303.654</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.297.580</b>	<b>2.303.654</b>	<b>97,1 %</b>	<b>96,8 %</b>
Låg	2.297.580	2.303.654	0	0	0	0	2.297.580	2.303.654	97,1 %	96,8 %
Normal	52.479	53.431	630	300	339	168	51.510	52.963	2,2 %	2,2 %
Høg	8.155	9.266	718	421	387	236	7.051	8.609	0,3 %	0,4 %
Problemengasjement	5.170	9.408	2.127	1.902	1.146	1.066	1.897	6.440	0,1 %	0,3 %
Ikkje klassifiserte	8.033	7.280	0	74	0	41	8.033	7.165	0,3 %	0,3 %
<b>Sum</b>	<b>2.371.418</b>	<b>2.383.039</b>	<b>3.475</b>	<b>2.697</b>	<b>1.872</b>	<b>1.511</b>	<b>2.366.071</b>	<b>2.378.831</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>
<b>Næringsliv</b>										
Låg	752.157	717.604	0	2.000	0	1.120	752.157	714.484	80,7 %	77,5 %
Normal	127.191	140.712	3.770	0	2.031	0	121.391	140.712	13,0 %	15,3 %
Høg	53.092	43.157	6.307	6.807	3.397	3.813	43.388	32.537	4,7 %	3,5 %
Problemengasjement	802	1.384	0	100	0	56	802	1.228	0,1 %	0,1 %
Ikkje klassifiserte	14.357	32.653	0	0	0	0	14.357	32.653	1,5 %	3,5 %
<b>Sum</b>	<b>947.599</b>	<b>935.510</b>	<b>10.077</b>	<b>8.907</b>	<b>5.428</b>	<b>4.989</b>	<b>932.095</b>	<b>921.614</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Gruppe-nedskrivning		Netto engasjement		%	
	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2011
<b>TOTAL</b>	<b>3.049.738</b>	<b>3.021.258</b>	<b>0</b>	<b>2.000</b>	<b>0</b>	<b>1.120</b>	<b>3.049.738</b>	<b>3.018.138</b>	<b>92,5 %</b>	<b>91,4 %</b>
Låg	3.049.738	3.021.258	0	2.000	0	1.120	3.049.738	3.018.138	92,5 %	91,4 %
Normal	179.670	194.143	4.400	300	2.370	168	172.900	193.675	5,2 %	5,9 %
Høg	61.248	52.422	7.025	7.228	3.784	4.049	50.439	41.146	1,5 %	1,2 %
Problemengasjement	5.972	10.792	2.127	2.002	1.146	1.122	2.699	7.668	0,1 %	0,2 %
Ikkje klassifiserte	22.390	39.933	0	74	0	41	22.390	39.818	0,7 %	1,2 %
<b>Sum</b>	<b>3.319.017</b>	<b>3.318.549</b>	<b>13.552</b>	<b>11.604</b>	<b>7.300</b>	<b>6.500</b>	<b>3.298.166</b>	<b>3.300.445</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer.

Det er knytt uvisse til vurderinga av framtidige tap på utlån og garantiar til næringslivet. Tapa er venta å stabilisera seg i tida som kjem. Dette på grunn av finanskrisa og utvikling i real-økonomien. Per 31.12.2012 utgjorde tap på utlån 0,18 % av brutto utlån. Me reknar med eit tap i storleiken 0,2 % til 0,4 % rekna av brutto utlån, i komande treårs periode. Tapa er i stor grad knytt til risikoklassane: normal, høg og problemengasjement. Klassifiseringa syner noko betre klassifisering og for samla portefølje er kredittrisikoen om lag uendra samanlikna med 2011.

**Spesifikasjon av aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultatet (i 1.000 kr.)**

	2012			2011		
	Tal	Anskaffings- kost	Bokført verdi	Tal	Anskaffings- kost	Bokført verdi
<b>Aksjar</b>						
Norsk Hydro	10.000	465	279	10.000	465	277
Songa Offshore	75.000	995	555	0	0	0
Visa Inc.	580	261	490	580	261	328
API Eiendomsfond Norge II	92.937	1.000	576	92.937	1.000	686
German Property as	94.000	940	658	94.000	940	735
<b>Sum</b>		<b>3.661</b>	<b>2.558</b>		<b>2.666</b>	<b>2.026</b>
<b>Eigenkapitalbevis</b>						
Helgeland Sparebank	8.664	617	268	8.664	617	264
Hjelmeland Sparebank	19.842	2.333	1.885	29.842	3.283	2.835
Hol Sparebank	5.000	707	340	5.000	707	364
Klepp Sparebank	16.400	1.379	926	16.400	1.379	869
Melhus Sparebank	150	23	21	150	23	22
Nøtterø Sparebank	950	81	42	1.100	110	81
Sandnes Sparebank	0	0	0	2.000	189	120
Sparebank 1 Buskerud Vestfold	0	0	0	1.497	101	55
<b>Sum</b>		<b>5.140</b>	<b>3.482</b>		<b>6.409</b>	<b>4.610</b>
<b>Akse- og pengemarknadsfond</b>						
Diversifiserte globale aksjar	0	0	0	18.743	3.000	3.030
Diversifiserte norske aksjar	45.532	4.700	4.350	45.532	4.700	3.815
FoSecondaries Direct	14	1.637	1.939	14	1.077	1.339
FO Global Private Equity 2010	10	943	874	1	595	524
Nordisk Realkapital	13.788	1.209	888	13.788	1.269	877
Nordisk Realkapital Logistikkbygg III	1	880	974	1	924	980
Regnbuen Logistikkeigedom	0	0	0	0	0	57
Gamle Borgenvei 20 Invest AS	20.000	1.927	2.173	20.000	2.020	2.222
Alfred Berg Høyrente	72.075	7.700	7.847	76.543	8.000	7.926
Diversifiserte norske kredittobligasjoner	80.148	8.137	8.679	80.148	8.000	8.125
<b>Sum</b>		<b>27.133</b>	<b>27.724</b>		<b>29.585</b>	<b>28.895</b>
<b>Sum aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet</b>		<b>35.934</b>	<b>33.764</b>		<b>38.660</b>	<b>35.531</b>

## 17. FINANSIELLE EIGENDELAR OG FORPLIKTINGAR

**Verkeleg verdi av finansielle eigendelar og forpliktingar (i 1.000 kr.)**

	2012		2011	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
<b>Finansielle eigendelar</b>				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	171.463	171.463	177.935	177.935
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	10.305	10.305	32.715	32.715
Utlån til kundar	2.827.428	2.827.428	2.784.392	2.784.372
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	206.541	206.541	206.282	206.347
Verdipapir tilgjengeleg for sal	80.688	80.688	69.592	69.527
<b>Finansielle forpliktingar</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	137.129	137.129	223.511	223.511
Innskott frå kundar	2.071.471	2.071.471	1.969.222	1.969.222
Gjeld ved utsteda verdipapir	740.378	747.765	741.655	743.143
Ansvarleg lånekapital	133.278	132.278	133.231	127.339

Utlån til og fordringar på kundar vert bokført til amortisert kost. Dersom det ligg føra objektive indikasjonar for tap på utlån, blir engasjementet skrive ned til verdien av framtidige kontantstraumar, neddiskonteringa er basert på effektiv rente.

Utlånsporteføljen er inndelt i grupper med tilnærma lik risikoprofil, og blir skrivne ned dersom det ligg føra objektive indikasjonar for tap på grupper. Individuelt vurderte lån vert trekt ut av tilhøyrande gruppe og er ikkje med i grunnlaget for gruppenedskrivingar. Verkeleg verdi knytt til banken sine fastrenteutlån og fastrenteinnskott til kundar, er utrekna ved å neddiskontere framtidige kontantstraumar med tilhøyrande marknadsrente. Verkeleg verdi er tilnærma lik bokført verdi.

Innlån blir bokført til amortisert kost. Verkeleg verdi er utrekna forventa spread som banken må betale ved opptak av innlån i marknaden i dag.

### Klassifisering av finansielle instrument (i 1.000 kr.)

	31.12.2012				
	Verkeleg verdi	Frivillig	Tilgjengeleg for sal	Finansielle	Total
	handels- føremål	klassifisert til verkeleg verdi		eigendelar og gjeldt til amortisert kost	
Kontantar og fordringar på sentralbankar				171.463	171.463
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar				10.305	10.305
Utlån til kundar				2.827.428	2.827.428
Sertifikat og obligasjonar		172.777			172.777
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser		33.764	80.688		114.452
<b>Sum finansielle eigendelar</b>	<b>0</b>	<b>206.541</b>	<b>80.688</b>	<b>3.009.196</b>	<b>3.296.425</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar				137.129	137.129
Innskot frå og gjeld til kundar				2.071.471	2.071.471
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir				740.378	740.378
Ansvarleg lånekapital				0	0
Fondsobligasjonar				133.278	133.278
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.082.256</b>	<b>3.082.256</b>
<b>For verdipapirer frivillig klassifisert til virkelig verdi over resultat:</b>					
- Akkumulert verdiendring som skriver seg fra endringer i kredittrisiko		291			
- Endring i virkelig verdi i resultatperioden som skriver seg fra endringer i kredittrisiko		2.406			

	31.12.2011				
	Verkeleg verdi	Frivillig	Tilgjengeleg for sal	Finansielle	Total
	handels- føremål	klassifisert til verkeleg verdi		eigendelar og gjeldt til amortisert kost	
Kontantar og fordringar på sentralbankar				177.935	177.935
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar				32.715	32.715
Utlån til kundar				2.784.392	2.784.392
Sertifikat og obligasjonar		170.816			170.816
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser		35.531	69.527		105.058
<b>Sum finansielle eigendelar</b>	<b>0</b>	<b>206.347</b>	<b>69.527</b>	<b>2.995.042</b>	<b>3.270.916</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar				223.511	223.511
Innskot frå og gjeld til kundar				1.969.222	1.969.222
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir				741.655	741.655
Ansvarleg lånekapital				0	0
Fondsobligasjonar				133.231	133.231
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.067.619</b>	<b>3.067.619</b>

<b>For verdipapirer frivillig klassifisert til virkelig verdi over resultat:</b>					
- Akkumulert verdiendring som skriver seg fra endringer i kredittrisiko -		1.841			
- Endring i virkelig verdi i resultatperioden som skriver seg fra endringer i kredittrisiko -		839			

Renteberande verdipapir, og den likvide delen av aksjeporteføljen, inngår i banken si likviditetsportefølje som vert forvalta, og deira inntening vert vurdert på grunnlag av verkeleg verdi i samsvar med banken sin risikohandterings- og investeringsstrategi. Verdivurdering til verkeleg verdi gir meir relevant informasjonen, og verdivurdering og forvaltning vert gitt til, og følgjas opp av, leiinga og styret. Desse verdipapira er soleis klassifiserast i kategorien «til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet» etter sokalla «frivillig klassifisert til verkeleg verdi».

### Finansielle instrument fordelt på valuta (i 1.000 kr.)

	31.12.2012					
	NOK	EUR	CHF	USD	Andre	Sum
Kontantar og fordringar på sentralbankar	171.146	93		138	86	171.463
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	10.305					10.305
Utlån til kundar	2.827.428					2.827.428
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	206.541					206.541
Verdipapir tilgjengeleg for sal	80.688					80.688
<b>Sum finansielle eiendeler</b>	<b>3.296.108</b>	<b>93</b>	<b>0</b>	<b>138</b>	<b>86</b>	<b>3.296.425</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar	137.129					137.129
Innskot frå kundar	2.071.471					2.071.471
Gjeld ved utsteda verdipapir	740.378					740.378
Ansvarleg lånekapital	133.278					133.278
Eigenkapitalbevis	31.625					31.625
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>3.113.881</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.113.881</b>

	31.12.2011					
	NOK	EUR	CHF	JPY	Andre	Sum
Kontantar og fordringar på sentralbankar	177.935					177.935
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	32.715					32.715
Utlån til kundar	2.776.392		8.000			2.784.392
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	206.347					206.347
Verdipapir tilgjengeleg for sal	69.527					69.527
<b>Sum finansielle eigendelar</b>	<b>3.262.916</b>	<b>0</b>	<b>8.000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.270.916</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar	223.511					223.511
Innskot frå kundar	1.969.222					1.969.222
Gjeld ved utsteda verdipapir	741.655					741.655
Ansvarleg lånekapital	133.231					133.231
Eigenkapitalbevis	31.625					31.625
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>3.099.244</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.099.244</b>



**Verdsetjingshierarki (i 1.000 kr.)**

	2012			Total
	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	
	Kvoterte prisar i aktive marknader	Verdsettings-teknikk basert på observerbare marknadssdata	Verdsettings-teknikk basert på ikkje observerbare marknadssdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	23.436	173.138	9.967	206.541
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			80.688	80.688
<b>Sum eigendelar</b>	<b>23.436</b>	<b>173.138</b>	<b>90.655</b>	<b>287.229</b>
<b>Avstemming av nivå 3</b>				
Inngående balanse			79.781	
Gevinst og tap resultatført -			4.639	
Gevinst og tap i andre resultatkomponentar -			15.904	
Investering			31.417	
Sal			0	
<b>Utgående balanse</b>			<b>90.655</b>	

	2011			Total
	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	
	Kvoterte prisar i aktive marknader	Verdsettings-teknikk basert på observerbare marknadssdata	Verdsettings-teknikk basert på ikkje observerbare marknadssdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	24.891	171.202	10.254	206.347
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			69.527	69.527
<b>Sum eigendelar</b>	<b>24.891</b>	<b>171.202</b>	<b>79.781</b>	<b>275.874</b>

<b>Avstemming av nivå 3</b>			
Inngående balanse			79.232
Gevinst og tap resultatført			147
Gevinst og tap i andre resultatkomponentar			2.496
Investering			2.692
Sal			-4.786
<b>Utgående balanse</b>			<b>79.781</b>

**Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:**

**Nivå 1**

Verdsetjing skjer i høve til kvoterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eigendelar/forpliktingar. Eit finansielt instrument vert vurdert som kvotert i ein aktiv marknad dersom kursar er enkelt og regelmessig tilgjengeleg frå ein børs, forhandlar, meklar, næringsgruppering, prissettingsteneste eller reguleringsstyresmakt, og desse kursane representerer faktiske og regelmessig førekomande marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand. I kategorien inngår mellom anna børsnoterte aksjar, obligasjonar og sertifikat.

**Nivå 2**

Verdsetjing skjer gjennom annan input enn kvoterte prisar på nivå 1 som er observerbare for eigendelen/forpliktinga, enten direkte eller indirekte (utleia prisar). I dei tilfelle der det ikkje finst tilgjengelege marknadsprisar i ein aktiv marknad, er instrumenta først og fremst forsøkt verdsett ved hjelp av verdsetjingsmetodar basert på observerbare input/og eller tilnærma likearta instrument/produkt. Prising av renteberande papir, mellom anna fastrenteutlån, vert basert på rentekurver henta i aktive marknader.

**Nivå 3**

Verdsetjing på input som ikkje er basert på observerbare marknadssdata. Dersom fastsetjing av verdi ikkje er tilgjengeleg i høve til nivå 1 og nivå 2, vert verdsetjingsmetodar som baserer seg på ikkje-observerbar informasjon nytta.

**Sensitivitetsanalyse (i 1.000 kr.)**

	31.12.2012			
	Kursendring			
	-20 %	-10 %	10 %	20 %
Verdipapir frivillig klassifisert til virkelig verdi	-41.308	-20.654	20.654	41.308
Verdipapirer tilgjengeleg for salg	-16.138	-8.069	8.069	16.138
<b>Sum eiendeler</b>	<b>-57.446</b>	<b>-28.723</b>	<b>28.723</b>	<b>57.446</b>

	31.12.2011			
	Kursendring			
	-20 %	-10 %	10 %	20 %
Verdipapir frivillig klassifisert til virkelig verdi	-41.269	-20.635	20.635	41.269
Verdipapirer tilgjengeleg for salg	-13.905	-6.953	6.953	13.905
<b>Sum eiendeler</b>	<b>-55.175</b>	<b>-27.587</b>	<b>27.587</b>	<b>55.175</b>

## 18. SPESIFIKASJON VERDIPAPIR TILGJENGELEG FOR SAL

i 1.000 kr

	2012			2011		
	Tal	Anskaffings- kost	Bokført verdi	Tal	Anskaffings- kost	Bokført verdi
<b>Aksjar tilgjengeleg for sal</b>						
Eigedomskreditt AS	49.115	4.963	5.743	46.000	4.637	5.092
Fjord Invest Sørvest AS	500.000	500	0	400.000	402	335
Fjord Invest AS	10.100	10.545	2.451	10.100	10.545	5.947
Fjord Invest Industri AS	4.000	400	150	0	0	0
Jotunheimen Treningssenter AS	20	503	313	20	503	500
Nordito Property AS	9.409	20	55	9.409	20	20
Nets Holding AS	77.717	3.368	3.600	77.717	3.368	3.789
Sogn Næring AS	3	30	30	3	30	30
Spama	230	23	296	230	23	23
Terra Eigendomsmeikling Sogndal AS	40	42	40	40	42	40
Terra - Gruppen AS	458.342	37.586	35.109	458.342	37.586	52.251
Terra Boligkreditt AS	7.400.430	30.650	31.401	0	0	0
Årdalsnett AS	15	747	1.500	15	747	1.500
<b>Sum aksjar tilgjengeleg for sal</b>		<b>89.377</b>	<b>80.688</b>		<b>57.903</b>	<b>69.527</b>

	2012	2011
Balanseført verdi 01.01.	69.527	66.931
Tilgang	31.417	100
Avgang	0	0
Nedskrivning	-4.352	0
Netto urealisert gevinst ved verdiregulering	-15.904	2.496
<b>Balanseført verdi 31.12.</b>	<b>80.688</b>	<b>69.527</b>

## 19. UTSETT SKATTEFORDEL

Utsett skatt blir ført netto når banken har ein juridisk rett til å motrekne utsett skattefordel mot utsett skatt i balansen og dersom den utsette skatten er til same skattestyresmakt. Følgjande beløp er nettoført:

i 1.000 kr.

	2012	2011
<b>Utsett skattefordel:</b>		
Utsett skattefordel som blir reversert om meir enn 12 mnd.	-824	-4.070
Utsett skattefordel som blir reversert innan 12 mnd.	0	0
<b>Sum</b>	<b>-824</b>	<b>-4.070</b>
<b>Utsett skatt:</b>		
Utsett skatt som blir reversert om meir enn 12 mnd.	536	945
Utsett skattefordel som skal betalast innan 12 mnd.	0	0
<b>Sum</b>	<b>536</b>	<b>945</b>
<b>Netto balanseført utsett skattefordel</b>	<b>-288</b>	<b>-3.125</b>
<b>Endring i balanseført utsatt skattefordel:</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Balanseført verdi pr 01.01.	-3.125	-3.268
Resultatført i perioden	1.128	-581
Skatt ført direkte mot eigenkapitalen - pensjonar	1.709	486
Korreksjon av tidligare periodar	0	238
<b>Balanseført verdi pr 31.12.</b>	<b>-288</b>	<b>-3.125</b>
<b>Utsatt skatt/utsatt skattefordel er sett saman av:</b>		
<b>Utsett skattefordel:</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Netto pensjonsforplikting	-824	-2.533
Obligasjonar	0	-515
Andre forskjellar	0	-1.021
<b>Sum</b>	<b>-824</b>	<b>-4.070</b>
<b>Utsett skatt:</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Driftsmidlar	454	823
Pengemarknadsfond og obligasjonar	81	15
Aksjar	0	107
<b>Sum</b>	<b>536</b>	<b>945</b>
<b>Endring utsett skattefordel i resultatregnskapet har følgjande postar:</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Forskjell avskrivningar	-369	-307
Pensjonsforplikting	1.709	-163
Verdipapir over resultatet	582	-334
Andre forskjellar	1.189	224
<b>Endring i utsatt skattefordel i resultat etter skatt</b>	<b>3.112</b>	<b>-581</b>
Endring i utsatt skattefordel over utvidet resultat	-937	486
<b>Sum endring i utsatt skattefordel i resultatregnskapet</b>	<b>2.175</b>	<b>-95</b>

## 20. VARIGE DRIFTSMIDLAR

Maskiner, inventar, transportmiddel, bankbygg og andre eigedomar har hatt følgjande endringar:

i 1.000 kr

31.12.2012	Maskiner	Inventar	Bankbygg eigedomar	Faste installasjonar	Tomt	Hytte	Sum
Levetid	3-5 år	4-10 år	30 år	10 år		30 år	
Anskaffelsekost 01.01.	1.457	6.656	40.346	6.771	61	2.614	57.905
+ Tidlegare oppskrivningar	0	0	14.476	0	1.731	288	16.495
- Akk. av- og nedskrivningar	1.420	4.352	28.021	1.579	0	88	35.460
= <b>Bokført verdi 01.01.</b>	<b>37</b>	<b>0</b>	<b>2.304</b>	<b>0</b>	<b>26.801</b>	<b>0</b>	<b>5.192</b>
+ Reversering tidlegare år	0	0	0	0	0	0	0
Tilgang i året	0	485	1.226	0	0	319	2.030
- Avgang i året	0	0	0	0	0	0	0
- Ordinære avskrivningar	37 30 %	652 10 %	2.256 3 %	672 10 %	0	38 0 %	3.655
= <b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.137</b>	<b>0</b>	<b>25.771</b>	<b>0</b>	<b>4.520</b>

i 1.000 kr

31.12.2011	Maskiner	Inventar	Bankbygg eigedomar	Faste installasjonar	Tomt	Hytte	Sum
Levetid	3-5 år	4-10 år	30 år	10 år		30 år	
Anskaffelsekost 01.01.	1.457	6.656	40.376	6.220	61	2.614	57.384
+ Tidlegare oppskrivningar	0	0	14.476	0	1.731	288	16.495
- Akk. av- og nedskrivningar	1.079	3.690	25.548	1.105	0	86	31.508
= <b>Bokført verdi 01.01.</b>	<b>378</b>	<b>2.966</b>	<b>29.304</b>	<b>5.115</b>	<b>1.792</b>	<b>2.816</b>	<b>42.371</b>
+ Reversering tidlegare år	0	0	0	0	0	0	0
Tilgang i året	0	0	0	551	0	0	551
- Avgang i året	0	0	30	0	0	0	30
- Ordinære avskrivningar	341 30 %	662 10 %	2.473 3 %	474 10 %	0	2 0 %	3.952
= <b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>37</b>	<b>2.304</b>	<b>26.801</b>	<b>5.192</b>	<b>1.792</b>	<b>2.814</b>	<b>38.940</b>

i 1.000 kr

Oppstilling over bankbygg / faste eigedomar	31.12.2012	31.12.2011
Bankbygg i Årdal, Lærdal, Bergen og Sogndal, til eige bruk 3.153 m2, bokført verdi	22.325	23.266
Bankbygg i Årdal, Lærdal, Bergen og Sogndal, til utleige 479 m2, bokført verdi	3.447	3.535
Tomt bokført verdi	1.791	1.791
Leigeavtale for banklokala i Sogndal, årleg leige	539	594
Leigeavtale for banklokala i Bergen, årleg leige	992	696
Hytte tilsette, Hemsedal skisenter, kjøpt 2001	2.814	2.814

### Leigeavtale Sogndal

Banken har inngått leigeavtale med A.J. Holen AS om leige av lokale i Sogndal. Kontrakten varer frå 31.03.2007 til 31.03.2017. Deretter har banken rett til fornying av kontrakten for 10 nye år. Det må avtalast skriftleg innan 30.06.2016. Ved sal av eigedomen eller aksjane i selskapet A. J. Holen AS, har banken forkjøpsrett til marknadspris. Etter ti års leige får banken rett til å kjøpa eigedomen eller aksjane i A. J. Holen AS.

### Leigeavtale Bergen

Banken har inngått leigeavtale med Markeveien 1B AS om leige av lokale i Bergen. Kontrakten varer til 30.06.2022. I dette tidsrommet kan ingen av partane sei opp kontrakten. Ved utløp av leigeavtalen, opphøyrer leigeavtalen utan forutgåande oppseiing. Etter utløp av leigeperioden har banken fortrinnsrett til å leige i ytterlegare fem år på marknadsstilpassa vilkår. Ved utløp av denne leigeperioden, opphøyrer leigeavtalen utan oppseiing. Varsel om bruk av fortrinnsretten skal skje skriftleg minst 12 månader før utløp av leigetida, viss ikkje varer leigeavtalen til 30.06.2022.

## 21. OVERTEKNE OG ANDRE EIGENDELAR

i 1.000 kr.

	2012	2011
Opptente, ikkje mottekne inntekter	791	282
Forskotsbetalte kostnader	145	139
<b>Sum overtekne og andre eigendelar</b>	<b>936</b>	<b>421</b>

Banken hadde overtekne eigendelar, terrasseleigheiter, i 2005 til bokført verdi NOK 26,194 mill. Eigendelane vart selde i 2011.

i 1.000 kr.

	2012	2011
Overtekne eigendelar til kostpris	0	9.834
Avgang	0	-8.895
Nedskrivning/tap	0	-939
<b>Sum bokført verdi</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 22. GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR

i 1.000 kr.

	Låneopptak	Forfall	Rentevikår	2012	2011
<b>Gjeld til kredittinstitusjonar med avtalt løpetid</b>					
Kredittforening for sparebankar	09.09.2010	09.09.2013	3 mnd NIBOR + 1,00	62.000	62.000
Eksportfinans ASA	06.12.2005	06.12.2012	3 mnd NIBOR + 0,20	0	75.000
Eksportfinans ASA	29.12.2006	29.12.2013	3 mnd NIBOR + 0,18	75.000	75.000
F-lån Norges Bank	13.02.2009	13.02.2012	6 mnd NIBOR + 0,20	0	11.000
Påløpne renter gjeld til kredittinstitusjonar				129	511
<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar</b>				<b>137.129</b>	<b>223.511</b>

Banken hadde ingen innskott frå låneformidlarar per 31.12.2012 og 31.12.2011.



## 23. INNSKOT FRÅ KUNDAR

	i 1.000 kr.	
	2012	2011
Innskot frå og gjeld til kundar uten avtalt løpetid	2.071.471	1.969.222
<b>Sum innskot kundar</b>	<b>2.071.471</b>	<b>1.969.222</b>
Gjennomsnittlig rentesats	2,11 %	1,98 %
<b>Innskot fordelt på geografiske område</b>		
Region Sogn	1.592.617	1.513.096
Landet elles	478.854	456.126
<b>Sum innskot</b>	<b>2.071.471</b>	<b>1.969.222</b>
<b>Innskotsfordeling</b>		
Lønstakarar	1.309.896	1.231.463
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	46.746	43.084
Industri	20.033	26.223
Bygg og anlegg	61.702	51.213
Handel, hotell, transport, tenester	58.271	54.622
Finansiering, eigedomsdrift	459.159	466.852
Offentleg forvaltning og andre	115.664	95.766
<b>Sum innskot</b>	<b>2.071.471</b>	<b>1.969.222</b>

## 25. ANNA GJELD

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Offentlege avgifter	917	1.643
Andre påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	7.767	9.981
Gjeld til DNB for valutalånskundar	0	8.000
Andre gjeldspostar	9.020	1.058
<b>Sum anna gjeld</b>	<b>17.704</b>	<b>20.682</b>

## 24. GJELD VED UTSTEDA VERDIPAPIR

Banken sine obligasjonslån i marknaden er formidla gjennom autorisert meklar og privat plassert hjå profesjonelle investorar. Låna er alle avdragsfrie med full innfriing ved forfall og med tilbakekjøpsrett for låntakar i perioden. Alle låna er registrerte i VPS og er lagt ut i samsvar med verdipapirlova § 5-2.

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente- vilkår
				31.12.2012	31.12.2011	
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>						
N00010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	0	150.217	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
N00010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.753	164.580	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
N00010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	0	75.650	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
N00010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000	150.236	100.401	3 mnd. NIBOR + 1,30 % 1)
N00010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.099	100.113	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
N00010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	100.163	100.229	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
N00010626245	30.09.2011	28.09.2012	50.000	0	50.465	Fastrente 3,60 %
N00010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	124.933	0	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
N00010664931	30.11.2012	30.11.2015	100.000	100.194	0	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
<b>Sum gjeld ved utsteda verdipapir</b>				<b>740.378</b>	<b>741.655</b>	

1) Utsteding av ytterlegare NOK 50 mill. 26.01.2012.

## 26. PENSJONSFORPLIKTINGAR

	i 1.000 kr					
			Sikra		Usikra	
	2012	2011	2012	2011	2012	2011
<b>Balansført forplikting</b>						
Pensjonsytningar	2.944	9.048	1.664	6.213	1.280	2.835
<b>Sum balansført forplikting</b>	<b>2.944</b>	<b>9.048</b>	<b>1.664</b>	<b>6.213</b>	<b>1.280</b>	<b>2.835</b>
<b>Kostnad belasta resultatrekneskapet</b>						
Pensjonsytningar resultatført	1.310	3.218	1.269	3.408	41	-190
Resultatført over utvidet resultat	-2.410	0	-2.038	0	-372	0
<b>Sum pensjonskostnad ytelsesbaserte ordningar</b>	<b>-1.100</b>	<b>3.218</b>	<b>-769</b>	<b>3.408</b>	<b>-331</b>	<b>-190</b>
<b>Pensjonsytningar</b>						
<b>Balansført forplikting er fastsett som følger:</b>						
Noverdi av opptent pensjonsforplikting	27.905	31.810	26.783	29.325	1.122	2.485
Verkeleg verdi på pensjonsmidlar	-25.328	-23.913	-25.328	-23.913	0	0
<b>Noverdi av netto forpliktingar</b>	<b>2.577</b>	<b>7.897</b>	<b>1.455</b>	<b>5.412</b>	<b>1.122</b>	<b>2.485</b>
Ikke resultatført estimatavvik						
Ikke resultatførte kostnader knyttet til tidligere perioders pensjonsopptjening						
Arbeidsgjevaravgift	367	1.151	209	801	158	350
<b>Netto pensjonsforplikting i balansen</b>	<b>2.944</b>	<b>9.048</b>	<b>1.664</b>	<b>6.213</b>	<b>1.280</b>	<b>2.835</b>
<b>Endring i balansført forplikting</b>						
Balansført verdi 01.01.	9.048	8.466	6.213	4.062	2.835	4.404
Kostnad resultatført i året	1.310	1.804	1.269	1.640	41	164
Pensjonsutbetalingar og betaling av pensjonspremie	-5.004	-2.957	-3.780	-1.578	-1.224	-1.379
Endring i estimat over utvida resultat	-2.410	1.735	-2.038	2.089	-372	-354
<b>Balansført verdi 31.12.</b>	<b>2.944</b>	<b>9.048</b>	<b>1.664</b>	<b>6.213</b>	<b>1.280</b>	<b>2.835</b>
<b>Netto pensjonskostnad er som følger:</b>						
Noverdi av pensjonsoppteninga i året	1.758	1.520	1.758	1.480	0	40
Rentekostnad	798	980	759	876	39	104
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	-1.004	-1.119	-1.004	-1.119	0	
Administrasjonskostnad	116	200	116	200	0	
Kostnader knytt til tidlegare periodar si pensjonsopptening	-590	-321	-590	-321		
Resultatført planendring						
Resultatført implementeringsverknad						
Resultatførte estimatendringar og estimatavvik						
Arbeidsgjevaravgift	236	223	230	203	6	20
Premier AFP-ordning (innskotsbasert) og bankens innskotspensjon	265	171			265	171
<b>Netto pensjonskostnad ordinært resultat</b>	<b>1.579</b>	<b>1.654</b>	<b>1.269</b>	<b>1.319</b>	<b>310</b>	<b>335</b>
Pensjonskostnad etter skatt over utvida resultat	-2.410	1.249	-2.038	1.504	-372	-255
<b>Sum pensjonskostnad i totalresultat</b>	<b>-831</b>	<b>2.903</b>	<b>-769</b>	<b>2.823</b>	<b>-62</b>	<b>80</b>

Prosentvis sammensetning av pensjonsmidler	2012	2011
Aksjar	10,1 %	17,7 %
Omløpsobligasjonar	30,2 %	20,5 %
Obligasjonar til amortisert kost	40,2 %	41,3 %
Eigendom	16,6 %	17,3 %
Anna	2,9 %	3,2 %

### Følgjande økonomiske føresetnader er lagt til grunn for utrekning av pensjonsforpliktingane

Diskonteringsrente	3,90 %	2,60 %
Forventet avkastning på pensjonsmidlar	4,00 %	4,10 %
Framtidig lønsutvikling	3,50 %	3,50 %
G-regulering	3,25 %	3,25 %
Pensjonsregulering	0,20 %	0,10 %
Arbeidsgjevaravgift	14,10 %	14,10 %

### Utvikling i estimatavvik som følge av endring i føresetnader

	2012	2011	2010
Avvik i pensjonsforpliktingar	4.437	197	1.146
Avvik i pensjonsmidlar	-640	-730	-917
Avvik i arbeidsgjevaravgift	536	-75	32
<b>Sum estimatavvik</b>	<b>4.333</b>	<b>-608</b>	<b>261</b>

## 27. ANSVARLEG LÅNEKAPITAL

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente- vilkår
				31.12.2012	31.12.2011	
<b>Fondsobligasjonar</b>						
N00010238264	29.09.2004	Evigvarande	40.000	39.877	39.796	3 mnd. NIBOR + 2,15 % 1)
		Calldato 29.09.2014				
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	35.467	35.694	Referanserente + 6 % 2)
N00010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	57.934	57.741	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 3)
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>				<b>133.278</b>	<b>133.231</b>	

- 1) Frå 29.09.2014 aukar rentetillegget (margin til referanserente) med 1 % til 3,15 %. Banken kan frå 29.09.2014 og ved seinare rentereguleringsdatoar i september innfri lånet heilt til kurs 100 %.
- 2) Referanserenta tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årleg effektiv rente på statskassevekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.
- 3) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingsstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.

Banken teikna 01.12.2009 kapitalinnskot i Statens finansfond stort NOK 33,000 mill. Lånet løper frå 01.12.2009 og har uavgrensa løpetid. Banken kan løyse inn eller erverva fondsobligasjon etter skriftleg samtykkje frå Finanstilsynet. Føreset skriftleg samtykkje frå Finanstilsynet, har banken rett til å løysa inn fondsobligasjonane med 30 dagars varsel under gitte vilkår.

Lånet er bokført som ansvarleg kapital og gir tillegg til banken sin kjernekapital med heile lånet.

For perioden etter 31.12.2011 skal vilkåra for løn og anna godtgjersle til adm. banksjef vera i samsvar med staten sine retningslinjer for leiarløn datert 08.12.2006. Adm. banksjef skal heller ikkje ta i mot eigenkapitalbevis eller liknande til gunstige vilkår. Banken skal heller ikkje iverksette nye opsjonsprogram eller forlenga eller fornya eksisterande program. Nye avtalar om pensjon for adm. banksjef må utformast i samsvar med staten sine retningslinjer for leiarløn datert 08.12.2006.

## 28. EIGARANDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør NOK 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,-. Eigarandelskapitalen er teikna i 3 omgangar. NOK 13,250 mill. vart innbetalt ved offentleg emisjon i desember 1989. I desember 1996 og i juni 2003 vart eigarandelskapitalen utvida, begge gonger med NOK 25,000 mill. ved offentlege emisjonar. Eigenkapitalbevisa vart noterte på Oslo Børs frå 21.01.1997. Kvart eigenkapitalbevis har 1 -ei- stemme.

### Utbytepolitikk

Resultatet i Indre Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigarandelskapitalen.

Ein nyttar inngåande balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utbytereguleringsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Indre Sogn Sparebank har som mål at 50 % av resultatet i høve eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som utbytte, resten tillagt utbytereguleringsfondet, og om lag 50 % av resultatet i høve kapitalfondbrøken vert utbetalt fordelt som gåver/overført til ei samfunnsnyttig stifting.

I vurderinga av utdeling av årets overskot til høvesvis utbytte og gåver, vil det bli lagt vekt på at eigenkapitalbevisegarane sin del av samla eigenkapital (eigarbrøk) bør haldast stabil.

### Marknadsinformasjon

Indre Sogn Sparebank vil føra ein open informasjonspolitikk med det føremål å gje eigenkapitalbevisegarane og verdipapirmarknaden korrekt og relevant informasjon om banken si økonomiske utvikling og stode. Banken utarbeider kvartalsvise rapportar som vert sendt Oslo Børs og marknaden. Sparebanken pliktar å senda årsrapporten til Oslo Børs og gjera den tilgjengeleg for eigenkapitalbevisegarane. Eigenkapitalbevisegarar skal ved seinare emisjonar, som hovudregel, ha fortrinnsrett til nyteikning. Emisjonskursen skal setjast slik at teikningsrettane får ein rimeleg verdi. Moglege «retta» emisjonar bør skje til kursar som ikkje fører til reduksjon i eigenkapitalbevisegarane sine verdjar på sikt. Bevisa sin likningsverdi for 2012 er sett til NOK 47,90 mot NOK 32,72 per 31.12.2011.

### Riskverdi

01.01.1993	kr.	25,57	01.01.1998	kr.	16,88	01.01.2003	kr.	8,99
01.01.1994	kr.	22,68	01.01.1999	kr.	9,95	01.01.2004	kr.	1,22
01.01.1995	kr.	41,55	01.01.2000	kr.	25,84	01.01.2005	kr.	4,95
01.01.1996	kr.	49,29	01.01.2001	kr.	3,54	01.01.2006	kr.	-1,92
01.01.1997	kr.	15,62	01.01.2002	kr.	-1,12			

### Eigarstatus

Banken hadde 790 eigenkapitalbevisegarar per 31.12.2012 mot 809 per 31.12.2011. Eigarstatus ser slik ut:

i 1.000 kr

31.12.2012					
Behaldning:		Eigenkapital- bevis	I %	Eigarar	I %
1-100	bevis	27.016	4,27 %	401	50,76 %
101-1000	"	111.565	17,64 %	293	37,09 %
1.001-10.000	"	253.016	40,00 %	87	11,01 %
10.001-100.000	"	240.903	38,09 %	9	1,14 %
100.001-1.000.000	"	0	0,00 %	0	0,00 %
1.000.001->	"	0	0,00 %	0	0,00 %
<b>SUM</b>		<b>632.500</b>	<b>100,00 %</b>	<b>790</b>	<b>100,00 %</b>

31.12.2011					
Behaldning:		Eigenkapital- bevis	I %	Eigarar	I %
1-100	bevis	27.099	4,28 %	400	49,44 %
101-1000	"	117.766	18,62 %	310	38,32 %
1.001-10.000	"	287.070	45,39 %	92	11,37 %
10.001-100.000	"	200.565	31,71 %	7	0,87 %
100.001-1.000.000	"	0	0,00 %	0	0,00 %
1.000.001->	"	0	0,00 %	0	0,00 %
<b>SUM</b>		<b>632.500</b>	<b>100,00 %</b>	<b>809</b>	<b>100,00 %</b>



## 20 største eigarane

Dei 20 største eigarane per 31.12.2012 utgjer 49,86 % av eigarandelskapitalen mot 47,46 % per 31.12.2011.

31.12.2012					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %
TERRA UTBYTTE	42.700	6,75 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
HILLEIK A/S	33.816	5,35 %	THU	6.853	1,08 %
ROGNE	28.513	4,51 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
DØSKELAND	22.141	3,50 %	MOEN	6.000	0,95 %
LEIEPAKKING AS	17.650	2,79 %	WIKBORG	5.550	0,88 %
WAHLSTRØM	11.500	1,82 %	FJORD1 FYLKESBAATANE AS	5.000	0,79 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	GG EIENDOM AS	5.000	0,79 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	HOL SPAREBANK	5.000	0,79 %
<b>SUM</b>				<b>315.356</b>	<b>49,86 %</b>

31.12.2011					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	THU LEIF MAGNE	8.683	1,37 %
TERRA UTBYTTE VPF	46.700	7,38 %	MOEN EGON MOGENS	8.244	1,30 %
HILLEIK A/S	33.816	5,35 %	LEIEPAKKING AS	8.000	1,26 %
ROGNE HELGE	24.466	3,87 %	SPAREBANKEN VEST AKSJER	7.670	1,21 %
ÅRDAL STÅLINDUSTRI EIGEDOM AS	23.000	3,64 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
TERRA GRUPPEN AS ATT. MONA TARALDSEN	11.200	1,77 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
WAHLSTRØM ERIK	11.000	1,74 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	BERGLUND AS	6.000	0,95 %
HEYERN AS C/O Peter Mathias Ma	10.000	1,58 %	Wikborg Tord Geir	5.550	0,88 %
UTBYTTEKAPITAL AS Warren Capital AS	9.400	1,49 %	HUNDERE ROY HELGE	5.000	0,79 %
<b>SUM</b>				<b>300.162</b>	<b>47,46 %</b>

## Dagleg leiing og tillitsvalde som eig eigenkapitalbevis

	Tal bevis	
	2012	2011
<b>Styret</b>		
Leif Åberge, nestleiar	600	600
Sonja-Mari H. Atterås, medlem	210	210
Janne Dokken, medlem	100	100
<b>Sum styret</b>	<b>910</b>	<b>910</b>
<b>Leiande tilsette</b>		
Egon Moen, adm banksjef	6.000	8.244
Karin Vikane, ass. banksjef	800	800
<b>Sum leiinga</b>	<b>6.800</b>	<b>9.044</b>
<b>Forstandarskapet</b>		
Jarle M. Teigen, medlem	500	500
Henning Lem, medlem	100	100
Odd A. Vee	3.100	
Reidun Vikøren, medlem	1.300	1.300
<b>Sum forstandarskap</b>	<b>5.000</b>	<b>1.900</b>
<b>Sum dagleg leiing og tillitsvalde</b>	<b>12.710</b>	<b>11.854</b>

Tala fortel kor mange eigenkapitalbevis vedkomande har i Indre Sogn Sparebank per 31.12.2012. I tala er det teke med eigenkapitalbevis eigd i den næraste familie eller eigenkapitalbevis eigd av kjende selskap der vedkomande har ein avgjerande innverknad, jf. aksjelova § 1-2. Dersom vedkomande tillitsvald er vald på vegne av ein institusjon eller liknande kjem eigenkapitalbevis tilhøyrande denne institusjonen som tillegg til egne eigenkapitalbevis.

## 29. ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALDEKNING

	i 1.000 kr	
	31.12.2012	31.12.2011
<b>Kjernekapital:</b>		
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812
Sparebankens fond	133.931	121.291
Gåvefond	18.425	8.677
Utjamningsfond	15.005	5.465
Fondsobligasjonar	130.623	130.275
Frådrag	-43.300	-20.465
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>319.121</b>	<b>309.680</b>
<b>NETTO ANSVARLEG KAPITAL</b>	<b>319.121</b>	<b>309.680</b>
<b>Eksponeeringskategori:</b>		
Statar	0	0
Lokal regional styresmakt	3.338	13.395
Institusjonar	88.026	82.429
Føretak	189.835	216.849
Massemarknad	0	10.571
Pantesikra eigedom	1.201.881	1.151.182
Forfalne engasjement	22.479	25.646
Obligasjonar med fortrinnsrett	11.078	10.441
Andelar verdipapirfond	28.957	24.752
Andre engasjement	203.225	209.014
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	122.766	118.259
Frådrag	-48.250	-38.225
<b>SUM BEREKNINGSGRUNNLAG</b>	<b>1.823.335</b>	<b>1.824.313</b>
<b>Kapitaldekning %</b>	<b>17,50 %</b>	<b>16,98 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning %</b>	<b>17,50 %</b>	<b>16,98 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning %</b>	<b>10,34 %</b>	<b>9,83 %</b>

## 30. GARANTIANSVAR

	i 1.000 kr	
	2012	2011
<b>Garantiansvar</b>		
Betalingsgarantiar	87.756	105.586
Kontraktsgarantiar	10.800	12.410
Lånegarantiar	0	0
Andre garantiar	8.082	9.350
<b>Samla garantiansvar overfor kundar</b>	<b>106.638</b>	<b>127.346</b>
Garanti overfor Terra Boligkreditt AS	65.282	43.961
Garanti overfor Bankenes Sikringsfond	0	0
<b>Sum garantiansvar</b>	<b>171.920</b>	<b>171.307</b>

Banken stiller garanti for lån som kundane våre har i Terra Boligkreditt AS (TBK). TBK har som kriterium at låna er innanfor 60 % av panteobjektet. Kundane til banken har per 31.12.2012 lån for NOK 492,4 mill. hjå TBK (NOK 363,4 3 pr 31.12.2011).

### Garantibeløpet overfor TBK er tredelt:

**Tapsgaranti:** Den delen av lånet som overstig 50 % av sikkerheitsstillinga. For lån som ikkje overstig 50 % av sikkerheitsstillinga, skal garantien vera på minimum NOK 25.000 per år. Garantien gjeld i seks år frå dato for rettsvern.

**Saksgaranti:** Gjeld for heile lånebeløpet frå banken ber om utbetaling til pantesikkerheita har oppnådd rettsvern.

Ein samla garanti på 1 % av pålydande av lån i TBK som er gitt kundane i Terrabankane.

TBK har ytterlegare rett til å motrekna eventuelle tap i provisjonen banken har for kundehand-saming i ein periode på inntil 3 år.

### Garantiar til Terra Boligkreditt AS

	i 1.000 kr	
	2012	2011
Total del av garantiramme	4.924	3.634
Saksgaranti	6.970	2
Tapsgaranti	53.388	40.325
Garantiprovisjon	0	0
<b>Sum garantiansvar Terra Boligkreditt AS</b>	<b>65.282</b>	<b>43.961</b>

Alle lån i TBK ligg innanfor 60 % av forsvarleg verdigrunnlag, det vil sei i godt sikra bustadlån. Restrisiko knytt til lån formidla til TBK er etter banken si vurdering avgrensa. Banken sine utlån gjennom TBK gjeld i hovudsak nye lån eller refinansiering, og flesteparten av desse låna har ikkje vore bokført i balansen til banken.

Sidan lån formidla til TBK utelukkande er godt sikra lån, forventar banken låg sannsynlegheit for misleghald og at volumet på lån som blir tekne tilbake til eigen balanse ikkje vil vera vesentleg for likviditeten til banken. Under føresetnad av 1 % misleghald i porteføljen, vil dette utgjera NOK 4,9 mill. (NOK 3,6 mill. pr 31.12.2011). Likviditetsrisikoen knytt til lån formidla til TBK er etter banken si vurdering avgrensa.

Banken har ei likviditetsforplikting mot TBK. TBK har i risikostategien sin krav om at overskotslikviditeten minst skal dekke 75 % av likviditetsbehovet dei næraste 12 månadene. I tillegg skal overskotslikviditeten til TBK vere minst 6 % av innlånsvolumet. Likviditetsforpliktinga er inngått i ein avtale om kjøp av obligasjonar med fortrinnsrett, OMF, (Note Purchase agreement). Forpliktinga om kjøp av OMF frå TBK blir kun utløyst viss

marknadssituasjonen er slik at TBK ikkje kan finansiere likviditetsbehovet i OMF-marknaden, og difor må utstede obligasjonar direkte til eigarbankane. Pr. 31.12.2012 var likviditetsforpliktinga til TBK berekna til NOK 0 mill. Pr 31.12.2011 eksisterte ein rammeavtale med TBK om kjøp av OMF og forpliktinga til banken i denne avtalen var på NOK 59,6 mill.

Banken har ein avtale med TBK om kapitalstøtte. Kapitalstøtten inntreffer dersom TBK har behov for ansvarleg kapital for å nå kapitalmålet sitt på 10 %. Banken har kjøpt aksjar i TBK for NOK 10 mill. i løpet av 2012 for at TBK skal nå kapitalmålet sitt. Banken har ei forplikting til å kjøpe aksjar for NOK 1,1 mill. i ein emisjon i mars 2013. I april 2013 skal eigarandelen til eigarbanken i TBK rebalansert til å bli lik bankane sin andel av utlånportefølja til TBK. I denne rebalanseringa vil banken selje aksjar i TBK for NOK 12,8 mill.

Banken har inngått ein rammeavtale med TBK, der banken forpliktar seg til å kjøpe obligasjonar med fortrinnsrett, OMF, utsteda av TBK, for NOK 59,600 mill. Avtalen løper til han blir sagt opp av TBK, og då med eitt års oppseiingsfrist.

### Garantiar fordelt geografisk

	2012		2011	
	Kr.	%	Kr.	%
Region Sogn	129.382	75,3 %	142.331	83,1 %
Landet elles	42.538	24,7 %	28.976	16,9 %
<b>Sum garantiar</b>	<b>171.920</b>	<b>100,0 %</b>	<b>171.307</b>	<b>100,0 %</b>

## 31. PANTSETJINGAR OG BETINGA FORPLIKTINGAR, TREKKRETTAR

### Pantsetjingar

	2012		2011	
	Kr.	%	Kr.	%
Lånerett i Noregs Bank	113.742		91.312	
Bokført verdi av pantsette obligasjonar for lånerett i Noregs Bank	124.678		109.203	

Banken har i samband med likviditetsstyringa inngått rammeavtale med Norges Bank i høve ordninga med gjenkjøpsavtalar. Avtalen gjev Norges Bank rett til pant i verdipapir dersom banken blir stilt under offentlig administrasjon.

### Trekkrettar

Indre Sogn Sparebank har unytta trekkrettar i DnBNOR stor NOK 125,000 mill. Trekkretten vert fornya årleg og forfell 31.12.2012.

## 32. FORFALL AV FORPLIKTINGAR

	31.12.2012					
	<1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Utan løpetid	Sum
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	832	139.049	0	0	139.881
Innskot frå kundar	1.719.278	352.868	0	0	0	2.072.146
Obligasjonsgjeld	0	106.048	15.820	675.991		797.859
Ansvarleg lån/fondsobligasjonar		3.998	4.559	68.999	93.000	170.556
<b>Sum forpliktingar</b>	<b>1.719.278</b>	<b>463.746</b>	<b>159.428</b>	<b>744.990</b>	<b>93.000</b>	<b>3.180.442</b>

	31.12.2011					
	<1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Utan løpetid	Sum
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	13.047	80.576	141.273	0	234.896
Innskot frå kundar	1.969.222	0	0	0	0	1.969.222
Obligasjonsgjeld	75.705	6.552	217.967	496.278		796.502
Ansvarleg lån/fondsobligasjonar		4.238	5.423	74.052	93.000	176.713
<b>Sum forpliktingar</b>	<b>2.044.927</b>	<b>23.837</b>	<b>303.966</b>	<b>711.603</b>	<b>93.000</b>	<b>3.177.333</b>

1) Innskot i BSU-ordninga, NOK 39 mill per 31.12.2012 og NOK 100 mill per 31.12.2011, er klassifisert med løpetid under 1 måned, sidan kundane kan heve innskota og betale tidlegare års skattebesparing. Innskota er soleis ikkje bundne.

2) Fondsobligasjonslån med konverteringsrett og fondsobligasjonslån frå Statens Finansfond er evigvarande. I løpetidsbåndet utan løpetid er nominell verdi av desse låna vist. Årleg rentebetaling for låna er berekna til NOK 2,5 mill for lån til Statens Finansfond og NOK 4,5 mill for fondsobligasjonslån med konverteringsrett.



### 33. TID TIL AVTALT/SANNSYNLEG ENDRING AV RENTEVIKÅR

i 1.000 kr

	31.12.2012					Utan rente-eksponering	Sum
	<1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år		
Kontantar/fordringar sentralbankar						171.463	171.463
Utlån/fordring til kredittinstitusjonar	8.445	0	1.860	0	0	0	10.305
Utlån til kundar	0	0	0	11.039	0	2.816.389	2.827.428
Obligasjonar/sertifikat	49.256	123.521	0	0	0	0	172.777
Aksjar						114.452	114.452
Andre eigendelar						38.555	38.555
<b>Sum eigendelar</b>	<b>57.701</b>	<b>123.521</b>	<b>1.860</b>	<b>11.039</b>	<b>0</b>	<b>3.140.859</b>	<b>3.334.980</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar	129	137.000	0	0		0	137.129
Innskot frå kundar	0	0	0	0	0	2.071.471	2.071.471
Obligasjonsgjeld	0	740.378	0	0			740.378
Ansvarleg lån/fondsobligasjonar		133.278			0		133.278
Anna gjeld						20.648	20.648
Eigenkapital						232.076	232.076
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>129</b>	<b>1.010.656</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.324.195</b>	<b>3.334.980</b>
<b>Netto renteeksponering</b>	<b>57.572</b>	<b>-887.135</b>	<b>1.860</b>	<b>11.039</b>	<b>0</b>		

	31.12.2011					Utan rente-eksponering	Sum
	<1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år		
Kontantar/fordringar sentralbankar						177.935	177.935
Utlån/fordring til kredittinstitusjonar	0	0	0	1.860	0	30.855	32.715
Utlån til kundar	0	0	0	11.536		2.769.900	2.781.436
Obligasjonar/sertifikat	49.528	110.550	9.910	0	0		169.988
Aksjar						105.058	105.058
Andre eigendelar						46.270	46.270
<b>Sum eigendelar</b>	<b>49.528</b>	<b>110.550</b>	<b>9.910</b>	<b>13.396</b>	<b>0</b>	<b>3.130.018</b>	<b>3.313.402</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	223.000	0	0		0	223.000
Innskot frå kundar	0	0	0	0	0	1.969.003	1.969.003
Obligasjonsgjeld	74.981	613.998	50.000	0			738.979
Ansvarleg lån/fondsobligasjonar		97.275	33.000		0		130.275
Anna gjeld						36.092	36.092
Eigenkapital						216.053	216.053
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>74.981</b>	<b>934.273</b>	<b>83.000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.221.148</b>	<b>3.313.402</b>
<b>Netto renteeksponering</b>	<b>-25.453</b>	<b>-823.723</b>	<b>-73.090</b>	<b>13.396</b>	<b>0</b>		

Ved endring i marknadsrentene kan ikkje banken føreta renteendringar for alle balansepostar samtidig dersom desse har ulik bindingstid. Ei endring av marknadsrentene vil difor bety auke eller reduksjon av netto renteinntekter i resultatrekneskapet. Renterisikoen er òg omfatta av den direkte effekten ei renteendring vil ha på balansepostar med og utan rentebinding. Ei renteendring på 1 % vil gi ei årleg effekt på resultatrekneskapet på NOK1,8 mill.

### 34. HENDING ETTER BALANSEDAG

Styret tilrår forstandarskapet i 2013 at det vert utbetalt eit utbyte på NOK 3,25 per eigenkapitalbevis, totalt NOK 2.055.625,00.

Styret tilrår forstandarskapet i 2013 at det vert avsett NOK 10.230.247,40 i gåver, av det blir NOK 500.000 utbetalt i 2013.

# REVISJONSMELDING FOR 2012



Til forstandarskapen i Indre Sogn Sparebank

## Melding frå revisor

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Indre Sogn Sparebank. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, resultatrekneskap, endringar i eigenkapitalen og kontantstraum for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Indre Sogn Sparebank per 31. desember 2012, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsette av EU.

PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen. 1B, NO-6800 Førde

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

#### Fråsegn om andre tilhøve


##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 19. februar 2013  
PricewaterhouseCoopers AS



Jan Flølo  
Statsautorisert revisor

# ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLKOMITEEN 2012





## Årsmelding frå kontrollkomiteen i Indre Sogn Sparebank

Kontrollkomiteen har i alt hatt 7 møte. Referat med merknader frå møta er innførde i protokollen. Kopi av referata er sendt til formann i forstandarskapet, styreformann, revisor og adm. banksjef.

Kontrollkomiteen har ført tilsyn med at banken si verksemd er dreven i samsvar med lov og forskrift, banken sine vedtekter, forstandarskapet sine vedtak og andre vedtak og retningslinjer som banken har plikt å retta seg etter.

Komiteen har gått gjennom styret sine protokollar og elles føreteke dei kontrollar som er fastsett i lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner, lov om sparebanker og instruks for kontrollkomiteen.


Kontrollkomiteen har gått gjennom styret si årsmelding og resultatrekneskap og balanse med notar, utan at dette gjev grunn til merknader.


Kontrollkomiteen vil tilrå at resultatrekneskap og balanse vert fastsett som banken sitt rekneskap for 2012.

Årdalstangen, 20.02.2013

  
Gunnar O. Hæreid

  
Niels Larsen

  
Mona Nytnun

  
Inger Molland Bøe

# FORHOLDSTAL



**Forholdstal i mill. kr.**

Hovudtal frå resultatrekneskapen	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Netto utlån pr. 31.12	1.398,1	1.503,8	1.618,0	1.770,8	1.955,7	2.238,2	2.524,1	2.462,3	2.735,1	2.784,4	2.827,4
Innskot pr. 31.12	1.098,6	1.100,6	1.245,9	1.337,9	1.499,4	1.641,8	1.733,3	1.686,7	1.846,4	1.969,2	2.071,5
Gjennomsnittleg eigenkapital	130,6	150,1	169,0	179,5	176,8	184,4	187,0	184,3	197,5	212,9	224,1
Gjennomsnittleg forv.kapital	1.504,7	1.660,6	1.808,0	2.040,5	2.313,7	2.575,2	2.915,3	3.128,5	3.159,5	3.369,2	3.364,6

**Tal i % av gj.sn forv.kap**

Rente-og kred.prov.inntekter	8,36	6,68	4,13	3,84	4,15	5,16	6,73	4,10	3,65	3,94	4,19
Rentekostnader	5,21	3,83	1,85	1,83	2,28	3,37	4,88	2,61	2,33	2,55	2,55
Rentenetto	3,15	2,85	2,28	2,01	1,87	1,79	1,85	1,49	1,32	1,39	1,64
Andre driftsinntekter	-0,01	0,50	0,58	0,64	0,48	0,50	0,14	0,65	0,53	0,47	1,04
<b>Driftsresultat før driftskostn.</b>	<b>3,14</b>	<b>3,35</b>	<b>2,86</b>	<b>2,64</b>	<b>2,35</b>	<b>2,29</b>	<b>1,99</b>	<b>2,14</b>	<b>1,85</b>	<b>1,86</b>	<b>2,68</b>
Personalkostnader	0,71	0,76	0,79	0,76	0,74	0,72	0,73	0,66	0,52	0,72	0,95
Andre driftskostnader	0,97	0,91	0,80	0,82	0,70	0,77	0,70	0,44	0,64	0,60	0,36
Ord.avskrivningar	0,11	0,11	0,14	0,17	0,16	0,16	0,14	0,30	0,12	0,12	0,11
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1,79</b>	<b>1,78</b>	<b>1,73</b>	<b>1,75</b>	<b>1,60</b>	<b>1,65</b>	<b>1,57</b>	<b>1,40</b>	<b>1,28</b>	<b>1,44</b>	<b>1,42</b>
i mill.kr.	26,9	29,6	31,2	35,8	36,9	42,6	45,8	43,8	40,2	48,5	47,9
<b>Driftsresultat før tap</b>	<b>1,35</b>	<b>1,57</b>	<b>1,13</b>	<b>0,89</b>	<b>0,75</b>	<b>0,64</b>	<b>0,42</b>	<b>0,74</b>	<b>0,57</b>	<b>0,42</b>	<b>1,26</b>
Tap på utlån og nedskr.	0,23	0,40	0,34	0,31	0,12	0,19	0,46	0,60	0,14	0,10	0,15
Gruppenedskrivning	0,13	0,05	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Driftsresultat</b>	<b>0,99</b>	<b>1,12</b>	<b>0,79</b>	<b>0,58</b>	<b>0,63</b>	<b>0,45</b>	<b>-0,04</b>	<b>0,14</b>	<b>0,43</b>	<b>0,32</b>	<b>1,11</b>
Ekstraord.inntekter/kostnader	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Skattar	0,28	0,30	0,18	0,10	0,18	0,08	0,06	0,04	0,10	0,06	0,18
<b>Totalresultat</b>	<b>0,71</b>	<b>0,82</b>	<b>0,61</b>	<b>0,48</b>	<b>0,45</b>	<b>0,37</b>	<b>-0,10</b>	<b>0,10</b>	<b>0,33</b>	<b>0,26</b>	<b>0,93</b>

Kapitaldekning i %	13,57	16,33	19,44	17,42	17,70	16,68	15,49	17,76	16,56	16,98	17,50
Eigenkapital i % av forv.kap	8,34	9,70	9,03	8,34	7,44	6,91	5,86	5,92	6,40	6,52	7,00

Kostnad i % av ord.driftsinnt.	50,58	55,14	62,85	72,11	76,23	78,23	71,78	73,37	75,64	81,57	75,10
Eigenkapitalrentabilitet e.sk	7,49	8,37	6,21	5,68	5,65	5,10	-1,50	1,67	4,92	4,08	4,08
Resultat pr. eigenkapitalbevis e.sk	9,61	9,24	7,27	6,08	5,94	5,32	-1,53	1,71	5,17	4,14	17,08
Kurs/forteneste	10,61	12,77	18,16	21,05	21,04	20,68	-45,75	41,81	11,80	9,90	2,40
Totalrentabilitet e.sk	0,71	0,81	0,62	0,48	0,43	0,37	-0,10	0,10	0,33	0,29	0,94

<b>Årsverk pr. 31.12</b>	<b>29,8</b>	<b>32,6</b>	<b>33,8</b>	<b>34,8</b>	<b>38,2</b>	<b>39,1</b>	<b>40,0</b>	<b>39,8</b>	<b>39,3</b>	<b>38,3</b>	<b>37,6</b>
--------------------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------

# TILLITSVALDE I INDRE SOGN SPAREBANK



## Tillitsvalde i Indre Sogn Sparebank

### Forstandarskapet

#### KOMMUNEVALDE

MEDLEMER		VARAMEDLEMER			
John N Melheim	12/15	Å	Aleksander Øren Heen 12/15	Å	
Anne Kauppi	12/15	Å	Inger Bakken	12/15	L
Anne Inge Nedrehegg	12/15	L			

#### INNSKYTARVALDE

MEDLEMER		VARAMEDLEMER			
Kirsti Eklund	09/12	Å	Niels H. Larsen	12	Å
Martin Andersen	11/14	Å	Bente Kristin Øien Hauge	12	L
Ragnar Sanden	10/13	L			

#### EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

MEDLEMER		VARAMEDLEMER	
Jarle M. Teigen	10/13	Håkon Seim Lysne	09/12
Odd A. Vee	12/15	Gunnleif Haugen	10/13
Henning Lem	09/12		

### FORSTANDARSKAPET

#### VALDE MELLOM DEI TILSETTE

MEDLEMER		VARAMEDLEMER	
Svein Arve Myrland	10/13	Nils Magnus Haukadal	12/13
Malene Ålhus	10/13	Per Åke Evjestad	12/13
Reidun Vikøren	12/15		

### Valkomitear

#### VALKOMITÈ

MEDLEMER		VARAMEDLEMER			
Martin Andersen	12/13	I	Niels H. Larsen	12/13	I
Anne Inge Nedrehegg	12/13	K	Sølvi Hatlevoll Nundal	11/12	EK
Gunnleif Haugen	11/12	EK	Malene Ålhus	12/13	T
Svein Arve Myrland	11/12	T			

#### VALKOMITÈ EK-BEVIS EIGARAR

MEDLEMER		VARAMEDLEMER	
Kjell Audun Læg Reid	12/13	Sissel Buhaug	11/12
Terje Bolstad	12/13		
Ole Magne Hestetun	11/12		

### Leiarverv

Leiar i forstandarskapet:	Kirsti Eklund	12
Nestleiar i forstandarskapet:	Ragnar Sanden	12
Leiar i kontrollkomiteen:	Gunnar Hæreid	12/13
Styreleiar:	Siri Lagmannsås	12/13
Nestleiar i styret:	Leif Åberge	11/12
Leiar i valkomiteen:	Martin Andersen	12
Leiar i valkomiteen EK-bevis eigarar:	Ole Magne Hestetun	11/12

### Råd og utval

#### STYRET

MEDLEMER		
Siri Lagmannsås	11/12	L
Leif Åberge	12/13	EK
Harald Blaaflat Mundal	12/13	L
Siv Enerstvedt	12/13	Å
Janne Dokken - tilsette rep.	11/12	T

#### VARAMEDLEMER

Sonja-Mari H. Atterås	12	
Anita Karlsen Bentås	12	
Per Stadheim	12	
Jorunn Irene A. Nilssen	12	
Arild Røneid - tilsette rep.	12	T

#### KONTROLLKOMITÈ

MEDLEMER	
Gunnar Hæreid	12/13
Mona Nyttun	12/13
Niels H. Larsen	12/13
Inger Molland Bø	12/13

#### VARAMEDLEMER

Sølvi Hatlevoll Nundal	12/13
Knut Rune Bøe	12/13
Sigfrid Eide	12/13
Finn Gram	12/13

### Forkortingar

K = kommunevald
I = innskytarvald
EK = representant eigenkapitalbeviseigar
T = representant tilsette
Å = Årdal
L = Lærdal





INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

[WWW.INDRESOGNSPAREBANK.NO](http://WWW.INDRESOGNSPAREBANK.NO)

[NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO](mailto:NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO)

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen

